

Svalbard – ikkje her, men der palmane er!

Tilhørighet og ambivalens.
Eit studie av 'senior-ungdommen' i Longyearbyen.

Hovudfagsoppgåve
Cato Dørmænen

Våren 2007
Institutt for Geografi

UNIVERSITETET I BERGEN



-Forord-

I arbeidet med denne hovudfagsoppgåva, har vegen framstått som noko lenger enn det kartet viste.

Ein stor takk til min vegleiar Inger Birkeland som har losa meg til rett stad for å få dette arbeidet ferdig. Takk til Eli J. Fosso som sette meg i gang med dette arbeidet.

Takk også til Knut for inspirerande og gode samtalar. Sissel for si ukuelige optimisme som ho til ei kvar tid har latt meg ta del i.

Kåre Henning og Synnøve for å ha delt sine kunnskapar om liv og levnad på 78° nord.

Utan den velvilligkeit og store engasjement som informantane mine har utvist, ville dette arbeidet ikkje ha vore mogleg å setje i hop. Tusen Takk!

Eg må også takke mine foreldre. Dykk har vist meg korleis møte verda med opne auger.

Til Hege og Aune!

Cato Dørmænen

Bergen, 1. juni. 2007.

Innhald

| | | |
|--------|---|----|
| 1. | Innleiing..... | 1 |
| 1.1. | Tema | 2 |
| 1.2. | Svalbard som studieområde..... | 2 |
| 1.3. | Tilhørighet og identitet..... | 3 |
| 1.4. | Problemstillingar | 4 |
| 1.5. | Gangen i oppgåva | 4 |
| 2. | Metode – Innsamling, bearbeiding og bruk av data. | 7 |
| 2.1. | Innleiing..... | 7 |
| 2.2. | Den første kimen til vidare undersøking | 8 |
| 2.3. | Ein teoretisk, epistemologisk presentasjon av kvalitativ metode. | 9 |
| 2.3.1. | Utvål av arbeidsmåtar..... | 10 |
| 2.3.2. | Valg av informantar..... | 13 |
| 2.3.3. | Samtalar og innhenting av lokal informasjon..... | 14 |
| 2.3.4. | Gjennomføring av intervjeta og oppfølgande samtalar..... | 16 |
| 2.3.5. | Eitiske utfordringar..... | 17 |
| 2.3.6. | Anonymisering | 18 |
| 2.3.7. | Eigen biografi som 'middel' til samtalar!..... | 19 |
| 2.4. | Den analytiske verktøykassa. | 19 |
| 2.4.1. | Snakkar vi om det samme?..... | 20 |
| 2.4.2. | Kategoriar eller prototypar?..... | 21 |
| 2.4.3. | Fenomen | 21 |
| 2.4.4. | Analytiske implikasjonar..... | 22 |
| 2.5. | Oppsummering | 24 |
| 3. | Studieområdet Svalbard..... | 25 |
| 3.1. | Kva veit vi om samfunnet på Svalbard?..... | 25 |
| 3.2. | Longyearbyen si plassering | 26 |
| 3.3. | Frå industrisamfunn til familiesamfunn. | 27 |
| 3.4. | Svalbardtraktaten i møte med familiesamfunnet | 31 |
| 3.5. | Longyearbyen i isolasjon..... | 31 |
| 3.6. | Utydelege linjer i kildematerialet | 37 |
| 3.7. | Oppsummering | 38 |
| 4. | Teoretiske perspektiv..... | 39 |
| 4.1. | Innleiing..... | 39 |
| 4.2. | Ungdom. | 40 |
| 4.3. | Stad, rom og kategori. | 44 |
| 4.3.1. | Kva er stad? | 44 |
| 4.3.2. | Forholdet stad og menneske! | 47 |
| 4.3.3. | Den semiotisk kategoriserbare romlighet!..... | 47 |
| 4.3.4. | Teiknet si tolkbarheit!..... | 48 |
| 4.3.5. | Innanfor/utanfor..... | 52 |
| 4.3.6. | Oppsummering | 56 |
| 5. | Analyse av tilhørighet og identitet | 57 |
| 5.1. | Verktøyet i lys av 'senior-ungdommen` | 57 |
| 5.2. | Skilje mellom Svalbard og Longyearbyen?..... | 58 |
| 5.2.1. | Svalbard sett frå ein lokal ståstad. | 62 |
| 5.3. | Opplevelsen av å bu i Longyearbyen | 65 |
| 5.3.1. | Sjeldne begivenheiter. | 65 |
| 5.4. | Ein felles forståelse av Longyearbyen..... | 66 |

| | | |
|--------|---|-----|
| 5.5. | ”Annerledeslandet” | 71 |
| 5.5.1. | Slikt vil vi ikkje ha her!..... | 71 |
| 5.5.2. | Livsløpssamfunn -forventning og tru på annleisheit..... | 75 |
| 5.5.3. | Det mangler et språk her! | 78 |
| 5.5.4. | Reise ”opp” og ”ned” | 80 |
| 6. | Ambivalens og tilhørighet..... | 85 |
| 6.1. | Stad, ambisjon og ambivalens – ein modell !..... | 85 |
| 6.1.1. | Ontologisk sikkerheit?..... | 87 |
| 7. | Oppsummering..... | 93 |
| 7.1. | Tilhørighet til kva?..... | 94 |
| 8. | Litteratur..... | 97 |
| 9. | Vedlegg | 103 |

Figurar

| | | |
|---------|--|----|
| Figur 1 | Svalbard, med utsnitt Longyearbyen..... | 6 |
| Figur 2 | Ei grafisk framstilling av Norsk og Russisk busetjing..... | 28 |
| Figur 3 | Inngangspartiet til bank og postbygg | 34 |
| Figur 4 | Nybyen og strekninga ned mot sentrum..... | 37 |
| Figur 5 | Elitesamfunn i Longyearbyen | 78 |
| Figur 6 | Stad, ambisjon og ambivalens..... | 90 |

Tabellar

| | | |
|----------|---|----|
| Tabell 1 | Folkemengde registrert bufaste etter nasjonalitet pr.år. | 28 |
|----------|---|----|

1. Innleiing

At verda rundt oss er i stadig endring er noko vi etterkvart har begynt å ta innover oss. Eit av kjenneteikna med dei endringane vi har fått spesielt i løpet av det 20. århundre er at verda for oss framstår som mindre. Dette har kome som ein konsekvens av den auka globaliseringa og det Harvey i si tid omtala som "time-space compression" (Harvey, 1989). Framveksten av betre kommunikasjon og dermed også evna til å flytte på seg, er eit forhold som har bidrige til at vi i dag er i stand til å busetje oss på områder som før var forbeholdt å verte besøkt av ekstremt utrusta ekspedisjonar. I Noreg kjenner vi til tradisjonen landet har som den leiane i utforskinga av polare strøk. Ei utforskning som i si tid gjekk ut på å finne nye landområder og å erobre dei to polane nord og sør. I dag lever vi i ei tid der slike erobringar ikkje lenger vert sett på som like ekstreme som dei eingong var. Den teknologiske, økonomiske, industrielle og ikkje minst den transportmessige utviklinga, har gjort oss i stand til å busetje oss på stadar som før var forbeholdt nettopp ekspedisjonar og vesen tilpassa slike strøk.

Svalbard er eit slikt område. Her har vi gjennom dei siste hundrede åra og meir, vore i stand til å busetje oss og drive industriell utvinning av dei resurssane området har å by på. I dag har Svalbard gått frå å være eit "company town" (Kleven, 2001) til å verte eit samfunn med stort sett dei innslaga av tilbod som ein finn andre stadar.

Det er likevel nokre forhold som gjer at Svalbard og Longyearbyen skiljer seg ut i høve til det klassiske biletet vi gjerne dannar oss om små stadar. Svalbard og Longyearbyen har inga opprinnelig urbefolkning (Marstrander, 2000). Longyearbyen som familiesamfunn er strengt tatt ikkje meir enn 30-40 år gammalt. Ein har heller ikkje det ein omtalar som livsløpsbebuarar og generasjonar på Svalbard. Sjanske for at nokon har besteforeldre på Svalbard er relativt små om ikkje heilt fråverande. På tross av betra teknologi og kommunikasjonsmidlar så står Svalbard framleis i ei stilling der innbyggjarane risikerer å verte totalt isolerte frå omverda i periodar. Dei ekstreme naturforholda som preger øyriket er, på tross av moderne fly og isbrytarar, sjølv i dag i stand til å holde desse på avstand ved enkelte høver. I dette samfunnet finn ein likevel familiar som har busett seg. Barnehagar, skular, kino, butikkar, lag og organisasjonar har vakse fram.

I eit slikt samfunn vil ein også kunne gå ut i frå at ein kan finne menneskelige relasjoner. Relasjonar folka som bur der, har til staden dei bur på, og sosiale relasjonar seg i mellom. Eg vil i denne samanheng forsøke å ta fatt i korleis den eldre ungdommen på Svalbard ser på seg sjølve i høve til staden dei bur på.

1.1. Tema

Denne oppgåva handlar om forholdet mellom menneske og stad. Eit av dei sentrale punkta i oppgåva er å undersøke korleis lokalsamfunnet, med sine omgivelsar, vert ilagt meinings- og kjenlse av tilhørighet, av menneska som bur der. Deretter korleis dette meinings- og tilhørighetsutkomet som dei samme menneska konstruerer, er med på å leggje føringar for korleis dei betraktar si eiga omverd og staden dette gir. Kva er det som gjer at informantane mine set Svalbard og Longyearbyen fram som spesielle i forhold til andre stadar?

1.2. Svalbard som studieområde.

Valget av Svalbard som studieområde kom fram etter eit besøk eg hadde der i 1999. Under dette besøket kom eg i samtale med ein person som gav meg innsikt i nokre problemstillingar som var med på å auke mi interesse for korleis ein utviklar tilhørighet til det ein omtalar som staden sin. Beretningane som kom fram, gav meg eit syn på at 'det å høre til ein stad' kan kome til uttrykk på mange måtar. Innsiktene eg fekk ut av dette møtet, var at tilhørighet er noko meir enn å kunne seie at ein er frå ein stad. Eg vart introdusert for beretningar som gjekk på eit ønskje om å høre til, men at i sær det sjiktet i befolkninga som faktisk er vokse opp i Longyearbyen hadde vanskar med å få dette fram. Dei vart omtala som å vere i eit 'ingenmannsland'. Forklaringane knytta til dette, handla om ei kjensle av å mangle ei rekkje referansepunkt opp mot den 'verda' dei meiner eksisterer blant anna på det norske fastlandet. Eg vart fortalt at det i Noreg var enklare å seie kvar ein kom i frå, fordi ein blant anna kunne vise til at ein var født ein stad. Ein kunne vise til besteforeldre, tanter og onklar, og familie for øvrig, som hadde sin opprinnelse frå samme stad som seg sjølv. I Noreg ville ein heller ikkje ha problem med å seie at ein kom i frå 'Voss'. Dei fleste ville tru deg i ein slik samanheng, anten fordi

språket stemte, eller berre fordi det var ein stad folk kjente til. Å seie at ein kjem i frå Longyearbyen eller Svalbard derimot, var verre. Og i tilegg hevde at ein er oppvokst der. Umulig. Svalbard og Longyearbyen vart etter kvart ein arena, der eg fann det heilt opplagt at ein måtte sjå nærmare på kva tilhørighet vert forstått som og korleis denne kjem til syn.

1.3. Tilhørigkeit og identitet.

I den seinare tid finn vi eit stort utval av litteratur og studier som forsøker å setje fokus på ei form for tilhørigkeit til stadar, som utvidar måten ein tradisjonelt har oppfatta dette på. Dei tradisjonelle måtane å tilskrive tilhørigkeit på har endra seg frå skildringar knytta til familieband, slektskap, butid over fleire generasjonar og eiga kjensle av å vere frå ein konkret stad. I vår tid er det ikkje lenger slik at ein ser for seg, erfatar og opplever verda som eit abstrakt, tre-dimensjonalt eller geometrisk kart. I dag er det meir eller mindre intersubjektive og erfaringsbaserte virkeligheter eller verdensfortåelsar, som ofte er i fokus når ein søker å gi forklaringar til samfunnsforhold, så vel som sosiale og relasjonelle forhold (Birkeland red, 2000) Dette må ikkje forståast som at ein ikkje lenger anvender måtar å omtale seg sjølv på som `Vossing` eller `Bodøgutt`. Forskjellen i dag, er gjerne fundert i at ein i større grad vektlegg eigne kjensler og følelsar gitt gjennom sosiale og relasjonelle eigen-forklaringsar i møte med rom og stad.

Temaet som denne oppgåva skal ha sitt utgangspunkt i, vil altså samle seg rundt omgrepa tilhørigkeit, stadkjensle og korleis identiteten vår vert forma, utvikla og gitt mening i lys av staden ein er busett på. I sær ambivalens vert sett i lys av debatten om stadstilhørigkeit, ein debatt som tek for seg kompliserte forhold ved det å høre til ein stad. Eg skal i den samanheng presentere nokre kjente måtar å snakke om tilhørigkeit på, før eg sjølv vil forsøke å finne eit segment for korleis denne oppgåva kan ha ein relevans inn i denne debatten. Eg skal grunngi nokre sider ved omgrepet tilhørigkeit som kan ha betydning for korleis ambivalens oppstår og på kva måte den kan gjere dette.

1.4. Problemstillingar

Den overordna problemstillinga mi, er til ei kvar tid korleis stad med på å gi identitet til eit utval av personar som har si tilknytning der.

I tilknytning til dei tematiske valga eg har gjort, leier dette fram til følgjande problemstillingar:

1. Korleis ser 'senior-ungdommen` i Longyearbyen på staden sin?
- 1.1 I kva grad er staden til 'senior-ungdommen` med på å skape tilhørighet?
2. Kjem det fram motstridande kjensler knytta til 'senior-ungdommen` si tilhørighet til Svalbard og Longyearbyen?

Ei vidare utgreiing, operasjonalisering og presisering av problemstillingane vil verte presenterte og behandla undervegs.

1.5. Gangen i oppgåva

Innleiingsvis i kapittel 2, vil eg gi ein presentasjon av dei metodiske valga eg har føreteke. Det vil kome fram nokre betraktnigar, knytta til kva implikasjonar det gir å arbeide etter dei metodiske valga eg har føreteke.

I kapittel 3 gir eg ein presentasjon av Svalbard og Longyearbyen si historiske utvikling. Med utgangspunkt i overgangen frå å vere eit industrisamfunn, til å bli det ein i Longyearbyen har begynt å omtala som eit familiesamfunn, vil eg gi ein presentasjon av nokre særegne forusetnadar som er med på å leggje føringar for korleis lokalsamfunnet vert skildra og forstått. Særegenheitene som kjem fram i dette kapitlet vil være eit av dei sentrale utgangspunkta som problemstillingane vil ha eit gjenskinn i. Avslutningsvis i dette kapitlet skal eg også kort kommentere nokre utsyn i kildematerialet.

I kapittel 4 gir eg ein presentasjon av kva teoretisk perspektiv som vert gjort gjeldande for den påfølgjande analysa. Dei teoretiske perspektiva vil ha som hovudformål å virke

identifiserande opp mot den empirien som kjem fram. Gjennom eit utgangspunkt som har i seg omgrepa stad, rom, tilhørighet, sosiale relasjonar, meinings og identitet, vil den teoretiske presentasjonen også virke kontekstualisering for å kunne belyse empirien. Målet med teoripresentasjonen er å kunne få fram ei forståing for korleis 'senior-ungdommen' skildrar si livsverd og korleis dette er med på å leggje forutsetnadane for deira eigen måte å betrakte staden sin på.

I kapitla 5 og 6 vert oppgåva sin empiri presentert. Tolkningane tek utgangspunkt i lange intervju og fleire samtalar eg har hatt med 'senior-ungdommen'. Eg kjem i stor grad til å bruke uttalelsar som er komne fram gjennom intervjeta, men også mykje som har kome fram i etterkant, når eg har møtt dei samme informantane rundt omkring i sentrum av Longyearbyen. Formålet med kapitlet er å la 'senior-ungdommen' sjølv få kome til med sine forståingar og meininger, og gjennom det vinne innsikt i korleis staden vert gitt meinings i lys av å vere ein stad som dei knytta tilhørighet til. I kapittel 6 kjem eg til å ta fatt i ambivalansen som ligg i 'senior-ungdommen' sine meininger og kjensler knytta til Svalbard og Longyearbyen, og forsøke å gi nokre argument som kan vise til at ambivalens også kan ligge i omgivelsane til 'senior-ungdommen'. Studiet vert oppsummert i kapittel 7.

Kapittel 1



Figur 1 Svalbard, med utsnitt Longyearbyen

2. Metode – Innsamling, bearbeiding og bruk av data.

2.1. Innleiing

Eit av mine første møte med omgrepet metode, er fundert i den definisjonen Hellevik gir.

"En metode er en framgangsmåte, et middel til å løse problemene og komme frem til ny kunnskap. Et hvilket som helst middel som tjener til dette formålet, hører med i arsenalet av metode" (Hellevik, 1999, s. 12).

Etterkvart som eg har tilegna meg meir metodisk kunnskap, så har eg ofte vendt tilbake til denne definisjonen for å sjå om den framleis held mål. Trass i at innhaldsstydinga og spekteret av metoder eg har å spele på har utvikla seg, så finn eg at grunntydinga står uforandra. Metode er for meg framleis det arsenalet av framgangsmåtar ein har for å vinne auka innsikt i eit spørsmål eller ei problemstilling.

Når temaet for ei undersøking er valgt, vil eit kvart valg av metode i ettertid handle om korleis ein samlar inn, bearbeidar og anvender det materialet ein hentar inn. Dette vil deretter også legge føringar for korleis det analytiske og teoretiske arbeidet vert utforma, og omvendt. I studiet mitt er hensikta å finne ut korleis eit sett av eldre ungdommar relaterer seg sjølve til staden dei bur på. Gjennom å sjå på korleis dei gir staden meiningslys av si eiga kjensle av tilhørighet, og i kva grad dei byggjer sin eigen identitet knytt til staden eller ei, har eg valgt eit sett av metodar, som ligg i den kvalitative enden av skalaen. Men som Grønmo poengterer "I praksis vil mange kvalitative forskningsopplegg også ha innslag av kvantitative elementer" (Grønmo, 1996, s. 74).

Årsaka til at eg opnar opp dette kapitlet med å kort nemne dei kvantitative metodane er, at eg heilt i startfasen anvendte eit statistisk materiale som ein kilde for kva moglegheiter som fanst for eit vidare datatilfang i Longyearbyen. Eg kjem ikkje her til å behandle forholdet mellom kvalitative og kvantitative metodar, men heller meir kun konstatere eit syn som har utgangspunkt i at den eine metoda ikkje utelukkar den andre. Praksis er ofte at ein anvender ei av metodeformene som ein 'nøkkel' for igangsetjing av eit undersøkjande studie, medan studiet i si heilheit er bygd opp ved hjelp av den andre metodeforma. Ein

statistikar vil for eksempel kunne ty til eit kvalitativt utvikla materiale og i det finne eit utgangspunkt for sine kvantitative undersøkingar. Eg skal om litt kort kome inn på korleis eg har anvendt eit slikt fokus heilt i begynnelsen av studiet mitt. Noko som viste seg å ha ei nesten avgjerande betydning for å kunne setje i gang den vidare "runddansen" (Wadel, 1990) eit undersøkjande prosjekt går inn i. Ein 'runddans` som også eg har fått føling med gjennom mine undersøkingar utførte i Longyearbyen.

I det følgjande skal eg gi ein nærmare presentasjon av det metodesettet eg har anvendt for å kunne gjere den materialinnsamlinga eg har føreteke i Longyearbyen, og kva avvegningar, implikasjonar og tilgang dette har gitt meg. Eg skal også kome inn på dei forskningsetiske sidene ved eit feltarbeid, før eg til slutt presenterer nokre analytiske omgrep som og vil vere sentrale i måten dei virkar på opp mot dei påfølgjande analysekapitla.

2.2. Den første kimen til vidare undersøking

Som tidlegare nemnt, så var kontakta mi med Svalbard første gong av ein tilfeldig karakter. Skilnaden på å være der som nyfiken turist, og til å skulle gjere det om til å verte eit prosjekt for ei nærmare undersøking med eit utval av informantar, innebar nokre umiddelbare problemstillingar. Fanst det i det heile teke eit utval av informantar innanfor det sjiktet eg ville arbeide med?

I prosjektskissa mi var dette eit av dei springande spørsmåla eg ikkje hadde svar på. I denne fasen av arbeidet anvendte eg eit tynt statistisk materiale henta frå Statistisk Sentralbyrå (statistiske årboeker og ein levekårsundersøkelse), heretter berre omtala som SSB¹, samt at eg anvendte ein prosjektrapport utvikla ved Norsk Institutt for By- og Regionalforsking, heretter berre NIBR. Rapporten er i korte trekk ei kartlegging av kva utfordringar Svalbard står ovanfor med omsyn til framtidige veivalg innanfor forvaltning- og kunnskapsutfordringar med utgangspunkt i dagens situasjon (NIBR, 1999). Rapporten inneheld også eit oversyn over befolkningsutviklinga på Svalbard.

¹ Statistisk Sentralbyrå utførte si første levekårsundersøking på Svalbard i år 2000 (Kleven, 2002). Av statistiske kjelder før denne tid sit blant anna Store Norske AS på eit arkiv. Dette materialet har eg ikkje vore inne i, men for ein historikar vil nok dette ha stor verdi.

Etterkvarthadde eg også telefonisk kontakt med ei som arbeidde ved Sysselmannskontoret på Svalbard. Frå ho fekk eg den tilbakemeldinga eg helst ikkje ville ha. Der var inga detaljert oversikt over kva folkesetnad som var busett på Svalbard. Utgangspunktet mitt vart derfor SSB sitt materiale, som gav meg eit tal på kor mange potensielle informantar som var busette på Svalbard ved eit gitt tidspunkt, innanfor ei gitt aldersgruppe. Alderspennet i denne gruppa var breiare enn det eg hadde eit håp om. Men ved å gjere eit overslag og samstille med tallmaterialet i rapporten frå NIBR, så kom eg fram til at dersom 12-16 personar av dei busette var innanfor eit smalare alderssegment og framleis var busette på Svalbard, så ville det kunne være nok for å utvikle undersøkingane vidare. Det aldersegmentet eg plukka ut var personar i alderen 20-25 år, av begge kjønn. Eg ønskete dette alderspennet fordi ein i denne alderen er i ein overgangsfase mellom lausriving og etablering. Ein er ferdig med eventuell vidaregåande utdanning og ein står ovanfor nye valg med tanke på ein yrkeskarriere eller ytterlegare utdanning. Ein er gjerne i ferd med å etablere seg for seg sjølv for første gong på eiga hand. Eit fleirtal er truleg ikkje komne i ein situasjon der dei sjølve er foreldre, men eg rekna med at tankar omkring dette kanskje var tilstades i forhold til samtalar om eiga framtid. Eg har ikkje foreteke nokre valg med hensyn til å skilje mellom kjønn. Fordelinga av kvinner og menn er omtrent heilt lik i datamaterialet mitt. Nokre tema som eg har vore inne på vil kunne spore nokre utfordringar med henblikk på skilnaden mellom mann og kvinne. Eg let i denne samanhengen teksta tale for seg sjølv. Eg har som eit samlande omgrep valgt å kalle utvalet eg set i fokus gjennom studiet mitt for ‘senior-ungdommen’.

Underveis i prosjektutviklinga mi, aktiverte eg eit par personar som eg hadde tiltrу til, med informasjon om at eg muligens var i gang med eit studie som ville foregå i Longyearbyen. Eg tok no ei meir direkte kontakt med desse. Eg fekk no ei ytterlegare bekrefting på at det i Longyearbyen var eit tilfang av folk innanfor det sjiktet eg var interessert i. Dei eg snakka med er godt kjente i Longyearbyen og kunne ut i frå mine spørsmål over telefon, gi meg konkrete opplysningar om kven som var tilstades og ikkje. Den siste nøkkelen for å setje prosjektet ut i praksis var altså på plass.

2.3. Ein teoretisk, epistemologisk presentasjon av kvalitativ metode.

I det følgjande skal eg gjere kort greie for kva ei kvalitativ metode er. Og litt om kva implikasjonar det gir å ha eit fokus retta mot denne metodeforma.

Eg har ikkje gjort nokre kvantitative undersøkingar. Det er fleire forhold som gjer at eg valgte dette bort. For det første vart eg tidleg klar over at der ikkje var eit tilfang av statistisk sikkert materiale å ta utgangspunkt i for ei vidare kvalitativ undersøking. Risikoene vart etter mitt syn derfor stor i forhold til å bruke eit såpass ustabilt statistisk materiale som utgangspunkt for ei vidare undersøking. Eg kunne risikere å bygge ei undersøking retta mot ei relativt konkret gruppe i befolkninga, for så å kome til Svalbard og oppdage at eit slikt sjikt ikkje lenger eksisterte. Ved eit tidspunkt var eg i kontakt med ungdomsskulen i Longyearbyen, der eg fekk vite at det kunne vere eit relativt stabilt tilfang, men eg greidde ikkje å sleppe interessa eg hadde for eit sjikt i befolkninga som var litt eldre og, som i første omgang, såg ut for å vere vanskelegare tilgjengeleg.

Eg har så langt gitt nokre enkle kommentarar på samspelet mellom to ytterpunkt innanfor dei metodiske retningane – kvantitativ og kvalitativ. Eg legg no vekk ei nærmare behandling av samspelet og skilja mellom dei to klassiske retningane, og skal frå no av gi ein nærmare presentasjon av dei implikasjonar mine metodiske valg fekk, og har fått, i felt. Eg vil presentere det settet av ulike teknikkar og framgangsmåtar som eg har brukt i felt og forsøke å sette datautkomet i kontakt med dei respektive teknikkane. Ein vil til slutt kunne sjå at ein sit igjen med noko som kan minne om eit noko mangfoldig utval av informasjon, som dannar eit grunnlag for vidare analyse, som eg kjem attende til i dei seinare kapitla.

2.3.1. Utval av arbeidsmåtar

Denzin og Lincoln (1994) gir følgjande beskriving av kvalitativ metodikk; "Qualitative research is multimethod in focus, involving an interpretive, naturalistic approach to its subject matter." (Ibid, s. 2), og vidare; "This means that qualitative researchers study things in their natural settings, attempting to make sense of, or interpret, phenomena in terms of the meanings people bring to them" (Ibid, s. 2).

Det 'multimetodiske' fokuset trer fram på litt ulike plan. Det eine er at ein treng nokre anvendbare teknikkar for å kunne bygge det utgangspunktet ein seinare treng for tolking av datamaterialet. Det andre er at ein også treng ei bevisstheit knytta til det språket og konteksten informantane sjølve anvender i sine beretningar.

Kvale snakkar om det ”halvstrukturerte livsverden-intervjuet” (Kvale, 1997, s. 21). Ei slik intervjuform vert av Kvale definert som ”et intervju som har som mål å innhente beskrivelser av den intervjuedes livsverden, med henblikk på fortolkning av de beskrevne fenomenene.” (Ibid, s. 21). Spørjeguiden min er utforma etter dette prinsippet og hadde derfor struktur av å gjelde meir som ein førar, med opning for tillegg og utelatelsar, framfor å vere ein stringent mal. I begynnelsen av spørjeguiden vektla eg ei kartlegging av informanten, før eg deretter gjekk inn i litt generelle forhold knytta til Longyearbyen og Svalbard. Hovuddelen av spørjeguiden sette fokus på ulike emne, der eg i størst mogleg grad lot informanten sleppe til. Intensjonen var å la informanten sjølv få ta stilling til dei ulike emna og anvende sin forståelse og oppfatning av kva dei innebar. Eg vektla å unngå ei normativ styring av korleis informanten forholdt seg til dei ulike emna. Bruk av leiande spørsmål, omgrep med fagspesifikke betydningar og mine eigne holdningar og verdiar i møte med informantane sine uttalelsar, vart etter beste evne forsøkt lagt til side av meg.

Kravet ein slik framgangsmåte stiller til meg som intervjuar er ei bevisshet rundt informantane sin eigen språkverden. I samtalane og intervjeta er evna til å setje seg inn i måten informantane anvender metaforar, analogiar og eit språk knyttta til lokale kontekstar, avgjerande for den vidare forståinga av kva som vert sagt. I dei tidlegaste intervjeta var ein del av arbeidet å klargjere ein del av språkbruken til informantane undervegs i samtalane. I praksis betydde dette at eg undervegs i samtalane og intervjeta, hadde ein form for ‘indre dialog’ med meg sjølv, der eg identifiserte kva informanten snakka om. Etter kvart som eg fekk plass ei auka innsikt i dei lokale kontekstane vart det også lettare å gjenkjenne kva informantane snakka om. Resultatet var at eg fekk ‘satt’ forma i intervjeta, og fokuset knytta til sjølve samtalane gjekk fint.

Etter ei tid i Longyearbyen hadde eg sjølv teke i bruk litt av den lokale måten å uttrykkje seg på. Dette letta arbeidet mitt i intervjustituasjonane. Flyten i intervjeta gikk lett og informantane hadde eit stort engasjement opp mot emna som vart tekne opp. At eg no bedre forstod den lokale konteksten, både språkleg og også korleis dei ulike emna vart sett på, gjorde at eg turde å spørje litt sterkare om holdning og verdi. Eg opplevde ikkje at nokon følte dette som ubehageleg. Eit tema skilte seg likevel litt ut i denne samanhengen, temaet om utvising og narkotika. Ubehaget gjekk i korheit ut på at dei fleste informantane ikkje gav si eigentlege mening om denne saka før eg hadde mint om teieplikta eg er bunden av. Eit viktig moment i denne samanhengen er at eg ba informantane eksplisitt om

ikkje å bruke namn på dei som eventuelt vart snakka om. Dette fungerte fint og informantene var komfortable med å fortelje sine historier rundt dette emnet, som dei i aller høgste grad var opptekne av. Eg kjem tilbake til ei ytterlegare behandling av dette emnet i analysekapitla.

Arbeidet med å finne dei emna som opptok informantane, setje meg inn i og forstå dei lokale språklege kontekstane, gjorde at eg oppnådde intervju og samtalar i ei laus og ledig form. Etter eit visst antall intervju kjem ein til eit punkt der informasjonen vert gjentakande frå intervju til intervju. I eit studie av bakarar over fleire generasjonar, fokuserer Bertaux og Bertaux-Wiame (1981) på bakarane sin sosiale verden. Den sosiale verda til bakarane vert studert ved at informantane informerer om den avgrensa verda dei er i som bakarar. Fokuset til forskarane er her av ein biografisk karakter, men måten Bertaux og Bertaux-Wiame omtalar dette på er betegnande også for mi eiga erfaring.

”What was taking place was a process of saturation, on it rests the validity of our sociological assumptions. One life story is only one life story. Thirty life stories of thirty men or women scattered in the whole social structure are only thirty life stories. But thirty life stories of thirty men who have lived their lives in one and the same sector of production (here bakery workers) represent more than thirty isolated life stories; taken together, they tell a different story, at a different level: the history of this sector of production, at the level of its pattern of sociostructural relationships. [...] But several life stories *taken from the same set of sociostructural relations* support each other and make up, all together a strong body of evidence” (Bertaux og Bertaux-Wiame 1981, s. 187).

Målet til Bertaux og Bertaux-Wiame var å vinne innsikt i dei sosiale strukturane og relasjonane knytta til det å vere bakar. Kvar enkelt bakar som sosial person var ikkje interessant for forskarane i dette tilfellet, men heller kva bakarane kunne fortelle om eige livsløp knytta til eit bestemt sosialt felt – det å vere bakar. Når informasjonen vert gjenteken er metninga nådd. Eg opplevde etterkvart eit slikt ‘metningspunkt’ og valgte å avrunde antallet intervju til å vere totalt 12.

Ei anna årsak til at eg også valgte å avslutte no, var at kvart enkelt intervju tok lang tid å få i stand. Tilfanget av informantar i Longyearbyen innanfor ‘senior-ungdommen’ var til ei

kvar tid variabelt. Eit standard svar eg ofte fekk etter eit tips om ein eg kunne snakke med, var at ”ho er tilbake om 10 daga, ho vil garantert kunne gi deg mye info. Og ho stille garantert opp”. Dette var ikkje usant, men tida eg i mange tilfeller måtte bruke på venting gjorde at det samla sett måtte setjast ei grense for kor lenge eg kunne oppholde meg i felt for eventuelt å auke talet på informantar. Med unntaket av ventinga så var det uproblematisk å få informantar til å stille opp. Dei første intervjuet fekk eg i stand gjennom felles bekjente. Eg fekk også nokre tips gjennom kontakta eg hadde med Longyearbyen Lokalstyre. Dette vart av informantane oppfatta som betryggande. Når desse kontaktane var etablert begynte det å rulle av seg sjølv, ved at eg fekk nye tips og nye kontakter for kvar informant eg var i samtale med.

Feltarbeidet, som eg foretok over to etapper, hadde no hatt ei samla varigheit på vel fire månadar. Den første bolken gjennomførte eg i mai og juni 2003. Medan dei to siste månadane gjennomførte eg frå slutten av september til medio november samme år. Det var på tide å vende nasen heim.

2.3.2. Valg av informantar

I feltarbeidet mitt henta eg ut informasjon frå ulikt hald. Dei som eg har tilegna meg informasjon frå, kan delast inn i tre grupper. Den eine er dei som eg har hatt praktisk bistand ifrå. Dette er nokre nøkkelpersonar som har gitt meg mykje av den praktiske informasjonen eg har hatt bruk for. Dei har også i stor grad medverka til å gi meg mykje verdifull bakgrunnsinformasjon knytta til mykje av det som rører seg i Longyearbyen. Samtidig har dei i vesentleg grad fungert som døropnarar for at eg lettare kunne kome inn i den litt lukka arenaen som Longyearbyen kan vere. Eg velgjer å kalle desse for døropnarar, både her og i den seinare analysa. Den andre gruppa er dei eg har intervjuet gjennom avtalar om intervju, desse omtalar eg som informantar. Den siste gruppa er dei som eg har møtt rundt omkring og hatt lausare samtaler med.

Innanfor metodikken har ein nokre faste termer for ei inndeling av kven informasjonen kjem ifrå. Ein talar ofte om informant, respondent og nøkkelinformant. Eg utelukkar ikkje det resterande utvalet av kategoriar ein har å inndele kven datatilfanget kjem ifrå, men finn det mest hensiktsmessig, sett i lys av mine metodar, å holde meg til tre av kategoriane. Eg velgjer å kalle dei eg har hatt intervju og samtalar med for informantar og dei eg har hatt

som kilder til å kome meg vidare ”backstage” (Goffmann, 1992) for nøkkelinformantar. Det er to hensyn som ligg til grunn for dette valget. Det eine har ein samanheng med den intervjuforma eg har valgt. Ei nærmare utgreiing av den følgjer etterkvart. Det andre er at eg i stor utstrekning har hatt lause samtalar med ei rekke folk i Longyearbyen under feltarbeidet mitt, noko eg også bruker som datagrunnlag for den seinare analysen. For å trekke nokre skiljelinjer mellom dei tre kategoriane, så skal eg likevel gi eit kort bilet av kven dei er. Informantane eg referer til kan delast inn i to grupper, den første er dei som eg har gjennomført intervju av og den andre er dei som eg har hatt samtalar med og stilt spørsmål til, gjennom møter på gata, på kafeen, på tur, i butikken, i hallen og nokre gongar i eit festlegare lag. Innanfor denne kategorien legg eg også lokale institusjonar, og offentlege kontor av ulikt slag. I starten av feltarbeidet nytta eg meg av informasjon gitt av det eg vil betegne som nøkkelinformantar. Eg beholdt kontakta med desse under heile feltarbeidet mitt. For meg fungerte dei som gode hjelparar enten når eg stod fast med tanke på kven, eller kvar eg kunne finne svar på praktiske ting eg lurte på, og ikkje minst med den bakgrunnen dei har i kontakt med Svalbard, så var desse særskilt viktige for å bistå meg til ein tilgang eg ellers enten ville ha vore utan eller i det minste brukt vesentleg lengre tid på å etablere.

2.3.3. Samtalar og innhenting av lokal informasjon

Eit moment eg ser som nyttig i etertid, er at eg har hatt fleire samtalar med folk utanfor det som var mi eigentlege målgruppe. Allereie under første etappe oppdaga eg at dette ville ha ein hensikt. For det første gav det meg mykje kunnskap og innsikt i forhold på Svalbard, som eg ellers ikkje ville ha fått tak i. Konsekvensen av dette var at eg kunne gå meir førebudd og opplyst inn i intervjustituasjonen med dei som var mi eigentlege målgruppe. Eit anna og like viktig moment, var at eg gjennom samtalar med folk som enten hadde eller har hatt ein tilknytning til målgruppa mi, fekk ut gode innspel på sider ved målgruppa mi, som andre hadde synspunkt til og klare meininger om.

Blant fleire, så var ‘Per’ ein av dei som uttrykte skepsis til måten mange innanfor mi målgruppe bevegde seg ut i naturen på, utan å på førehand ha teke eit tilstrekkeleg hensyn til sikkerheita. I tillegg til å være ansatt ved Longyearbyen vidaregåande skule, arbeider ‘Per’ også ved eit foretak i sentrum. Han har ofte kontakt med ungdommen, enten dei kjem med ein eller annan mangel på scooteren sin, eller det berre er for å slå av ein prat. Han

uttrykker bekymring for farane ungdommen utsett seg for når dei reiser på tur ut i områda rundt Longyearbyen utan våpen. Dei under 18 år har det største formelle problemet med dette, grunna lovgivinga på Svalbard. Men også fleire av dei som utgjer mine informantar møter dette problemet i følgje 'Per'. Det er ikkje alle som har våpenløyve i denne alderen heller. 'Per' påpeikar den isolasjonen dette fører til og er vidare oppteken av farane dei unge utset seg for ved å reise relativt langt av gårde med scooter for å stå på snowboard i fjellsidene.

'Per' si beretning var med på å leggje eit betre grunnlag for samtalar i møte med informantane mine. Eg fekk gjennom samtala med 'Per' utlevert sider ved både sikkerheit og isolasjon som eg truleg ikkje hadde fått på same måten om eg kun hadde forholdt meg til senior-ungdommen som informantar. Ved å trekke samtala med 'Per' inn i samtalane med informantane mine fekk eg i gang ein meir reflektert og mindre 'skrytete' versjon av emna som omhandla både isbjørn, kjensle av å være trygg - og isolasjon.

Eit anna moment som er verdt å nemne i forbindelse med 'Per' er at han, som ein av fleire, var med på å kontekstualisere dei beretningane mine informantar kom med. 'Per' vert med på å auke validiteten i fortellingane gjennom å dekkje inn sider ved samme sak, men gjennom litt andre perspektiv enn det dei fleste av mine informantar i utgangspunktet framviste.

Trass i at eg ved slutten av første etappe i felt, ivra etter å setje i gang mine planlagde intervju, valgte eg å vente til neste etappe. Etter litt undersøkingar fann eg ut at dette også var enklare i forhold til tilgangen på informantar. Eg vart fortalt at mange av dei som var innanfor mi målgruppe ikkje var i Longyearbyen ved slutten av mi første etappe. Dei var enten på ferie, opptekne med lange dagar i arbeid, eller på ymse turar rundt omkring på Svalbard. 'Trykket' i Longyearbyen er stort på forsommaren. Det er i slutten av turistsesongen, og dei fleste blir enten direkte eller indirekte påvirkta av den straumen av folk som er på besøk desse fine månadane. Mange nyttar også eiga fritid til å få med seg dei siste moglegheitene til scooter- og skiturar, før snøsmeltinga set inn for fullt. Eg fann ut at hausten ville vere eit betre tidspunkt. Tilfanget innanfor mi målgruppe ville då vere betre og det ville vere enklare å avsetje tid for dei eg ville intervju.

Eg traff likevel mange av dei som var aktuelle kandidatar, før eg sjølv reiste heim i slutten av juni. Vi utveksla nokre avtalar som i si kortheit gjekk ut på ”god sommer, vi sees til høsten, æ e her!”. Dei siste vekene før eg forlot Longyearbyen, brukte eg til å gjere meg endå betre kjent i lokalmiljøet. Eg satte meg også litt grundigare inn i dei juridiske sidene ved Svalbard, både gjennom lesing og også gjennom samtalar med folk eg hadde blitt kjent med så langt. Eg meldte meg også inn i det lokale idrettslaget. Noko som seinare skulle vise seg å ha ei positiv effekt.

2.3.4. Gjennomføring av intervjeta og oppfølgande samtalar

Det kvalitative intervjuet legg opp til ein kontakt med kvar enkelt informant som går noko utover det ein kan sjå på som ei enkel form for ‘eg spør – du svarar` situasjon. Det kvalitative intervjuet er like mykje eit samspel mellom intervjuar og informant, som det er eit mål for å få ut den informasjonen ein er ute etter å belyse. I sær når ein er interessert i å få ut eit mest mogleg truverdig og oppriktig materiale, så spelar intervjuaren si kontakt med, og evne til å skape ei god og avslappa ramme, ei stor rolle for utfallet av intervjuet. I ettertid ser eg at delar av datatilfanget mitt krev ei erindring om sjølve intervjuet, for å greie å setje informasjonen inn i sin rette kontekst. Nyanserte uttalelsar, skifte av måtar å ordleggje seg på, ei refleksiv utvikling av ein tanke knytt til eit tema og den uuttalte kommunikasjonen, var vanleg i dei fleste intervjeta eg gjennomførte. Dette er kommunikasjon som ikkje kjem fram gjennom bandopptakaren. Eg supplerte derfor med kommentarar underveis i intervjuet eller straks eg var tilbake på rommet mitt og gikk gjennom intervjuet. Gode kommentarar å ha både når ein set i gang transkriberinga og ikkje minst når ein skal begynne å bruke empirien.

Med unntak av fire intervju, så brukte eg bandopptakar i dei resterande åtte. Under dei fire første intervjeta brukte eg ikkje bandopptakar. I det første intervjuet gjorde eg ikkje dette, fordi eg først og fremst såg på intervjuet som eit ‘test-intervju’. Fokuset mitt var å sjå om eg hadde truffe med spørsmålstillingane mine, og om eg eventuelt måtte byggje ei betre ramme for spørjeguiden. Informanten eg utførte dette intervjuet på var ei som eg hadde blitt litt kjent med. Gjennom dette intervjuet fekk eg stilt ein del spørsmål, på måtar som eg i utgangspunktet var nesten sikker på ikkje ville ha ein relevans for informantane. Samtidig fekk eg prøvd ut ein del spørsmål som eg hadde ein følelse av ville virke mot sin hensikt ved at dei framfor å opne opp samtalane, heller ville lukke dei. Utfallet av dette intervjuet

var at eg fekk justert spørjeguiden i ei retning eg nesten hadde forutsett, samt at informanten kom med gode innspel på enkelte tema eg burde ta opp i dei påfølgjande intervjuet. Verdien av dette intervjuet med henblikk på informantens sine synspunkt, knytta til problemstillingane mine, er derfor litt mindre. Eg finn det likevel som eit viktig intervju med tanke på å få bekrefta, justert og vidareutvikla spørjeguiden i ei retning som gav meg ein konsensus og betre fokus opp mot dei seinare intervjuet. 'Test-intervjuet' vart altså viktig for å utvikle spørjeguiden i ei retning som både ville gjere det mogleg å betre kome inn på kvar enkelt informant, samt å kunne skape ein heterogenitet ut av den samla mengda av informasjon, innsamla gjennom alle intervjuet sett under eitt.

I dei påfølgjande intervjuet erfarte eg at justeringane eg hadde gjort var gode. Intervjuet fekk ein god flyt og samtalane bar preg av å vere opne og ærlege. Som ein konsekvens av samtalleviljuge informantar, fann eg ut at det var ein fordel å leggje inn nokre pausar i intervjuet. Eg brukte ein kafe som 'base' for intervjuet eg gjennomførte med informantane, og det passa derfor fint med ein pause i kaffebaren når samtalane hadde vart ei stund. Pausene viste seg også å ha ei god effekt for å bryte opp og fjerne det vesle snevet av nervøsitet som av og til kunne ligge hos informanten i møte med meg som intervjuar. Eg opplevde også at det i desse pausane ofte kom fram nyanserte uttalelsar og at informantane korrigerte seg sjølv i forhold til det som var sagt før pauza. Dette gjorde at intervjuet ofte vart lettare etter pauza. Informantane slapp seg meir lause og var modigare både opp mot meg som intervjuar og i forhold til dei emna som vart snakka om.

2.3.5. Etiske utfordringar

Sitatet eg brukar innleiingsvis i dette kapitlet har ein ordlyd som kan framsetje eit sentralt spørsmål. I sitatet heiter det; "Et hvilket som helst middel som tjener til dette formålet ..." (Hellevik, 1999, s. 12). Kva Hellevik sjølv har tenkt når han har utforma definisjonen med ein slik ordlyd, skal frå mi side være usagt. For meg opnar ordlyden for eit spørsmål som trår inn i dei forskningsetiske sidene ved eit feltarbeid.

Eit kvart undersøkingsopplegg som inneber uthenting av informasjon og data frå folk, opnar opp for ei rekke etiske problemstillingar av ulik grad. (sjå f.eks., Fossåskaret 1997, Kvæle, 1997). I ein kvar situasjon der ein beveger seg inn i den private og intime sfære gjennom eit studie, vil ein møte problemstillingar som krev grundige avvegningar med

tanke på informantane sine krav om teieplikt frå den som utfører studiet. Etter som felterbeidet mitt skreid fram, forstod eg at det ikkje berre var viktig å presentere meg sjølv og kva intensjonane mine var. Eg vart også raskt klar over at eg måtte understreke mine krav om teieplikt, når eg skjøna at ein del av emna eg bevegde meg inn på, var av ein slik karakter at den kunne føre til ubehagelege situasjonar for vedkomande, om eg leverte denne informasjonen i frå meg frå informant til informant. Longyearbyen er eit lite og tett samfunn, og eg vart ved fleire høve fortalt historier om ryktespreiing som hadde skapt problem både for ryktespreiaaren og den som ryktet var retta mot. Eg kunne dessutan raskt risikere å miste tilliten, og dermed også tilgangen til informasjon, dersom eg ikkje overholdt meg til krava om presentasjon og teieplikt.

2.3.6. Anonymisering

For å sikre at informantane mine ikkje skal kunne kjennast igjen har eg gitt dei dekknamn. Dette har to hensikter. Det eine er at det ikkje skal være mogleg å kople sitat opp mot enkeltpersonar og på den måten kunne identifisere vedkomande. Det andre er at eg gjennom intervjuha har hatt tilnærmingar inn i den personlege sfæra ved å spørre om personlege meningar, erfaringar og synspunkt. Kvaliteten på mange av desse samtalane hadde nok ikkje vore like god om ei slik anonymisering ikkje vart gjennomført. Vidare gjer eg også ei endring av stedsnamn der desse vert brukt for å lokalisere informantane sine røter og kontakt med stadar, enten det er til det norske fastlandet eller andre stadar. Der eg viser til arbeidstad utelatar eg å nemne konkret stilling og posisjon. I nokre enkeltilfeller vrir eg om på tilhørigheita til arbeidsstad og posisjon for å sikre anonymitet. I enkelte gjengivelsar eg bruker er nokre detaljar utelatne, utan at dette har anna relevans enn at det kan være med på å gi ei mulighet for identifisering i lokalsamfunnet. Enkelte plassar bruker eg korte gjengivelsar utan referanse til namn. Dette har samanheng med at gjengivelsane i hovudsak er henta frå dei eg har hatt lause samtalar med rundt omkring i sentrum av Longyearbyen. Ut i frå samtalene sin karakter og setting, har det ikkje vore naturleg å be om namn i dei fleste av desse tilfella. Gjengivelsane er meir å betrakte som hendingar og samtalar eg har hatt i løpet av felterbeidet og som er komne med i mine dagboknotatar.

2.3.7. Eigen biografi som ‘middel` til samtalar!

Ei av utfordringane undervegs i eit feltarbeid, er å greie å kome i kontakt med dei ein sokjer å hente informasjon frå. Det vil vere ein skilnad alt etter kva metode ein nyttar. Ei spørjeundersøking der ein nyttar eit skjema for avkryssing har ei anna grad av involvering frå intervjuaren enn i ei undersøking der intervjuaren har som mål å setje i gang informanten til ei samtale med det som formål å få fram mening, kjensler og refleksjon. Som ‘Gunnhild` uttrykker det: ”... det kunne gå sport i å lure alle de tusen spørreskjeman vi har hatt opp gjennom åran, ... , men det virker mer som du leter etter mening og oppfatning, og da e jo det ikke noe vits i å lyve”. Litt tidlegare i dette intervjuet har samtala vår gått litt inn på kva eg leitar etter i studiet mitt, og vi har ei samtale der eg fortel litt om dette. Det er då ho kjem inn på alle spørreskjemaene som dei tidlegare berre har fått tilsendt, utan å ha noko preferanse til personane som har laga dei. ‘Gunnhild` fortel at ho ikkje kan erindre og ha snakka med ein som meg tidlegare. Ho fortel at det er første gongen ho sit i ei direkte samtale med ein som ”vil vite ting om hva vi mener og tenker” og at berre det, er inspirerande og spennande i seg sjølv.

Wadel gjer nokre betraktingar i forhold til det å gjere eit feltarbeid i det han omtalar som ”sin egen kulturkrets” (Wadel, 1990, s.18). Omsynet ein får, med tanke på at ein i ein slik situasjon også dels studerer si eiga virkelighet, vil vere medvirkande for korleis dataene til slutt ser ut. Er dei for eksempel for sterkt prega av intervjuaren si eiga livsverd? I all si korheit så vil bevisstheita rundt eiga rolle og status kunne ha ei avgjerande betydning både for korleis ein kjem i kontakt med informantane, og også kva informasjon det er med på å produsere. Eg vektla å leggje min eigen bakgrunn godt til sides i intervjuua. Eg arbeidde hardt for å halde fokus retta mot informantane si livsverd og halde min eigen moral og oppfatning for meg sjølv. Resultatet var at eg ofte vendte tilbake til rommet mitt, heilt utslikt av å halde eit fokus gjennom eit heilt intervju. Intervju som i snitt varte oppunder to timer.

2.4. Den analytiske verktøykassa.

Sett i lys av mine problemstilligar vil det være eit sett av omgrep som er meir framtredande enn andre med tanke på korleis eg finn fram til det datamaterialet eg er ute etter.

I denne bolken av metodekapitlet – vil eg reflektere rundt nokre analytiske omgrep som ein må ta hensyn til, både i forhold til korleis dei vert nytta undervegs i intervjuet – og også litt om kvifor og korleis omgrepa er viktige i den vidare analytiske bearbeidingsa.

2.4.1. Snakkar vi om det samme?

Ein kvar intervju situasjon vil innehalde nokre termer, kategoriar, hermeneutiske og kognitive forhold. På den eine sida vil intervjuaren ha si forståing av den livsverda han skal undersøkje. Samtidig vil ‘målet’ vere å kome nærmare inn i informantane si livsverd, som også er skapt gjennom måtar å kategorisere den på. Når desse to rollene (intervjuar og informant) møtest i ei intervjuform som tek utgangspunkt i samtalen, så vil ei av utfordringane, i sær for intervjuaren, vere å ‘vite’ om informanten snakkar om dei emna (fenomena) intervjuaren ønskjer å finne ut av. Vi skal altså inn i ein søken etter å finne korleis informantane sine personlege erfaringar og tolkingar av sin eigen omverden og livsverden vert sett fram. Ley (1997) viser til at stadar alltid er meiningsfulle for oss. I det legg han at stadar alltid vil vere objekt for eit subjekt. Meininga som staden har, vært reflektert gjennom subjektet, både i form av tankar og gjennom å ha eit formål. Ein kan finne meiningsforskjellar på tvers av subjekta avhengig av formålet staden vert gitt, men der vil likevel oppstå ei dominerande mening knytta til staden. Denne meinингa vert i sin tur spegla av subjekta, men ofte i ein tilstand der dette framstår som noko ein tek for gitt. Målet er altså ikkje berre å kome seg bak scena, men også å kome seg inn i informantane si livsverd. Omgrepet livsverd viser til den altomfattande horisonten for det individuelle og kollektive liv, og vert vidare definert som ei setting for kvardagslivet slik det vert sett gjennom måten ein definerer det kulturelt romlige og tidsmessige (Peet, 1998).

Allereide på intervjustadiet vil det altså vere av betydning å ha ei formeining om korleis ein analytisk må behandle den informasjonen ein får ut. Informasjon som vil innehalde element av det ein kan kalle for ein ‘tatt-for-gitt-dimensjon’ i livsverda til informantane, sett gjennom både metakommunikative og kommunikative forhold i tilknytning til samtalane og det som kjem fram gjennom dei.

2.4.2. Kategoriar eller prototypar?

Vår livsverd inneholder korleis vi sansar, oppfattar og gir mening til våre omgivelsar. Det vi til ei kvar tid omgir oss med av lys, fargar, lukter og lydar er med på å skape ei livsverd som vi orienterer oss etter i møte med andre. Korleis vi i dette møtet formidlar vår subjektive livsverd, er avhengig av korleis vi kategoriserar og kognitivt uttrykkjer oss. (Aase, 1997).

Det første omsynet ein møter, er å forstå korleis informantane sjølve kategoriserar si eiga livsverd. I ei slik fase vil forskaren møte utfordringar som går på å få ei forståing av om informanten snakkar om det som studiet tek siktet på å belyse.

Aase foreslår vidare at der kategoriane vert for stive i forhold til å fange sider ved måten vi tenkjer på, kan vi tale om ein prototyp (Aase, 1997). Prototypen kan fungere som ein oppmjuknar av dei noko stive grensene ein gjerne har lett for å sjå for seg ved å setje tenkning inn i kategoriar. Der kategoriane kan omtalast som ein måte å tenkje enten-eller på, så vil ein gjennom å snakke om ein prototyp kunne tilføre ein både-og dimensjon. Prototypen vert altså ei form for idealisering av ein ting, tilstand eller utsegn, som er tenkt å ha eit meaningsinnhald. Eit noko dristig eksempel kan vere å ta stilling til følgjande; ein kan til dømes ikkje seie at ein er 'litt gravid'. Ein er enten 'gravid' eller 'ikkje gravid'. Det er derimot noko anna å seie at 'det er kaldt'. Eg forsøker ofte å kle opp son min, fordi 'det er kaldt' ute. For han sin del er det tvert i mot 'varmt', resultatet er at vi sjeldan blir enige. No er heller ikkje enighet poenget i denne samanhengen. Poenget er at vi har ulike måtar å kategorisere hendingar og ting på, og ein objektiv referanse er i mange tilfeller ikkje mulig å oppdrive. Prototypen kan slik forståast som ein førar for korleis observasjonane kan kategoriserast, når det ikkje let seg gi korleis ein skal setje observasjonane inn eit klart avgrensa system – men at det heller er grader av mening knytta til det enkelte fenomen som er det sentrale.

2.4.3. Fenomen

"Phenomenology is the study of our experience - how we experience" (Smith, 2003), og vidare;

"In phenomenology, experience is always *of* something, always refers to something beyond itself, and therefore cannot be characterized independently while, similarly, objects cannot be characterized as a separate external world" (Peet, 1998).

Dei metodologiske omgropa som skal inn her, skal fange det kommunikative og metakommunikative aspektet ved empirien. Altså korleis empirien vert tolka og ved hjelp av kva slags omgrep. Omgrep forstått som perspektiv. Eg skal forsøke å gi nokre kommentarar til korleis ein gjer ei kopling mellom fenomen og erfaring.

Omgrep som 'metaforar', 'analogiar' og 'symbol' er sentrale med tanke på korleis informantane konstruerer sin erfaringsverden og livsverden. Når informantane si livsverd vert forsøkt forstått av ein intervjuar, vil det i utgangspunktet oppstå to tolkningsnivå. Det første er korleis informantane tolkar sine omgivelsar og erfaringar. Det andre er korleis intervjuaren gjer sine tolkingar av dette igjen. Det vert med andre ord mi oppgåve å avgjere kva informantane snakkar om. Dette gir nye utfordringar. Ikkje berre skal eg forsøke å få fram kva det er informantane snakkar om, eg får også ei utfordring i å tolke det som vert sagt i tråd med dei omgropa informantane sjølve bruker. Det er deira versjon som skal fram og ikkje min. Dette vil på mange måtar 'ramle' ned til ei felles utvikla forståing mellom informant og intervjuar. Intervjuaren har likevel eit fortrinn i at han kan identifisere og klargjere samanhengane ved hjelp av sine faglege termer. I tilfellet der ein talar om ein konsensus og felles forståing mellom informant og intervjuar vil dei hermeneutiske termene vere sentrale. Den 'doble hermeneutikk' vil kunne setjast fram som ein måte og vise til, ikkje enighet, men ei lik forståing og konsensus knytta til dei erfaringane og kjenslene ein har snakka om. Fenomena vert med andre ord kontekstualisert i samspelet mellom informant og intervjuar og deretter lagt fram i eit lys gjengitt av forskaren.

2.4.4. Analytiske implikasjonar

Studiet mitt legg opp til å seie noko om korleis eit sett av personar erfarar staden dei oppheld seg på. Dette inneberer nokre analytiske implikasjonar. Fokuset vil vere på den einskilde si oppfatning og meining, framfor å finne ei generaliserbar og objektiv forklaring på kva Svalbard er. Det er rimelig å vente seg at eg vil kunne finne ein viss heterogenitet i det meiningsutkomet som kjem fram. Gjennom å gripe til måtane mine informantar anvender språk og kategoriar, og gjennom det - korleis dei dannar si oppfatning av

Svalbard i lys av sine erfaringar, vil eg etterkvart kunne seie noko om korleis Svalbard vert gitt ein forståelse og tilhørigheitsfølelse sett frå deira ståstad. I den tilnærminga eg har valgt kan det vere naturleg å spørje seg om det ikkje vil vere eit studie med mangel på objektive referansar som ein kan ty til i ettertid. Vil det vere mogleg å etterprøve mine konklusjonar i lys av mine metodar? Til dette kan eg svare at målet med studiet er ikkje å hente ut ei sanning om kva Svalbard er. Målet er heller ikkje å seie eksplisitt at ‘slik er senior-ungdommen på Svalbard’. Målet er å kunne spele på den enkelte sine meningar, forståelsar og erfaringar. Essensen frå mi side er å høre deira versjon av kva Svalbard er og kva dei sjølve meiner dette gjer med deira livsverd. Eg har forsøkt å få fatt i dette på deira eigne premissar.

Alveson og Sköldberg gir oss nokre gode refleksjonar å tenke med i denne samanhengen. I ein søken etter å vise koplingane mellom sanning og virkelighet, viser dei til det dei omtalar som det ”trilaterala sanningsbegreppet” (Alveson og Sköldberg, 1994. s. 35). I all kortheit omhandlar dette at ein forutan å tenke korrespondanse, forstått som sanne/falske forhold mellom utsagn og virkelighet, også må ta inn forholda meining og anvendelse/pragmatisme som dimensjonar for eit sanningsbegrep. Skilnaden mellom desse tre formene kan lettast illustrerast ved å vise til måten ein stiller spørsmål på, knytta til dei tre dimsjonane for sannheit. Som Alveson og Sköldberg sjølv skriv, ”vad motsvarar detta?” viser til korrespondanse og ”hur kan det användas?”, som viser til anvendelse/pragmatisme, og til slutt ”vad betyder det?” som viser til meining (Ibid, s. 36). Det er samtidig viktig å presisere at desse tre sanningsdimensjonane, eller formene for objektivitet, ikkje er gjensidig utelukkande for kvarandre. Tvert om, så er det i eit studie ofte eit samspel å finne mellom desse tre formene for sanning. Ein kan derimot ha ei ‘vekting’ mot ei av formene framfor den andre.

Hjelpebiddelet eg har anvendt er å gripe til emner og tema i samtalane og intervjuia, som informantane sjølve er opptekne av eller omgir seg med i det daglege. Nokre av emna har hos informantane mine ikkje vore ‘fremst i panna’ når vi har starta samtalane, men likevel har dette resultert i mange gode og reflekerte samtalar, etterkvart som samtalane har skride fram. Temaene og emna som eg etterkvart brukte i intervjuia og samtalane, er eit utval av fleire tilgjelege tema. Vala av desse emna er gjort med utgangspunkt i det arbeidet eg la ned i første del av feltarbeidet mitt. Nokre av emna forkasta eg ganske raskt, medan andre

hadde virkning. Dette speglar ikkje noko anna enn at det for meg, var avgjerande at premissane for samtalane i størst mogleg grad skulle liggje hos informantane.

2.5. Oppsummering

Eg har i dette kapitlet gjort greie for, og sett fram ulike sider ved dei metodane eg har arbeidd etter. Eg har presentert dei meir tekniske sidene ved eit feltarbeid, og vist til nokre av dei utfordringane ein står ovanfor både ved oppstart og vidare utvikling av tema, så vel som dei intervjuia ein ønskjer å utføre. Eg har deretter vist litt av sidene ved det å ta i bruk kvalitative metodar som tilnærningsmåtar og til slutt har eg gjort nokre refleksjonar rundt dei analytiske implikasjonane ein får, knytta til det å anvende kvalitative metodar i lys av mine problemstillingar.

3. Studieområdet Svalbard.

3.1. Kva veit vi om samfunnet på Svalbard?

"Det er vel ingen som bor på Svalbard, sånn egentlig! Er det ikke bare forskere og noen gruvefolk som er der oppe!?" Slike og liknande utsagn var vanleg å høre, både i tida før eg reiste i felt, men også etter at eg var kome heim og kom i snakk med folk om kvar eg hadde vore. I tida etter feltarbeidet har det vore eit auka fokus på Svalbard gjennom mediene. Medan eg var på feltarbeidet mitt var produksjonen av NRK programmet "Livet er Svalbard" i full gang, og enkelte har nok fått med seg denne serien som vart sendt på NRK ikkje lenge etterpå. Kjennskapen til Svalbard har kanskje auka litt som ein følgje av det auka mediefokuset dei siste åra.

Eg skal no gi ein presentasjon av Svalbard som studieområde og ser det som naturleg å berøre dei sidene ved Svalbard som er relevante for måten 'senior-ungdommen' viser til kva Svalbard er. Eg skal her presentere grunnlaget for det som seinare skal vere med på å vise korleis informantane interakterer i samspelet med Svalbard si historie, staden Longyearbyen og det dei ser på som særskilte forhold ved å bu i Longyearbyen. Samt det og ha Svalbard som sin tilholdsstad for sosial og relasjonell utforming. I dette kapittelet er hensikta å gi ein presentasjon av Svalbard og Longyearbyen frå eit de facto utgangspunkt. Eg byggjer presentasjonen ved hjelp av litteratur og rapportar utgitt om Svalbard, og ved hjelp av eige datamateriale henta undervegs i felt. I kapittel 5, vil eg la informantane mine kome til orde, både med henblikk på det som kjem fram her, og også med sine utfyllande kommentarar og forståelsar av korleis Svalbard og Longyearbyen er, i deira auger.

Svalbard si historie er viktig for mine informantar. 'Senior-ungdommen', som eg har valgt å kalle dei, representerer eit sjikt av bebruarane på Svalbard som kan betraktast som den første generasjonen som har hatt sin oppvekst på Svalbard. Dei har enten vore busette i Longyearbyen frå sine første levedagar, eller dei er komne dit i heilt ung barnealder, og vore busette der sidan.

3.2. Longyearbyen si plassering

Svalbard arkipelet består av fleire store øyer. Den største av dei heiter Spitsbergen og det er her vi finn det meste av dagens bebyggelse på Svalbard.

Longyearbyen er geografisk plassert på austsida av Isfjorden inne i ein sidefjord som vert kalla for Adventfjorden. Sentrum av Longyearbyen er plassert ved utgangen av eit dalføre, Longyeardalen, som vender i nordleg retning. Innerst i Longyeardalen støter ein på to brefall som kjem ned frå kvar sin kant av dalbotnen. Den eine er Larsbreen i aust og den andre er Longyearbreen i vest.

I dag er det som kan kallast for tettstadar plassert langs austsida av Isfjorden på det vestlege Spitsbergen. Eit stykke sør-vest av Longyearbyen finn ein Barentsburg, som er den einaste gjenverande russiske tettstaden på Svalbard. Inntil 1998 hadde russarane ein tettstad også på nord-austsida av Isfjorden. Denne var kjent for å vere særskilt godt drifta og hadde fasilitetar og infrastruktur som låg langt framme i forhold til dei klimatiske og til tider ekstreme forholda ein står overfor på Svalbard. Russarane valgte å byggje ned sin aktivitet på Svalbard gjennom 90-talet, og i 1998 vart Pyramiden, som denne tettstaden heiter, endeleg fråflytta og nedlagt (Holm, K. 1999). I dag er Pyramiden eit turistmål for dei mange som vil sjå restane av denne `byen`. Ein hadde for eksempel eit stort idrettsbygg med 25 meter symjehall i Pyramiden, og det ligg framleis store mengder med bøker og andre skrifter igjen, i det som var eit stort biblioteket.

Det er berre Longyearbyen og Barentsburg som står igjen som tettstadar i dag, og som kan omtalast som familiesamfunn. I 1996 vart Barentsburg ramma av ei tragisk flyulykke, der 141 menneske omkom. For dei fleste er denne ulykka blitt kjent som flyulykka på Operafjellet, namnet på fjellet som flyet styrt inn i. Sterkt prega av ulykka, valgte russarane ein periode å ikkje sende familiarar til Barentsburg. Eit år seinare vart Barentsburg på ny ramma av ei alvorleg ulykke. Ei eksplosjonsulykke i ei av gruvene i Barentsburg medførte at totalt 23 menneske omkom (Holm, K. 1999). Russerane arbeider framleis med å finne ut av korleis dei vil drifte Barentsburg i åra som kjem. Per i dag foregår det ikkje noko vidare utbygging av Barentsburg. Dette skuldast dels dårlig økonomi og at dei heller vil investere i Coles Bay, eit område med friske forekomstar av kull. Tanken er at dei, i framtida, vil opne opp Coles Bay og fortsatt bruke Barentsburg som utskipingshavn. Ein av

konsekvensane rundt usikkerheita som ligg knytta til russerane si vidare satsing på Svalbard er at det i periodar fram til år 2004, ikkje har vore små barn i Barentsburg.

Dei andre stadane med busetting, Svea, Ny-Ålesund, Hornsund og Isfjord Radio (også omtala som Kapp Lineè), er ikkje å regne som tettstadar, men består av pendlande gruvearbeidarar, forskrarar og bevertning som dekkjer opp for besøk i turistsesongen.

3.3. Frå industrisamfunn til familiesamfunn.

Går ein attende til seint 60-talet og inn på 70-talet, finn ein at Longyearbyen framleis var eit samfunn med få eller ingen innslag av familiekonstelasjonar. Longyearbyen var eit mannsdominert gruve- og industrisamfunn. Frå 70-talet og framover kom det ei gradvis utvikling av det som etterkvart har utvikla seg til eit familiesamfunn. Opninga av flyplassen i 1975 er for mange eit vendepunktl. Ein heilårs flyplass, i kombinasjon med utvikling av lokal infrastruktur og utbygging av tjenestetilboda, har vore med på å forme Longyearbyen til eit familiesamfunn ikkje langt frå slik ein kjenner tettstadar av samme størrelse i Norge (Arlov, 2003).

Folketal før og no.

Ei kort oversikt over folketalsutviklinga i Longyearbyen viser at ein dei siste tiåra har hatt ein relativt kraftig vekst i antall fast busette². I samme tidsrommet, ser ein at russarane har hatt nesten ei halvering av antall bebuarar. Eg har teke med polsk buseting i oversikta. Dette er gjort kun for å illustrere at det ikkje er fast buseting av noko tilsvarande størrelse på Svalbard anna enn det som er representert frå norsk og russisk side. Den polske busetinga har vore relativt fast over mange år og utgjer polske forskrarar som har opphold på forskningsstasjonen Polska Stacja Polarna ved Hornsund, heilt sør på Spitsbergen. Med nokre få års unntak, har denne forskningsstasjonen vore i drift med fast personell sidan 1957/58.³

² Tala er hefta med usikkerheit då dei er ulike frå kilde til kilde. Ref. Rapport utgitt av SSB, NIBR og SSD. Eg har i tabellen brukt tal henta frå Svalbardstatistikk 2007. Tala er også her usikre, ref SSB. Dette har blant anna samanheng med at Statistikkloven ikkje vart innført på Svalbard før 1.1.2007.

³ Sjå f.eks: www.Cruisehandboka.npolar.no. Johansen (red). Og også Holm, K.


| Årstal | 1995 | 1996 | 1997 | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 | 2002 | 2003 |
|---------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Norsk | 1218 | 1230 | 1335 | 1438 | 1476 | 1475 | 1552 | 1570 | 1562 |
| Russisk | 1679 | 1604 | 1482 | 1149 | 939 | 893 | 903 | 950 | 918 |
| Polsk | 9 | 10 | 10 | 9 | 8 | 8 | 9 | 9 | 9 |
| Total | 2906 | 2844 | 2827 | 2596 | 2423 | 2376 | 2464 | 2529 | 2489 |

Tabell 1 Folkemengde registrert bufaste etter nasjonalitet pr.år.

Kilde. SSB

Dei siste åra har kinesiske forskarar hatt lange og årlege opphold på Svalbard. Men dei er framleis ikkje å rekne som bufaste, og ein har heller ikkje noko data på kor mange dei er. Det bruker derimot å være ei gruppe på 20-25 personar totalt, som har opphold på den kinesiske forskningsstasjonen i Ny-Ålesund.

I følge Sysselmannen på Svalbard er det i dag (mars 2007) ca. 2075 fastbuande i Longyearbyen. Til samanlikning er det i underkant av 500 personar (mars 2007) som bur i Barentsburg, no også ein del barn.



Figur 2 Ei grafisk framstilling av Norsk og Russisk busetjing

Frå Statleg drift til Lokalt sjølvstyre

Frå 1960-talet og utover begynte ei tid i Longyearbyen si historie som var med på utvikle Longyearbyen til det familiesamfunnet vi ser i dag. På 60-talet vart det opna for at ”nøkkelpersonell” (Arlov og Holm, 2001, s. 33) i Store Norske Gruveselskap kunne ta med seg ektefelle og barn til Longyearbyen. Dette var først og fremst meint som eit rekrutteringstiltak, og ikkje som eit ønskje om å etablere eit familiesamfunn. Konsekvensane var likevel at ein fekk eit stadig stigande antall familiar med barn i Longyearbyen. Dette krevde tilrettelegging av nye velferdstilbod og infrastruktur retta mot barnefamiliane. Der Store Norske tidlegare hadde vore einerådande i utviklinga av Longyearbyen, i samarbeid med den norske stat, såg ein no eit behov for nye organ som kunne ivareta interessene til beboarane i Longyearbyen (Arlov og Holm, 2001). Det tidlegare Velferdsrådet, og som namnet seier, eit velferdsorgan som var implementert i Store Norske utan reell styringsmakt, vart no erstatta av det som var første kimen til det som var eit forsøk på eit frittståande organ med sjølvstendig styringsmakt.

Svalbardrådet:

Det stedlige Svalbardråd vart stifta i 1971. Svalbardrådet var eit folkevalgt organ og fekk som oppgåve å være initiativtakar og talerør for saker som angikk lokalbefolkninga, både opp mot lokale (Sysselmannen og Store Norske Gruveselskap) og sentrale myndigheiter. Organet vart tildelt begrensa forvaltningsmyndigkeit, som blant anna tildeling av løyver for drosjer, rutebil og skjenkeløyver, og var i si tid beståande av 15 medlemmer (Arlov, 2003, Arlov og Holm red 2001).

Svalbard Samfunnsdrift AS

I 1989 vart Svalbard Samfunnsdrift AS gjort operativt. Som regel vert det omtala som SSD. Fordi Svalbard ikkje er organisert som eit fylke eller ein kommune, er ei rekkje oppgåver som normalt vert ivaretakne av kommunane på fastlandet, utførte av og tillagt til SSD, som er eit heileigd statleg aksjeselskap underlagt Nærings- og handelsdepartementet.

Kapittel 3

Blant anna så var oppgåvene å annlegge og ettersjå veg, vann, kloakk og energiforsyning, samt ta seg av ein del sosiale tjenester, som drifting av barnehage og ungdomsklubb i tillegg til kulturelle oppgåver som bibliotek og kinodrift.

Svalbardrådet og SSD var altså å betrakte som to ulike organ med kvar sine oppgåver.
Svalbardrådet som eit rådgivande organ og SSD som eit driftsorgan.

Hausten 1996 vart det sett i gang eit arbeid med å utrede ei ytterligare utvikling av Longyearbyen som lokalsamfunn. Frå sentralt politisk hold vart det sett ned eit mandat som skulle arbeide med å utbetre ein demokratisk styringsmodell for Longyearbyen inkludert Svea. Styringsmodellen ein hadde som målsetting å få på plass, skulle blant anna ha som hensikt å gi lokalbefolkinga moglegheiter for auka demokratisk innflytelse i lokalsamfunnet⁴.

Longyearbyen Lokalstyre

Etter fleire år med utredningar, høringar og debattar fekk ein i 2002 på plass det som i dag er Longyearbyen Lokalstyre. Svalbardrådet skifta no namn til Longyearbyen Lokalstyre. Lokalstyret fekk utvida politiske og demokratiske funksjonar. SSD vart overført i si heilheit og underlagt Lokalstyret med dei samme funksjonane som før, men no med skifte av eigarskap. All tidlegare aksjekapital tilhøyrande SSD, vart no overført til Lokalstyret. Ein del av tankegangen er, at ein på denne måten har oppretta eit sterkare lokalt forvaltningsapparat med ei lokal plassering, etter modell som kan samanliknast med ein kommune slik vi kjenner det. Ein har fått lokale politiske valg og større lokal styringsevne⁵

⁴ For ytterligare innsikt i denne prosessen kan ein også sjå i St.meld. nr. 9 (1999-2000) Svalbard.

⁵ For utfyllande lesing om lokaldemokratiet i Longyearbyen kan ein sjå i hovudfagsoppgåva til Bente E Willumsen, "Lokaldemokrati på 78° nord" og Arlov T. B og Holm A. O. "Fra company town til folkestyre"

3.4. Svalbardtraktaten i møte med familiesamfunnet

Svalbard var inntil 1920 eit terra nullius i bokstavleg forstand. I 1925 fekk ein fullført siste akt av Svalbardtraktaten slik ein grunnleggande sett kjenner den i dag, og Svalbard vart gjennom kongelig resolusjon av 14. august 1925 offisielt underlagt Norsk Suverenitet. (Ulfstein, 1995). Utviklinga som fulgte medførte ei innføring av norsk straffelov, knytta til opphold, næringsaktivitet og ressursutnytting på Svalbard. Svalbardtraktaten er i dag underteikna av totalt 41⁶ medlemsland. Dette betyr at Svalbard er internasjonalisert i den tyding at alle dei underteiknande medlemslanda, også har rettigheter til virksomheit og opphold på Svalbard (*ibid.*)⁷. Det er i utgangspunktet fritt fram for næringsinteresser og enkeltpersonar frå desse medlemslanda å søkje om tildeling av eit `utmål`, enten for næringsdrift eller busetjing. Forvaltningsmyndighet for slike søknadar er styrt av Norge, representert på Svalbard gjennom Sysselmannen. Det er strenge restriksjonar for slike tildelingar og opning av nye områder for ressursutvinning.

Ei side ved Svalbardtraktaten som har direkte virkning for dei busatte og besøkande på Svalbard, er at heile Svalbard er underlagt norsk strafferettsleg lovgivning. I utgangspunktet er lovgivninga slik vi kjenner den her på fastlandet, men der er også nokre særreglar som er nedfelt i eiga lov om Svalbard - Svalbardlova. Den er med på å regulere særskilte bestemmelser med tanke på opphold, personrett, eigedomsrett. Også bestemmelser knytta til Longyearbyen Lokalstyre er nedfelt i Svalbardlova.

3.5. Longyearbyen i isolasjon

Transport

Det er i dag ikkje andre transportmoglegheiter enn fly for å kome seg til og frå Longyearbyen. Det finst ikkje noko regulært tilbud for reiser via sjøvegen. Det å kome seg til og frå fastlandet kan derfor i periodar vere ei utfordring. Ikkje sjeldan er flytrafikken

⁶ Talet på medlemsland er hefta med usikkerheit. Dette har samanheng med korleis ein tolkar Svalbardtraktaten.

⁷ For ei djupare innsikt i Svalbardtraktaten og dei juridiske forholda, samt Svalbard si historie og utvikling, kan ein sjå i bøkene til Ulfstein, G., Arlov, T. B. og Holm, A. O., samt Barr S.

enten sterkt forsinka, eller den kan bli kansellert i lengre periodar grunna vanskelege værforhold. Mange av dei bufaste i Longyearbyen er derfor vant med å måtte utsetje reiser, enten dei skal i møter på fastlandet eller dei skal på planlagde ferieturar.

Medisinsk behandling

At transporten til og frå Longyearbyen til tider kan vere vanskeleg, har også virkning for sikkerheita ved ulykker, sjukdom og fødslar. I dag har ein eit sjukehus i Longyearbyen. Dette kan samanlignast med ei akuttmedisinsk legevakt. Personellet består av tre legar, ein tannlege og eit sammensatt team av spesialiserte sjukepleiarar. Det er likevel ikkje lagt opp til at ein kan ta avanserte konsultasjonar, operasjonar og fødslar ved sjukehuset. Sjukehuset har heller ikkje faste sengepostar som er i stand til å dekkje opp eit lengre sengeleie ved alvorlege ulykker og sjukdom. I praksis er sjukehuset lagt opp til å kunne stabilisere og akuttbehandle pasientar før ein transporterar dei med fly, oftast til Tromsø. Ved fødslar er det samme reglar som gjeld. Dei fødande må reise til valgfri stad på fastlandet i god tid før nedkomst. Det er framforhandla avtalar med flyselskapa om at dei fødande kan få vere med på flygningane heilt fram til to veker før fødsel, så lenge det er eit normalt svangerskapsforløp. I praksis velgjer mange å reise ned ei stund før dette, og er ofte borte eit par månader før dei returnerer til Longyearbyen med den nyankomne. Sjukehuset er i stand til å ta i mot fødslar dersom det er akutt og påkrevd, men reglane tilseier at ein ikkje skal føde på Svalbard.

Ein debatt som har pågått dei siste åra, er at ein i Longyearbyen ikkje har hatt eit tilbod retta mot psykisk sjukdom. Først det siste året har det kome på plass ei løysing som er med på å dekkje opp for akutte situasjonar. I praksis innebær dette at ein psykolog kjem opp til Longyearbyen frå fastlandet ved behov. Utover dette vert eventuelle pasientar rekvikert til behandling på fastlandet. Det er heller ikkje eit sosialkontor i Longyearbyen. Eit interessant aspekt ved dette er at regelen om umyndiggjering og nedsending av personar med psykiske lidingar framleis er gjeldande, som ein del av grunnlaget for utvisning⁸.

⁸ Ref. Svalbardlova og FOR 1995-02-03 nr 96.

Lokalt bevegelselsrom

I og rundt Longyearbyen er det totalt ca. 50 km med vegnett (Brekke, 2001). Då er alle vegar medregna. Det er ingen vegforbindelse mellom busetjingane. Skal ein til Barentsburg må ein enten reise med scooter eller, når isen ikkje er ei hindring, med båt. Sommarstid er det satt opp båtrute mellom Longyearbyen og Barentsburg med avgangar fleire gongar i veka. For å kome seg til Ny-Ålesund kan ein også ta båt på sommarstid. Det eksisterer i tillegg ei småflyrute mellom Longyearbyen og Ny-Ålesund. Dette er derimot ikkje eit tilbod som er satt opp for å kunne anvendast av det generelle publikum. Det er først og fremst forskrarar og arbeidarar som har prioritet ved desse flygningane. Det er forholdsvis lett å setje seg inn i at ein ikkje har det heilt store området å bevege seg på - i og rundt Longyearbyen. Som 'Anna' uttrykker det, "man kan liksom ikke bare hive seg i bilen og ta en tur til neste sted for å besøke kjente".

Med våpen og scooter på tur

Eit av særtrekka ved Svalbard og Longyearbyen er dei hensyna ein må ta når ein skal bevege seg på tur utanfor bebyggelsen. På den eine sida møter ein områder som er strengt regulerte med tanke på ferdsel og gjesting. Svalbard er regulert på ein måte som legg høge mål for bevaring og fredning av både kulturminner, så vel som naturområda med sine miljø. Yngle- og hekkeområder for sjødyr, isbjørn og fugl er mange stadar regulert med ferdsselsforbod i periodar, eller gjennom heile året. Enkelte stadar med rike kulturminner er også beskytta ved hjelp av ferdsselsforbod heile året. Virgohamn er ein slik stad. Her finn ein restar etter dei mange ballongferdene som vart gjennomførte i begynnelsen av 1900-talet. Dei siste erobringane av nordpolen skulle gjennomførast og blant anna Andree var ein av dei som brukte Virgohamn som base for si ballongferd (Bjerck, 1999). Bygningsmassane som står igjen frå denne perioda er av stor historisk verdi og er freda gjennom Svalbardmiljølova⁹, og ferdsselsforbod med søknadsplikt for besøkstillatelse er eit av virkemidla som er tekne i bruk.

⁹ LOV 2001-06-15 nr 79

Det andre hensynet ein møter når ein vil utanfor dei bebygde områda, er hensynet til sikkerheit. Det er ei kjent sak at ein på Svalbard har isbjørn. Å bevege seg ut på tur innebærer derfor at ein må ha med seg, samt å kunne anvende eit våpen. Dette krev rett alder, våpenkunnskap og evne og vilje til å ta våpenet i bruk, dersom det skulle være nødvendig i eit ublidt møte med isbjørn. Ein del episodar dei siste åra, med dramatiske utfall, har gjort at fokuset på dette har auka. Sysselmannen tilrår alle å bære våpen i det dei beveger seg utanfor dei bebygde områda. Når ein beveger seg rundt i Longyearbyen sentrum er det vanleg at ein møter på folk med våpen. Enten er dei i ferd med å reise på tur eller dei er på heimveg. Mange av butikkane og hotella har våpenskap, der det er meint at ein skal setje frå seg våpenet sitt når ein er innom. Sysselmannen har regulert ferdsel med våpen innanfor bygrensene, men ein har likvel ikkje greid å unngå episodar av både tragisk og komiske utfall. Det er ikkje lenge sidan ein måtte setje opp skilt på inngangsdøra til posten og banken om at det er forbode å ta med våpen inn i desse lokala.



Figur 3 Inngangspartiet til bank og postbygg

Foto: Kåre Henning Mo

Internasjonalt miljø og stor ”turnover”

Longyearbyen har dei siste åra opplevd eit auka innslag av utanlandske borgarar i byen. Per i dag er det rundt 40 nasjonalitetar representert i byen¹⁰. For det meste er det forskarar og studentar ved Universitetet i Longyearbyen som utgjer mangfaldet av ulike nasjonalitetar. Ein har utover forskarar og studentar, også representantar frå nasjonar som er bufaste, blant anna ei gruppe Thailendarar som har busett seg i Longyearbyen dei siste åra. I dag utgjer Thailendarane den største gruppa av andre nasjonar med bufaste i Longyearbyen, forutan nordmenn. Av tal eg har henta ut frå Sysselmannen kjem det fram at dei utgjer omlag 64 personar. Utover dette finn ein svenskar, tyskerar, danskar, australiarar, sveitsarar med meir, som er bufaste. Mange av desse driv eiga næringsvirksomheit, eller dei er tilsette i lokale foretak som Store Norske og Spitsbergen Travel.

I forhold til stadar av liknande størrelse på fastlandet, opplever Longyearbyen ei større `gjennomstrøyming` (inn og utflytting) av folk enn det som er vanleg. Tall frå dei siste år viser ei gjennomsnittleg gjennomstrøyming på omlag 19 prosent for perioda 2002-2006¹¹.

¹⁰ Ref. Sysselmannen, Longyearbyen Lokalstyre. Årsrapportar

¹¹ Ref. Sysselmannen, Longyearbyen Lokalstyre. Årsrapportar



Figur 1. Longyearbyen.

Kilde: Svalbard Samfunnsdrift 1999



Figur 4 Nybyen og strekninga ned mot sentrum.

Foto: Synnøve Haga

3.6. Utydelege linjer i kildematerialet

Ei av dei store utfordringane eg har møtt i arbeidet med å setje fram dette kapitlet, er dei mange usikre kildene. Det er mange gode kilder å ty til dersom ein er ute etter å lese om Svalbard si omfattande historie attende i tid. Når det kjem til behovet for å finne kjelder knytta til folketal, busetting, alderssamansetningar i befolkninga, næringsvirkomheit og vidare, så er desse betona med stor grad av usikkerheit og variasjonar frå kilde til kilde. Ei av årsakane er at ein ikkje har hatt noko innsamling av slike data som går bakover i tid. Statsistisk sentralbyrå hadde si første levekårsundersøking på Svalbard først i 2001. Frå lokalstyret får eg opplyst at det vert arbeidd for ei styrking av eit statistisk oversyn knytta til det som gjeld Svalbard. Blant anna er Statistikklova gjort gjeldande på Svalbard frå og med 1. januar 2007. Andre aktørar som sit på materiale er blant anna Sysselmannen, Store Norske, Lokalstyret, Longyearbyen Sjukehus og Norsk Polarinstitutt. I mange tilfeller er materialet her ikkje ordna oversiktleg. Eg kjenner til at mykje arbeid er i ferd med å bli gjort knytta til dette. Store Norske har blant anna flytta alt sitt materiale til Tromsø, der det er i ferd med å bli ordna og katalogisert.

3.7. Oppsummering

Slik eg har presentert Svalbard og Longyearbyen her, så er det gode grunnar til å tenke seg at dei forholda som råder over øyriket, med sin isolasjon, noko spesialiserte lovregulering, naturen og dei noko særeigne samfunnsstrukturane forøvrig, så vil ein kunne tenke seg at dette også har ein virkning på korleis folket som bur der interakterer i lag med dette. Arlov (2003) viser også korleis dei historiske forutsetnadane som ligg både til Svalbard og Longyearbyen er befesta med ei komplisert og broket fortid. I Arlov sin eigen diskusjon, knytta til kva perspektiv han skal velgje når han skal skrive Svalbard si historie, uttrykkjer han vanskane med dette gjennom blant anna å vise til at Svalbard ikkje er ein nasjon. Som han sjølv seier, ”Svalbard var ikke – og er fremdeles ikke – noen nasjon eller noe land (annet enn i geografisk betydning), og har bare helt nylig utviklet egne politiske organer i tradisjonell forstand” (Arlov, 2003, s. 17). Han stiller seg skeptisk til å velgje det han kallar for eit ”innenfra-perspektiv” (Ibid, s. 21), fordi det først er i vårt eige århundre at Svalbard har hatt ein heilårsaktivitet av betydning. At ein derfor skal sjå på Svalbard frå eit lokalt perspektiv vil, slik Arlov ser det, vere eit for smalt perspektiv. Ein kan ikkje sjå Svalbard sine begivenheiter og utvikling som lausrivne frå det europeiske fastlandet. Arlov kan muligens ha rett i dette. Arbeidet han begir seg ut på er trass alt å gi eit historisk bilet av Svalbard gjennom tidene. Det er likevel eit punkt eg meiner han overser, trass i at han følgjer Svalbard si historie heilt opp til det 21. århundre. Det er at ein på Svalbard dei siste 30 år og vel så det, har fått framvekst av ein generasjon som kan omtalast som den første generasjonen som har vokse opp på Svalbard.

4. Teoretiske perspektiv.

4.1. Innleiing

I dei to foregåande kapitla har eg presentert Svalbard og Longyearbyen. I kapittel 2.0 viste eg til dei metodane eg arbeidde etter under feltarbeidet mitt. I kapittel 3.0 har eg gitt ein presentasjon av Svalbard og Longyearbyen i eit de facto lys og brukt ein del kildemateriale som viser korleis andre skriv om og vektlegg kva som rører seg av historie, samfunn og utvikling på Svalbard og ikkje minst i Longyearbyen. I det forrige kapitlet har vi fått eit innblikk i at det i Longyearbyen ligg føringer for måten staden er regulert på, som ligg litt utanfor den samfunnsstrukturelle oppbygnaden vi vanlegvis er kjent med. I kapittel 5 skal eg gå nærmare inn på desse forholda i lys av korleis informantane mine anser dei i forhold til måten dei forklarar Longyearbyen. Gjennom metodekapitlet vart vi også litt kjent med enkelte av føringane som i Longyearbyen skiljer seg ut i lys av det 'vanlege'. Dette gav meg metodiske implikasjonar som gjorde at eg måtte rette eit meir refleksivt fokus inn i samtalane mine. Dette har eg vist ved å vise til ein tilnærningsmåte som Aase snakkar om. Observasjonane må setjast inn i kategoriar som peikar tilbake på den dei er gitt av.

Eg har tidlegare vist korleis eg har nærma meg livsverda til mine informantar, gjennom metodane eg anvendte for å møte dei på eiga heimebane, feltarbeidet i Longyearbyen. Vi skal no over på neste nivå, det Hylland Eriksen beskriv som det etiske (Hylland Eriksen, 1996). Hylland Eriksen presiserer at "det etiske nivået ... ikke må forveksles med etikk!" (Ibid, s.38). Det etiske nivået handlar i all kortheit om forholdet mellom omgrevsapparatet gitt av dei 'innfødte' gjennom si lokale tilhørigheit, og måten dette vert omsett og abstrahert på, gjennom forskaren sine analytiske termer. Tilværelsen slik den framstår, gjengitt og skildra gjennom dei lokale sine auge vert forstått som det emiske nivå. Når forskaren kjem på bana med sitt analytiske omgrevsapparat, vert det emiske nivået 'løfta' inn i ei verd, der forskaren bekler det emiske nivået med eit analytisk omgrevsapparat. "Det 'innfødte' perspektivet er med andre ord emisk, medan forskaren sitt perspektiv – der han bruker egne ord og egne betraktningsmåter – er etisk" (Ibid, s. 38). Sagt på ein annan måte kan ein tale om ei tolka fortolkning eller med Geertz sine ord "the understanding of understanding" (Geertz, 1983). Det er altså no eg skal bekle beretningane som mine informantar kjem med, i eit perspektiv som høyrer heime i den vitskaplege tradisjon.

Eg skal derfor opne med å gi nokre teoretiske perspektiv som vil vere gjeldande i dette kapitlet, og som vil kome igjen, eller i det minste henge med i dei påfølgjande kapitla. Eg vil i neste kapittel byggje opp med ytterlegare teori, og på den måten byggje eit komplimentært bilde opp mot siste kapittel. Der vil eg gjere ei samantrekking av det heile, presentere nokre utfyllande analyser og til slutt kome med nokre konkluderande betraktnigar.

Teoriane eg presenterer, er altså meint å virke som eit verktøy for å setje beretningane til mine informantar inn i eit rammeverk for tolkning og bearbeiding. Teoriane eg anvender, vil som eg allereie har nemnt, kome fram suksessivt. La oss like godt gå i gang med ein kort presentasjon av dei teoretiske perspektiva som er behjelpeleg for å belyse første problemstilling.

4.2. Ungdom.

Eg har så langt gitt nokre enkle presentasjoner av kven informantane er. I det følgjande skal eg gi ytterlegare begrunningsar for kvifor eg har valgt å rette fokus mot dei vi allereie har blitt introdusert for.

Gjennom eit utval av forskning retta mot ungdom finn ein at segmentet av ungdom som er studert, ligg i dei litt yngre alderssjikta enn det eg har valgt å ta fatt i. Gjennom Fosso sitt arbeid med ungdom i Årdal (Fosso, 1997) vert vi kjent med korleis ungdommen velger identitet og tilhørighet til sosiale grupper. Med utgangspunkt i avgangselever frå den vidaregåande skulen, argumenterer Fosso for at valg av utdanning handlar om valg av livsstil og identitet. Ho viser vidare at det eksisterer to ulike ungdomsgrupperingar i Årdal. Den eine, som tolkar staden som eit ”arbeidernes sted” (Ibid, s. 329), er dei som tek allmennfagleg utdanning og dermed levnar Årdal lita moglegheit som ein stad å vere med tanke på eiga framtid, som ein stad å få seg arbeid og som ein stad å busette seg. Den andre er dei som tek yrkesfagleg utdanning. Med bakgrunn i samme oppfatninga av Årdal (arbeidarens stad), meiner dei at det vil vere lettare å få seg arbeid etter endt utdanning. Staden er altså å forstå som meir meiningsfull for dei som tek yrkesfagleg utdanning enn for dei som tek allmennfagleg utdanning. Val av utdanning er altså avgjerande for framtidig valg av livsstil og identitet, og vidare – valget er basert på kva staden har å tilby

den som skal velge. Fosso har sett på denne valgprosessen inn mot industri- og næringsutvikling, og gjennom det, utsiktene for eiga yrkes-, familie- og bustadsframtid. Ut av dette har ho blant anna analysert ulike strategiar ungdommen tyr til, med bakgrunn i valga dei står ovanfor og valga dei tek (Fosso 1997). Eit slikt valg kan, slik eg tolkar det, også overførast til stad i ein vidare forstand. Fosso sin tilnærningsmåte er kontekstuell i betydninga av å vere orientert mot Årdal sine rammebetingelsar for utvikling av eigen identitet og framtid i lys av kva staden har å tilby av arbeid og utdanning.

I Longyearbyen er ungdommen eg har intervjua ferdig med vidaregåande utdanning. Dei er alle i inntektsgivande arbeid og med eitt unntak har samtlege det ein kan kalle for eiga husholdning. Ein informant bur framleis heime med sine foreldre, dei resterande er etablert i eigne leiligheter. Tre av dei er sambuande. To er i etablert parforhold, medan ein bur i lag med ein kamerat. Dei resterande bur for seg sjølv enten i leiligheter eller hybelleiligheter.

”Endring, men ikke brudd” (Paulgård, 1997) er del av overskrifta i ein artikkel som Paulgård presenterer i eit arbeid der ho har sett på ungdom som veks opp i eit kystsamfunn der det har foregått store endringar og omstillingar dei siste ti-tjue åra. I studiet vert det fokusert på den oppveksande generasjonen som kjem bak den etablerte foreldregenerasjonen med røter i fiske- og industribedriftene i kystsamfunnet. Paulgård viser til Ziehe som seier at modernisering inneberer at ungdom vert frisatte frå tradisjonell kultur og autoritet. I lys av dette ser Paulgård på korleis ungdommen som er etterkomrar av dei tradisjonelle livsformene (fiske- og industri), velgjer å reorientere seg i møte med nedgangstider og omlegging av dei respektive livsnæringane. Studiet er altså retta mot ungdom som har, ”ikke bare vokst inn i arbeidet gjennom deltaking i dette, de har også fått en forankring i denne livsformen” (Paulgård, 1997, s. 136). Vidare viser ho til at desse ungdommane har andre valgmogleigheter når det gjeld utforming av eiga livsform enn det ein hadde tidlegare, og at dette er mogleigheter dei også benyttar seg av. Der Paulgård har teke utgangspunkt i ungdommen i eit kystsamfunn og sett på det ho blant anna kallar for ”frisetting eller kulturell kontinuitet?” (Ibid, s. 133), så kan det trekkast nokre parallellear til senior-ungdommen i Longyearbyen. Forskjellen er at senior-ungdommen eg har retta fokus mot, ikkje er etterkommarar av eit livssamfunn med den ensidigheita som Paulgård viser til ved å sjå på kystsamfunnet i Honningsvåg. ‘Senior-ungdommen’ som dette studiet fokuserer på, er etterkommarar av ein generasjon som kom til Svalbard for å bekle ulike

stillingar som har vore i Longyearbyen sidan midten av 70-talet og vel så det. Dei er etterkommerar av ein foreldre-generasjon som har hatt eller har arbeid på flyplassen, i gruvene, som handelsfolk, som lærarar, som helsearbeidarar, som guidar og innanfor forvaltning og som kokk/bakar og barnehagertilsett. Mange av desse yrkesvegane er komne til Longyearbyen i takt med den utviklinga staden har hatt dei siste 20-30 åra. Poenget mitt er at 'senior-ungdommen' representerer første generasjon av 'innfødte' i Longyearbyen og perspektiva eg veljer, er å belyse dei gjennom er å sjå kva dette gjer med deira eiga livsverd i relasjon til staden dei bur på. Frisettinga som Paulgård viser til, vil i mine studier handle meir om kor vidt staden er attraktiv og meiningsfull, framfor å fokusere på staden si evne til overleving i eit økonomisk perspektiv. Som dei fleste av mine informantar uttrykker det, her representert ved 'Laila'; "Det manglar ikke noe materielt her og penga e det nok av, så lenge man vil jobbe". Med det materielle meiner 'Laila' at ein har det ein treng for å klare seg i kvardagen. Det er med andre ord mindre sannsynleg at det er dei økonomiske forholda som er viktig for 'senior-ungdommen' si grad tilhørigheit.

For senior-ungdommen i Longyearbyen handlar det også mykje om valg. Men valga kjem til uttrykk gjennom andre tilnærmingar og refleksjonar enn det Fosso og Paulgård har teke fatt i. Gjennom problemstillingane mine ligg det implisitt at eg ikkje har lagt opp til eit studie av ungdom spesielt. Valget av ungdom som utgangspunkt for mine problemstillingar er gjort med bakgrunn i at desse representerer eit sjikt av befolkninga i Longyearbyen, som har ei fortid lang nok til å kunne gi betraktnigar om korleis Svalbard er, og har vore, i eit litt lengre perspektiv. Gitt at dei representerer ein første 'innfødt' generasjon.

Eit anna poeng er at 'senior-ungdommen' sjølve, ikkje vil jamstillast med dei mange som går eller har gått vidaregående skule i Longyearbyen, og som ofte har komt dit i nettopp den samanheng. Dei har enten blitt med sine foreldre til Svalbard som ledd i eit "eventyr" (Kleven, 2002), eller dei er komne til Longyearbyen kun for å ta vidaregåande utdanning som ein alternativ plass til eigen heimstad. Kleven poengterer i levekårsundersøkelsen at dei fleste (foreldre) kjem til Svalbard for å oppleve eventyr. 'Einar' og fleire av informantane kjenner til dette, men som 'Einar' poengterer; "Ja, vi har jo fått med oss det der, men æ skjønne ikke helt hvem de har snakka med. Æ ble i hvert fall ikke intervjua og mange av de som er i samme situasjon ble det heller ikke. Det stemme jo for mange, men æ vet i alle fall om at de som har vert her like lenge som meg, de ble ikke spurt i den undersøkelsen. Og det vet æ, for vi e ikke mange, og vi har jo snakka om det der!".

Det 'Einar' sikt til er at mange foreldre gjerne har planlagt eit opphold på Svalbard i mange år og funne det rimeleg å gjere det medan barna er i rette alder for å kunne gå enten ungdomsskule eller vidaregåande skule. Det er også ein del elevar som kjem til Longyearbyen utelukkande for å gå vidaregåande skule der. Desse bur ofte for seg sjølv på hyblar rundt omkring i sentrum. Mine informantar er representantar for dei som har ei lengre historie på Svalbard. Dei har også valgt å bli igjen etter fullført vidaregåande skule. Dei fleste har enten planlagt vidare utdanning, eller gir uttrykk for at høgre utdanning er noko dei etterkvart har planar om eller lyst til å skaffe seg. 'Einar' uttrykkjer vidare at mange på han sin alder føler seg gløymt og forbigått av dei undersøkingane som har vore gjort tidlegare. Og som han sjølv seier, "det virkar som ingen forstår at vi er en gjeng som er oppvokst her oppe!"

Fosso gir ei rekkje defineringar av ulike generasjonar av blant anna ungdom. Ho problematiserer generasjonsperspektivet ved å vise til at ein for smal definisjon, slik vi for eksempel omtalar 50-talsgenerasjonen, 68-generasjonen osv., vil vere å tvinge omgrepene inn i nokre grenser som fører til ei behandling av ei gruppe mennesker som eit taksonomisk kollektiv. Ein utvida definisjon som gir grunnlag for ei nærmare konstituering vil vere av betydning når ein skal gjere samstillingar av ulike meiningar, praksisar og strategiske valg opp mot ein stad i omstilling (Fosso, 1997).

Eg har allereie snakka om 'senior-ungdommen'. Innanfor dette sjiktet av informantar har eg ikkje lagt opp til å vektlegge, og eksplisitt leite etter, innbyrdes forskjellar og ulikheiter dei i mellom. Hensikta er meir å gi skildringar av Svalbard og Longyearbyen sett gjennom eit utval av yngre bufaste med ein historikk til staden som strekkjer seg lenger enn til eit opphold over det gjennomsnittlege. I følgje Kleven er gjennomsnittleg butid i Longyearbyen på 8 år (Kleven, 2002). I takt med den utviklinga Longyearbyen har gjennomgått dei siste 20-30 åra, vil det også være interessant å høre korleis eit segment av befolkninga som representerer Svalbard si framtid, gjennom å være representantar for det som kan omtala som dei første med ei livslang fortid, ser på staden sin og måtane dei skildrar si eiga tilhørighet. Eg har altså teke eit valg om ikkje å problematisere utvalet av mine informantar inn i ein debatt om generasjon. Utgangspunktet er meir at eg veljer å betrakte informantane mine som ein nyrekutterande tidsbestemt generasjon (Fosso, 1997), som utøver kontakt med det sosioromlige systemet som Svalbard og Longyearbyen

representerer. Eg gir altså mine informantar eit autonomt utgangspunkt. Samtidig vil det kome fram forhold undervegs i dette arbeidet som viser måtar dei omtalar staden sin på, både i eit kontinuitetsmessig og diskontinuitetsmessig lys i kraft av dei omgivelsane dei er ein del av.

Det har vidare vore interessant for meg å sikre eit tilfang av informasjon frå eit utval av informantar som kanskje allereie har teke eit valg om å bu i Longyearbyen. Seniorungdommen som eg har vore i kontakt med, er alle i arbeid. Dei har altså allereie teke valg som set dei i ein situasjon der dei tyr til inntektsgivande arbeid som grunnlag for å kunne bu i Longyearbyen. Valget om Longyearbyen som bustad er også teke. Men korleis 'senior-ungdommen' med bakgrunn i desse valga orienterer seg inn mot staden og korleis tilhørigheita, meiningsdanninga og skildringane av staden kjem til uttrykk, og vidare kva implikasjonar dette har – er det eg har til hensikt å få fram i dette arbeidet.

4.3. Stad, rom og kategori.

4.3.1. Kva er stad?

"Sted er per definisjon en avgrensing av rommet" (Thuen, 2003, s. 11). Slik opnar Thuen innleiinga si i ein artikkel der han gir nokre innleiande betraktingar på stadar, grenser og tilhørigheit. Ein stad sine grenser kan vere relativt eintydige og relativt faste, slik til dømes ei kommunegrense eller eigedomsgrense er. Men grensene kan også vere flyktige og diffuse (Thuen, 2003). Eit av utgangspunkta mine for å studere korleis Longyearbyen og Svalbard vert tilskrive tilhørigheit og meaning er at grenselinjene framstår som diffuse og flyktige, dersom ein grip til tradisjonelle måtar å tilskrive dette på. Det er bortimot ingen som er fødde i Longyearbyen, det er heller ikkje eit livsløpssamfunn i den forstand at ein kan leggje opp til å bu der frå fødsel til død. Som ein konsekvens av dette har ein heller ikkje å gjere med ein stad der ein finn generasjonar over fleire ledd. Ein finn altså ikkje at stadstilhørigheita kan forklarast gjennom den idealiserte forestillinga om 'rotfesting' som eit resultat av tilhørigheit gjennom fleire generasjonar. Det er ingen hus i Longyearbyen som har gått i arv frå generasjon til generasjon. 'Einar' gir oss eit innblikk i dette forholdet. Han fortel at det ikkje er mange år sidan det ikkje var nokon som eigde husa sine i Longyearbyen. "Før når folk var pensjonert eller når dem slutta og jobbe, så måtte dem jo

ned. Det var ingen som eigde husan sine da, så det var heller ingen som kunne bo her. Hadde du ikke jobb, så kunne du ikke bo her. Ganske enkelt!” I samband med dette fortel ‘Einar` vidare om korleis det er no. ”Dem har jo kjøpt huset her no da... For at både ho og vi skal ha noka... da har vi et hus da, og da har vi noka å komme tilbake til”. Han viser til foreldra sine, som kjøpte huset som dei no bur i på begynnelsen av 00-talet.

Det er ikkje lenger nødvendig å ha arbeid for å oppholde seg på Svalbard. Ein treng derimot økonomi for å oppholde seg der. Mange av dei som utgjer foreldregenerasjonen til mine informantar, har etter kvart skaffa seg sjølveigde boligar i Longyearbyen. Som ‘Einar` vidare fortel; ”Mor mi har vært her så lenge nå, dette er vel den plassen ho har bodd lengst på i hele sitt liv, så ho høre vel til her på et vis da. Ho har dessuten ikke noe å reise ned til, så derfor ble huset kjøpt”. Ein har altså fått eit sjikt i befolkninga, representert gjennom dei som var i arbeid frå 70-talet og fram til i dag, som velgjer å etablere seg fast på Svalbard. Dette er fordi dei har vore bufaste i så lang tid, at mange av dei ikkje lenger har ‘røter` igjen på fastlandet. For `senior-ungdommen` vert dette forstått som at foreldra etablerer seg i Longyearbyen med sikte på å leve der til helsa ikkje lenger gjer det forsvarleg.

Sjølvpresentasjon

Eit av dei klassiske kjenneteikna for å kunne tilskrive tilhørighet til ein stad er at vi kan peike på ei lokal dialekt. Ein av dei vanlegaste konvensjonane i vår kultur for sjølvpresentasjon er: eg er ‘bergensar`, ‘moldensar`, ‘tromsøværing`. Ein slik sjølvpresentasjon er gjerne gitt av ei egendefinering sett i lys av til dømes fødestad. Skal ein slik sjølvpresentasjon ha sosial relevans fordrar det ei aktivering av ein relasjonell dimensjon. Ein må altså bli sosialt definert av andre med utgangspunkt i den staden ein vert tilskreve tilhørighet til (Thuen, 2003).

Eit av dei fremste kjenneteikna for ein slik stadstilhørighet er språket, sett gjennom ulike dialekter. Mehlum har gjort eit studie av språket i Longyearbyen i eit forsøk på å finne ei ‘svalbaddirialekt` (Mehlum, 1992). Når ho avslutta dette arbeidet i 1992, konkluderte ho med at ein ikkje kunne snakke om ei eiga ‘svalbaddirialekt` og som ho sjølv skriv, ”Det har imidlertid ikke vært muleg å innhente opplysninger her som har kunnet gi noen ytterlegere

konkretisering eller karakteristikk av denne dialekten” (Mæhlum, 1992, s. 6). Mæhlum vektlegg likevel at det finst nokre særuttrykk som er gjeldande for den norsk arktiske regionen. Nokre av desse særuttrykka skal eg kome attende til etterkvart. Poenget er at ein heller ikkje kan støtte seg til språket, forstått som ei eiga dialekt i Longyearbyen, i eit forsøk på å finne karaktertrekk som er dannande for tilhørigheita. Vi må altså leite etter måtar å sjølvtilskrive tilhørigheit på, som i utgangspunktet ligg utanfor dei forholda eg har nemnt her. Thuen sitt utgangspunkt er ikkje endra av den grunn. Når han seier at ”Hvordan steder defineres i stor grad har å gjøre med hva slags tilknytning folk har til dem” (Thuen, 2003, s. 11), så endrar heller ikkje dette mitt utgangspunkt. Eg må berre leite i litt andre krokar, og med hjelp av litt andre perspektiv, når eg skal få fram korleis ‘seniorungdommen’ i Longyearbyen tilkjennegir si tilhørigheit til staden sin. Eg treng altså eit litt opent analytisk verktøy for å kunne identifisere eit utval av måtar ‘senior-ungdommen’ tilskriv si eiga tilhørigheit til Longyearbyen.

I geografifaget si historie står omgrepa rom og stad sentralt. Tilnærminga til desse omgrepa har gjennom faget sin vitskapsteori vorte gjort på ulike måtar. Tidlegare var fokuset retta mot materielle og konkrete rom, medan ein dei seinare år har fått tilført ein dimensjon som har opna for å sjå rom som sosiale og meiningsfulle storleikar. I dette ligg det at folk skaper stadar ved å tilskrive rom meining. I det foregåande har eg gitt ei kort innsikt i nokre refleksjonar Thuen tyr til for å kunne tale om det sosiale og meiningsfulle rom. Eg skal i det vidare arbeidet halde meg til ein slik måte å betrakte konstruksjonen av stadar på.

Eg skal først gi nokre avgresningar som vil vere behjelpeleg for å belyse korleis ‘seniorungdommen’ i Longyearbyen kan forståast i lys av staden sin og måten dei relaterer denne både til seg sjølv og i forhold til andre stadar.

Eit første steg er å bringe inn eit grunnlag for å kunne sjå samspelet mellom stad og folk. Det neste vert å gi eit innblikk i semiotikken og korleis denne let seg anvende i utforskinga av tilhøyrigkeit til stad. Deretter skal eg ved hjelp av måtar å kategorisere ei romlig livsverd på, forsøke å vise korleis tilhørigheita ein har til stad, også kan skildrast ved hjelp av teoriar som tek for seg måtar vi gjer dette på, ved å vise til måtar vi ofte kan bruke skildringar av oss sjølve, gitt gjennom korleis vi meiner oss sett og oppfatta av andre.

4.3.2. Forholdet stad og menneske!

I ein søken etter å forstå forholdet mellom mennesker og stadar er Sack med på å gi oss nokre grunnleggande innblikk i korleis vi kan betrakte eit slikt samspel (Sack, 1997). Sack viser til at folk skaper stadar og stadar skaper folk. Han gir oss ein måte å sjå forholdet mellom stad og individ som eit dialektisk samspel. Sack viser til stad som ein arena der fysiske trekk, sosiale relasjonar og meiningsmøtest. Desse tre virkar interaktivt som tre grunnleggjande 'virkelegheiter' ein stad vert skapt igjennom. Perspektiva ein ikler dei tre 'faktorane' kan variere. Det han viser er at staden påvirkar sjølv og at sjølvet påvirkar staden gjennom ulike handlingar. Handlingar, som her må forståast som ein påverknad, sett som både ein vekselverknad og ei gjensidigkeit. Dette kjem fram gjennom det dialektiske forholdet Sack viser til, der han talar om det at både staden og sjølvet har i seg element av natur, sosiale relasjonar og meiningsmøtest (Holt-Jensen, 2001). Eg tolkar dette som at stadar kan sjåast på som meiningsfulle og meiningskapande for folk. Stadane er i seg sjølv med på å forme menneska sine sosiale liv, samtidig som stadar representerer noko fysisk og materielt.

Det Sack derimot ikkje seier noko eksplisitt om, er dei semiotiske tilnærmingane som også er med på å gi oss romlige forståelsar. Sack arbeider i ein noko materialistisk tradisjon, og grip lite dei forholda som omfattar dei språklege måtane vi nærmar oss livsverda vår på. Ein måte å få fram dette på er å sjå korleis semiotiske tilnærmingar kan nyttast for å få fram forståelsar av stadar. Ein kort presentasjon av semiotikken kan derfor være på sin plass. Peirce sin modell av den semiotiske triade vil bli henta inn i denne samanhengen, før eg til slutt set Aase sine termer om kategoriar, rom og kognisjon, i samspel med, og som eit vidare utgangspunkt for korleis ein kan ta i bruk semiotikken og fenomena i eit analytisk perspektiv.


4.3.3. Den semiotisk kategoriserbare romlighet!

Semiotikk er teorien om teikn og tyding og den produksjonen av meiningsmøtest som kjem fram ved å studere desse omgrepene. (Dinesen et.al, 1994). Teorien set altså studiet av teikn i fokus og korleis teikna vert gitt meiningsmøtest. Teikn kan definerast som noko som står for noko anna, eller eit uttrykk som står for eit innhald. Semiotikken forsøker å gi til kjenne det ubevisste og konvensjonelle som ligg nedfelt i all kommunikasjon og handling, og vidare

”dei underliggjande kulturelle kodane som bestemmer korleis vi tolkar språklege og ikkje-språklege utsagn” (Heradstveit og Bjørgo, 1996, s. 21). Den kollektive meinингa er altså i fokus og teorien er oppteken av å sjå etter korleis denne er nedfelt og kodifisert i kulturen. Vi kan altså gjennom å tolke aktørane sine eigne kategoriar og meiningsproduksjonen dei tyr til i møte med eit teikn, få ein forståelse for korleis dei ser på seg sjølve og sine handlingar (Fuglestad og Mørkeseth, 1997). Det vil altså gjennom å forstå aktørane sine eigne kategoriar som kulturelle særtrekk vere mogleg å forstå korleis dei gjennom sine sosiale handlingar gir til kjenne tilhørighet til staden sin. Semiotikken er med andre ord eit godt hjelpemiddel for å analysere sosiale handlingar. Peirce, ein av semiotikkens grunnleggjarar, gir oss ein modell som både er anvendeleg og som gir eit godt bilet av denne tankegangen, gjennom det han har utvikla og som er kjent som den semiotiske triaden.

4.3.4. Teiknet si tolkbarheit!

Ei kort framstilling av Peirce si tenkning omkring semiotikken vil vere med på å setje måten ein tolkar teikn og symbol på, i eit klarare lys. Modellane til Peirce gjer greie for korleis vi tillegg, ting, tilstandar og hendingar rundt oss meinинг. Peirce fangar altså ein måte å kunne seie at ”alt vi tolkar meinig inn i eller tillegg eit innhald, er teikn” (Heradstveit og Bjørgo, 1996, s. 31). Teiknomgrepet til Peirce kan altså nyttast på langt fleire fenomen enn det språklege. Modellen til Peirce er framstilt på følgjande måte i Heradstveit og Bjørgo:



Figur 2¹² Peirce sin modell av teiknet.

Modellen til Peirce, slik den er gjengitt i figuren ovanfor, krev ei nærmare utgreiing. Interpretanten er den tolkinga, ideen eller forståelsen som vert danna av teiknet gitt av objektet. Tydinga av tolkinga er ikkje identisk med det første teiknet. Det er viktig å ha klart føre seg at interpretanten ikkje er tolkaren eller mottakaren av teiknet. Teiknet må heller forståast som eit nytt teikn i seg sjølv, som igjen legg grunnlaget for eit nytt teikn. Slik kan det fortsette og vi får ein prosess der teikna gir opphav til nye teikn i ei uendeleig rekke. Referenten (eller objektet) vert mindre sentral for forklaringa av teiknet. Teiknet vert i seg sjølv ein referent og vi har ein sjølvgåande prosess der teikna vert tolka med hjelp av nye teikn. Vi har altså ein modell som tek fatt i korleis vi tolkar eit objekt eller ein ting gjennom å ty til teiknet som objektet eller tingen gir (viser til).

Eit banalt eksempel kan vere å tenkje seg følgjande anekdote. Eg stilte i eit par samanhengar det heller håplause spørsmålet ”Kva er Longyearbyen?”. Svara eg fekk, vart som regel ikkje heilt som eg hadde tenkt. Ein av informantane mine ga meg følgjande svar; ”Ikke Oslo!”. Svaret kan nok oppfattast på mange måtar. Men set vi det i ein relasjon til modellen, vil det vere mogleg å trekke ut følgjande; Longyearbyen (som referent), gir tolkaren eit teikn som vert interpretert som ”ikke Oslo”. Mitt neste spørsmål var; ”Kva

¹² Figuren er gjengitt frå Herradstveit og Bjørgo. (Herradstveit, 1987).

meiner du med det?”. Svaret var like enkelt; ”Vel, ikke en by!”. Her ser vi korleis ein tek i bruk nokre teikn som igjen vert forklart ved hjelp av nye teikn. Objektet er på eit vis ”Longyearbyen” og tolkinga er i første runde ”ikke Oslo”. I eit forsøk på oppklaring, vert dette ‘teiknet’ brukt til å gi neste interpretant som er ”ikke en by”. Anekdata må stoppast her. Hentar eg inn fortsettelsen, vert kompleksiteten fort for stor i forhold til det eg ville vise her. Poenget er at ein i løpet av kort tid i ein samtale har satt i gang prosessen der teikn vert erstatta av nye teikn i eit forsøk på å tolke og forklare eit forhold knytta til objektet. Ein prosess som ofte vert omtala som den uendelege semiose (Heradstveit og Bjørgo, 1996).

Dynamikken i Peirce sin modell gjer at den er anvendeleg på fleire områder. Den er ikkje berre eit hjelpemiddel i kommunikasjon mellom mennesker. Peirce meiner at alt vi kan tolke mening inn i, eller kan tillegge eit innhald, er teikn. Modellen opnar derfor for at vi kan gjere greie for korleis vi tillegg ting, tilstandar og hendingar rundt oss mening. Modellen gir oss altså eit redskap for tolking av teikn som ikkje har ein direkte menneskeleg eller intensionell avsendar (Heradstveit og Bjørgo, 1996). Hovudfokuset er basert på at ein har ein menneskeleg mottakar som tolkar teiknet. Vi kan altså gi modellen eit kontekstuelt perspektiv og nyttegjere oss av den på fleire fenomen.

Hos Aase finn vi igjen denne tankegangen (Aase, 1997). Han viser korleis vi gjennom å setje kategoriane i samanheng med observasjon, kan få ut informasjon som vi vanlegvis ville oversjå utan ei bevisstgjering omkring måtane vi set observasjonane i samanheng med kvarandre.

Trekker vi ei slutsningsrekke frå Peirce og set denne i kontakt med Aase sine tilnærmingar, kan ein seie at teikn gir eit omgrep og omgrepet gir vidare ein observasjon. Aase er oppteken av at omgropa våre må sjåast i lys av observasjonane dei vert festa til. Utgangspunktet er, som eg kort var inne på i metodekapitlet, at måtane vi tenkjer på er avhengig av korleis vi kategoriserer omverda rundt oss. Kategoriseringa foregår ved å setje dei ulike observerte fenomena inn i eit system som gir mening. Det observerte for Peirce er ‘teikn’, så anvender Aase omgrepet ‘symbol’ for det samme observerte (Aase, 1994). Skiljet mellom teikn og symbol går eg ikkje nærmare inn på her. Eg velgjer å ta utgangspunkt i at både teikn og symbol er noko som kjem fram gjennom det observerte fenomen. Det kategoriane vert for ‘stive’ kan ein tale om ein prototyp som ein måte å

identifisere eit fenomen på, vere seg ein ting, tilstand eller eit utsagn. Til forskjell frå ein kategori vil prototypen i eit slikt lys virke som ein identifikator for fenomen med ein vagare og meir abstrakt objektiv referanse.

Vi kan no setje teoriane til Aase og modellen til Peirce inn datamaterialet på ein måte som vil vere til hjelp på fleire områder. Vi vert sett i stand til å trekke ut korleis 'seniorungdommen' skaper sine romlige kategoriar med bakgrunn i eiga erfaring knytt til relasjonen dei har til staden sin gjennom erfaring, praksis, historie og sosial og kulturell tilknytning. I dette vil ein finne ting, tilstandar og hendingar som er med på å gi mening til dei fenomena ein kontekstuelt grip fatt i.

Dette er termer som er med i den relasjonelle og sosiale danninga av stad, og tilnærningsmåtane gitt gjennom Peirce og Aase kan derfor vere med på å gi eit utfyllande bilet til det samspelet Sack omtalar gjennom å vise til sosiale relasjonar som skapande for ein stad. Eit samspel som kan forståast som eit gjensidig forhold, der stad og menneske er aktørar for kvarandre.

Om vi fortset med å holde oss til Aase sine teoriar knytta til romlege kategoriar, så kan vi finne måtar å setje samspelet inn i ein orden som tek utgangspunkt i korleis vi nyttar språket vårt for å gi romlighet ei mening. Der Sack gir eit bilet av eit dialektisk forhold mellom menneske og stad, kan det vere greit å ty til Aase for å gi eit utfyllande bilet av korleis ein går inn i det relasjonelle forholdet på ein semiotisk måte. Sack seier lite om semiotikken i sine modellar av forholdet mellom stad og mennesket. Aase tek utgangspunkt i at vi nyttar ulike romlige kategoriar for å 'feste' erfaringar og praksisar i hop til eit meiningsfullt heile. Dei ulike kategoriane han viser til kjem fram gjennom kognitive erfaringar henta fram ved hjelp av relasjonane vi har til ein stad, både historisk, praktisk og gjennom livserfaringar som kjem fram gjennom den daglege kontakt med omgivelsane, sosialt så vel som kulturelt. Aase opererer med tre nivå av kategoriar for korleis vi festar oss til virkeligheita rundt oss (Aase, 1997). I analysekapitla skal eg ta for meg første nivået, språket, og sjå korleis det vert nytta av mine informantar for å skildre, skape og gi mening til staden dei oppheld seg på.

Eg skal altså med utgangspunkt i Aase sin måte å sjå virkelegheita på, anvende den som ein måte å identifisere korleis informantane omtalar dei ulike fenomena knytta til måten

dei omtalar Longyearbyen på. I denne identifiseringa vil eg møte på forhold som innanfor/utanfor samanlikningar. Korleis vi kan tenkje oss perspektiv knytta til dette krev ein kort presentasjon.

4.3.5. Innanfor/utanfor

Eit vanleg hjelphemiddel vi tyr til for å presentere oss sjølve er å ty til samanlikningar. Vi bruker ofte metaforar og analogiar, eller vi kan vere meir konkrete gjennom å vise til ulikheiter og likheiter ved å peike på kjente forhold enten det er opp mot andre stadar, eller det er opp mot 'etablerte' og kjente samfunnsstrukturar og kulturelle system. I kjølvatnet av dei fenomenologiske og eksistensialistisk inspirerte tradisjonane, der fokuset i lang tid har vore knytta til dei personlege relasjonane til stad, kom det fram ein kritikk som gjekk på at desse tradisjonane var for voluntaristiske, og at aktørane ikkje vart studerte med tanke på dei sosiale og romlige kontekstane, som kunne ha innflytelse på aktørane sine handlingsvalg. Kritikken opna for eit auka fokus på det sosiale innanfor samfunnsgeografien, og ein fekk eit skifte av stadsforståelsen frå å vere ein opplevelsesbasert kategori, til å betrakte stad som ein sosial kategori (sjå t.d Holt-Jensen, 1990. Peet, 1998). Der stad tidlegare i ei viss grad vart betrakta som noko som låg utanfor samfunnet, har ein fått ei utvikling der stad er å sjå som ein del av produksjonen av sosiale relasjonar, det levde liv, og dermed også som ein del av den enkelte sin identitet. I dette ligg det at stad kan betraktast som ein prosess, som fleirtydig og som 'leverandør' av maktrelasjonar, sett i lys av eit relasjonelt 'sjølv'. Individet si stadskjensle kan altså knyttast til identitetsomgrepet.

Relph gir oss eit innblikk i relasjonen mellom stad og identitet (Relph, 1976). Utgangspunktet for Relph, er at individet har eit eksistensielt behov for stad, som eit rammeverk for eiga identitetsdanning. Relph tyr til Heidegger for å underbygge tydinga av stad som noko "far deeper than this is apparent in the actions of individuals and groups protecting their places against outside forces of destruction, or is known to everyone who has experienced homesickness and nostalgia for particular places" (Relph, 1976, s. 1), for som Heidegger proklamerer "'place' places man in such a way that it reveals the external bonds of his existence and at the same time the depths of his freedom and reality" (Ibid, s. 1). Det Relph peikar på som "far deeper than this" (Ibid, s. 1), er at stad har ei djupare meinинг for oss enn kun som noko praktisk og funksjonelt. Det handlar i følgje Relph altså

om ei djupare kjensle eller følelse, for stad. Stad er noko som er i oss som eit prosjekt for kvardagsleg handling, og stad er slik sett 'følt' og kan dermed ikkje definerast som noko som står uavhengig av 'sjølvet'. For som Relph seier vidare, "identity is founded both in the individual person or object and in the culture to which they belong. It is not static and unchangeable, but varies as circumstances and attitudes change; and it is not uniform and undifferentiated, but has several components and forms" (Ibid, s. 45). Identitet framstår her nærmast som ein altomfattande kategori som er til stades i individet, objekta og kulturane desse tilhører. I Relph sine termer vert stad noko som identiteten kan knyttast *til* og noko som ein kan ha identitet *med*. Identiteten *til* noko viser til likheit og enhet i kraft av å være ulikt og skilje seg frå andre ting. Ein får altså eit skilje mellom noko som kan forståast som *her* og *der*, eller *oss* og *dei*. Han seier med det at stadar også er forskjellige. Identiteten *med* noko meiner Relph ikkje kan skiljast frå ein identitet *til* noko og ein kan såleis tenkje seg identitet også *med* stad.

Med og mot stad

Rose vil nyansere eit slikt perspektiv. Ho utvider med å seie at fokuset på stad som noko utelukkande positivt og følt, vert for smalt. Stad må nødvendigvis også ha i seg eit element av ikkje-identitet. Altså at ein kan identifiserer seg "against a place" (Rose, 1995 s. 92). I motsatt fall vil ein kunne tenkje seg ein situasjon der ein nærmast benekta eksistensen av ein "alien place" (Ibid, s. 92). I dette ligg det at ein gjennom ein viss kjennskap til andre stadar også konstruerer sin 'eigen' stad ved hjelp av den andre. Rose viser til skiljet mellom Orienten og Vesten i tidlegare tider, og peikar på mytene og dei symbolske forståingane ein i vesten hadde av Orienten. Myter og symbolforståingar som var med på å danne Vesten sin eigen måte å sjå Orienten på. Vesten sine eigne (identitesmessige) forståingar av Orienten var altså i seg sjølv med på å gi vesten eit bilet av Orienten. I mange tilfeller også eit feilaktig bilet som ein følgje av at ein identifiserte seg *mot* Orienten og at kontakta og kjennskapen ein hadde til Orienten var mangefull. Men poenget er at ein gjennom ein viss kjennskap til andre stadar, enten som betre, meir eksotisk, eller som noko därlegare, vil kunne utvikle identitet både *med* og *mot* eigen stad. Denne dimensjonen i Rose sine perspektiv opnar, i tillegg til ein sosial kontekst, også for ein maktrelasjon opp mot 'utanfor' (her forstått som *der* og *dei*).

Den relasjonelle stad

Massey har mange likheitstrekk med Relph si tenkning. Men til forskjell frå Relph, vil Massey at vi tilfører stad ein sosial dimensjon. Ein må vekk frå ei singulær tilnærming av stadar og heller sjå stadar som eit sosialt relasjonelt konsept. Massey argumenterer for 'opne stadar` og at stadar må sjåast på som konstituerte gjennom dei sosiale relasjonane dei er ein del av. Stad vert altså gjort til ein sosial kategori som er i ein prosess. Ho innfører det ho omtalar som "activity space" (Massey, 1995, s. 63) og gir dette ein betydning av å vere "the spatial network of links and activities, of spatial connections and of locations, within which a particular agent operates" (Ibid. s. 63). Ho gir altså stadar ein dimensjon som opnar for at "a 'place` is formed out of the particular set of social relations which interact at a particular location. And the singularity of any individual place is formed in part out of the specificity of the interactions which occur at that location (nowhere else does this precise mixture occur)" (Massey, 1994, s. 168). Massey gir altså staden ein karakter av å vere konstituert gjennom sine sosiale relasjonar. Til forskjell frå Relph som ser stad som eit eksistensielt utgangspunkt for eigen identitet, velgjer Massey på si side å seie at stad er ein kategori på linje med personleg identitet – som Massey betraktar som ein flyktig og omskifteleg kategori som går i takt med sosiale prosessane dei er ein del av. Eg forstår dette som at stadar må betraktast som ein open kategori med påverknad gjennom det "activity space" (Massey, 1994, s. 63) som dei er ein del av. Identitet vert i denne samanhengen eit produkt av mange fasettar og dels tilskreve, enten ein snakkar om stad eller person.

Trekk vi saman litt av det som eg tidlegare har behandla her, kan vi til no sjå at stad kan forståast som eit møtepunkt mellom natur, sosiale relasjonar og meinings (jmf. kap. 4.3.2.). Rammene for kva stad er i romlig forstand har eg kort presentert ved hjelp av Relph, Rose og Massey. Det siste har opna for å sjå stad og identitet som ein relasjonell og sosial dimensjon. Gjennom Peirce har eg introdusert eit verktøy for å kunne hente ut måtar informantane anvender sitt eige språklege apparat for å gi meinings til skildringane sine. Gjennom å ty til Aase skal eg holde meg til måten han anvender kategoriar på, både for å identifisere, samt evne og kjenne igjen kva informantane mine seier. Til dette vil det vere eit sett av meiningsaspekt som vil melde seg, og eg treng derfor ei siste romlig forståing som kan hjelpe meg å gripe konstruksjonen av rom.

Aase meiner at framfor å ha for sterkt fokus på kva romtyding som er den korrekte, så må vi heller sjå rom som ein kulturell konstruksjon som varierer mellom ulike empiriske kontekstar (Aase, 1994). Utgangspunktet er at rom må betraktast som skapt av menneskeleg aktivitet, og sidan menneskeleg praksis varierer frå stad til stad, til ulik tid, så vil også måten stad vert gitt meiningsvariere. I dette ligg det at ein må sjå på dei kulturelt bærande symbola som ligg til den aktuelle staden. Kva måtar desse kjem fram på må setjast i forbindelse med korleis livsverda framstår, gitt dei lokale forklaringane, og heller "dare to ... get at the others representations of their own life worlds, and see how space is constructed according to cosmology" (Aase, 1994, s. 55). Kosmologien, slik Aase anvender det her, vert referert til som dei ulikheitene ein har mellom ulike verdsforestillingar, gitt eit multikulturelt utgangspunkt. Søkjelyset til Aase er først og fremst å gå etter ulike forståingar knytta til tverrkulturelle meiningsforskellar. Som eksempel bruker han ulike kulturelle syn på Gulf krigen og Salman Rusdhie saka. I dette arbeidet er verdiar sentrale. Ein får altså ved å ty til ein symbolforståing sett gjennom ulike empiriske kontekstar, forstått som ulike kosmologiar, også ein debatt om verdi. Eg skal trekkje med meg ein slik tankegang, inn i måtane `senior-ungdommen` gir sine presentasjonar av Longyearbyen og behandle ein verdidebatt som eit bakteppe for og skapar av ambivalens. I neste kapittel skal eg identifisere eit slikt forhold, før eg i kapittel 6 skal forsøke å gi ein nærmare presentasjon ambivalens, og der vise korleis også verdi i ein slik forstand er med på å gi ambivalente trekk gitt ulike oppfatningar av stad.

Spørsmålet er korleis ei slik tilnærming kan gjerast gjeldande opp mot meiningsproduksjonen som `senior-ungdommen` i Longyearbyen kjem med? Held vi framleis i bakhovudet at dei samfunnsstrukturelle forutsetningane som ligg til grunn for livsverda til `senior-ungdommen`, skiljer seg frå vante strukturar slik vi kjenner det frå fastlandet i Noreg, så vil det også være mogleg å setje seg inn i at det kan vere ein fordel å "penetrate deeper into the reality [av senior-ungdommen] than a thin description of social processes" (Aase, 1994, s. 55). Eller som Geertz seier: "to look at the symbolic dimensions of social action [...] is to plunge into the midst of them" (Geertz, 1973, s. 30).

Eg skal kome attende til problema dette kan opne for i siste analysekapittel. Eg skal der problematisere koplingane mellom stad og identitet i eit utfyllande lys av det som kjem fram i det følgjande kapitlet, og forsøke å vise korleis ambivalens kan sjåast som ein del av eit samspel mellom stad og individ.

4.3.6. Oppsummering

Eg har i det føregåande presentert eit første sett av analytisk verktøy som eg dels skal anvende gjennom dei påfølgjande sidene. Eg har gitt eit komprimert innblikk i eit analytisk sett av verktøy, som ein kan ty til for å belyse samspelet mellom menneske og stad. Eg skal i det vidare arbeidet hovudsakleg fokusere på det språklege nivået, gjennom å sjå på korleis 'senior-ungdommen' lagar seg metaforar og symbolske konstruksjonar for å plassere seg sjølve i det geografiske rommet. Eg skal presentere og gjere ei kartlegging av kva 'senior-ungdommen' i Longyearbyen tyr til når dei skal skildre staden sin og korleis dei gjer dette. I kartlegginga skal eg forsøke å hente ut kva informantane mine vektlegg som sentrale forhold for å skildre Longyearbyen. Eg skal forsøke å gripe dette gjennom å belyse korleis dei tilskriv meining til skildringane sine gjennom måten dei tyr til språket. Kartlegginga har altså her til hensikt å sjå korleis dei nyttar språket for å gi Longyearbyen ein identitet. Vi skal sjå at bruken av metaforar, analogiar og samanlikningar er sentrale i måten dei skildrar staden sin på. I den påfølgjande presentasjonen er det først og fremst å få fram informantane sine skildringar av staden sin som er hovudfokuset.

5. Analyse av tilhørighet og identitet

I dette kapitlet skal eg gå nærmare inn på korleis 'senior-ungdommen' i Longyearbyen ser på staden sin. Dei sjølve skal få kome til orde med sine presentasjonar og forståelsar av Longyearbyen. I presentasjonen vil informantane sjølve setje fram emne og områder å skildre Longyearbyen og Svalbard på. Vi skal vere med på ei reise der informantane tek i bruk ulike emner og viser til eit spekter av forklaringar og måtar å skildre si eiga tilknytning til Longyearbyen og Svalbard. I innleiingskapitlet viste eg til nokre sentrale omgrep som førte fram til nokre problemstillingar som eg har valgt å belyse. Eg skal her ta fatt i første problemstilling; Korleis ser 'senior-ungdommen' i Longyearbyen på staden sin? Og vidare; I kva grad er staden til 'senior-ungdommen' med på å skape tilhørighet? I det følgjande, vil også siste problemstilling kome til syne. I den gjekk spørsmålet ut på om det ligg motstridande kjensler knytta til 'senior-ungdommen' si tilhørighet til Svalbard og Longyearbyen. Ein vil kunne sjå eit utkome av den siste problemstillinga i det som skal kome fram her. I neste kapittel vil eg forsøke å presentere den litt nærmare i lys av ein modell.

5.1. Verktøyet i lys av 'senior-ungdommen'.

I det følgjande arbeidet, skal eg skal starte med å gi eit innblikk i korleis 'senior-ungdommen' sjølve ser på Svalbard og naturomgivelsane som dei har rundt seg. Vi skal kome inn på nokre forståingar av Svalbard som dei sjølve forheld seg til som ein myte skapt av andre, men som dei sjølve ikkje er like opptekne av.

Deretter følgjer ei framstilling av 'senior-ungdommen' sine vanskar med å finne rom for eigen identitet i lys av eit forventningsprega biletet gitt av Svalbard og Longyearbyen. Eit biletet som er gitt både av dei sjølve, men også av dei mange forventningane som kjem utanfrå. I desse presentasjonane kjem det fram skildringar frå 'senior-ungdommen' som peikar mot ei kjensle av å verte sett på som annleis. Dei viser til ei kategorisering av både seg sjølve og staden deira som er gjort utanfrå, slik dette framstår i deira auger. Informantane er overraska over den naivitet som som ofte ligg til grunn, enten dei kjem i samtalar med folk som er på besøk i Longyearbyen, eller det er på deira eigne turar til fastlandet i Norge. 'Senior-ungdommen' er opptekne av at denne naiviteten må vendast om til ei forståing av at det er mogleg å vere heimehøyrande i Longyearbyen. Dei meiner

kunnskapen om dette må aukast, og at dette er viktig å få dette fram.. Dei tenkjer då i sær på, at dei reint faktisk både er - og kjenner seg som norske og heimehøyrande i Longyearbyen..

Eg skal først opne dette kapitlet med å gi eit innblikk i korleis informantane sjølve gir beskrivelsar av Svalbard og Longyearbyen. Beskrivingane eg skal leggje fram her, tek utgangspunkt i den oppfatninga 'senior-ungdommen' har, og korleis dei sjølve ser på andre sitt syn på Svalbard i forhold til det 'senior-ungdommen' meiner er realitetane. Presentasjonen vil frambringe nokre særeigne måtar å omtale si eiga livsverd på. Eg skal deretter gi nokre refleksjonar av korleis dei meiner Longyearbyen framstår i deira auger og la dei sjøllve få sleppe til med emner dei peikar på som relevante for å kunne snakke om ei eiga kjensle av å høre til i Longyearbyen. Vi skal få sjå at særeigne lovgivingar, eit krav om å vere aktiv og at Longyearbyen ikkje har eit livsløpssamfunn, er forhold som opnar opp for vanskar med å vite om staden kan forståast som ein heimstad eller ikkje. I dette ligg det også nokre talemåtar og utsagn som dei sjølve meiner er ein del av det lokale språket. Eg skal avslutningsvis i dette kapitlet, behandle desse talemåtane og utsegna. Eg skal først presentere samanhengane dei vert framsette i, før eg grip fatt i ei analytisk tilnærming av kva implikasjonar dei gir.

5.2. Skilje mellom Svalbard og Longyearbyen?

Så langt i arbeidet har eg ofte omtala Svalbard og Longyearbyen i same ordelag. Skilja har nokre plassar hatt ein naturleg karakter, og andre stadar ei meir diffus og kanskje forvirrande virkning. I geografifaget er det staden som er i fokus, og det vil være naturleg å gi ei forklaring på kvifor skiljet mellom bruken av Svalbard og Longyearbyen kan vere utydeleg.

Samanhengen kan best illustrerast gjennom ei samtale eg hadde med 'Geir'. Intervjuet fann stad i peisestua på eit hotell i sentrum. Her sit ein med god utsikt over til den andre sida av fjorden for Longyearbyen og vidare nord- og vestover. Utsikta er minimalt forstyrra av andre boligar, då hotellet ligg slik til at ein ser over taka på dei husa som ligg på nedsida. I kombinasjon med dei store vindaugeflatene får ein god føeling med naturen. Vi var komne eit stykke ut i intervjuet og var inne på ein samtale som omhandla naturen og omgivelsane ein beveger seg i. 'Geir' legg stor vekt på betydninga av naturen. Han fortel: "Det som er

helt spesielt her oppe er at en går 300 meter ut av byen, så er en i virkeleg villmark og øde landskap med en gang. Bare her vi sitter nå, så kan vi se rett ut i villmarka. Over fjorden der og inn dalen, så er en med en gang ute i villmark som byr på ekstreme og uberørte opplevelser. Der må man med en gang ta forholdsregler og vite hva man gjør, rett og slett fordi det er så tøffe omgivelser”.

‘Geir` poengterer vidare at det ikkje er noko utanfor Longyearbyen. Eg spør kva han meiner med dette, og viser til at det finst då fleire namngitte plassar som vert brukt og omtala i det daglege. Over fjorden for Longyearbyen er det for eksempel plassar med namn som Advent City, Revneset og Hiorthamn. Dette er ikkje bebudde plassar. Revneset er i dag eit område med mange hytter som lokalbefolkninga bruker. Hiorthamn og Advent City er plassar som står igjen med utrangert bygningsmasse frå den tida det var gruveaktivitet der. ‘Geir` fortel at dei sjølv sagt bruker desse stadnamna, men det han sikta til var at ”det er jo ikke folk noen andre steder enn i Longyearbyen”. Han repliserer med at det ikkje er slik som på det norske fastlandet. ”Der snakker man om andre steder fordi det bor folk på dem, mens her oppe gjør det jo ikke det – rett ut og du er ute i ingenting! Det er ikke noe mer enn Svalbard og her”. Med ‘her` viser ‘Geir` til Longyearbyen. Den siste uttalelsen ‘Geir` kjem med, opnar opp for ein bruk av særnamnet ‘Svalbard` som dreg i retning av at ‘Svalbard` vert gitt ei innhaldsstyding som eit teikn som står for noko anna. Svalbard vert interpretert som natur. Skiljelinjene mellom Svalbard og Longyearbyen er i første omgang presentert ved hjelp av å gi Svalbard ein betydning som natur, og Longyearbyen som noko anna.

Skiljet får ei romlig betydning i kraft av å vise til ‘her` (Longyearbyen) og ‘der` (Svalbard). Dersom vi hentar fram igjen Sack og dei tre ‘virkeleghetene` han bekler ein stad med (jmf. kap. 4.3.2), så vil ein kunne sjå at Svalbard hovudsaklig vert gitt ei symbolisk tyding, gjennom å bli interpretert som natur, og framstår dermed som ei av ‘virkelighetene` Sack talar om, som eit dialektisk kriterie for ein stad – det eg har kalla for eit fysisk trekk. Vi får eit skilje mellom ‘her` og ‘der`, som i denne samanheng, vert integrert som eit heile for å kunne tale om ein stad.

”Svalbard er natur”.

I forlenginga av Aase sin empiriske kontekstualisering av det symbolske rom, kan ein finne at Soja argumenterer for noko av det samme (Sjoa, 1996). Han tek utgangspunkt i at rommet er konstruert som ein arena for sosial organisering og produksjon. I dette samspelet, meiner han vi må ta med ein forståelse av at rommet er eit ”... social product ... as it socializes and transforms both physical and psychological spaces” (Ibid, s. 633). Sjoa viser til at ei tredeling av det romlige, sett som det klassiske skiljet mellom eit fysisk (natur), mentalt og sosialt rom, så vil det vere vanskeleg å problematisere desse kvar for seg. Ein vil, i følgje Sjoa, miste ein forståelse for at rommet må konseptualiserast som eit dualistisk forhold mellom det fysiske (natur) og det mentale, og med utgangspunkt i dette, heller betrakte det heile som sosialt konstruerte kategoriar. Altså, tredelinga mellom det fysiske, mentale og sosiale er overlappande, og må heller sjåast som eit heile, og dermed verte gitt eit meiningsinnhald gjennom sosialt og relasjonelt produserte kategoriar. Gitt ei slik forståing vert det uproblematisk å sjå for seg at ‘Svalbard’ kan forståast som natur. Ein gir ‘Svalbard’ ein symbolsk konstruksjon forstått som ‘natur’.

Svalbard vert i ein slik samanheng representert som kun natur. Det eg meiner ‘Geir` prøver å formidle er at Svalbard vert teke i bruk som ein samlande betegnelse for å snakke om, og skildre natur. I naturforståinga vert det teke i bruk ord som villmark, ingenting, ekstremt og øde. I det ligg det at natur i denne samanhengen manglar ein sosial kapasitet. Tross namn på mange plassar rundt omkring, har desse stadane ei mindre betydning slik ‘Geir` ser det, fordi dei ikkje er busette med folk. Ein kan dermed ikkje feste ein sosial dimensjon til desse stadane i kraft av å vise til dei som stadar der ein har vene og bekjente. Thuen viser til at stedsnamn er meint å gi ein eintydig referanse til eit punkt eller avgrensa område i landskapet. Men han seier også vidare at ”helt elementært kan man da si at steder er punkter i rommet som skiller ut og gis mening eller individualitet gjennom å navngi dem” (Thuen, 2003, s. 12). Poenget mitt er at stad/rom distinksjonen som Thuen viser til, kan i ein meiningssamanheng her framstå som noko diffus. Eit særnamn kan i tillegg til å være eit særnamn, også fungere som meiningsfullt for å vise til delar av innhaldsforståinga ved ein stad. Trekkjer vi ei slik slutning, vil det være plausibelt å kunne tale om Svalbard som natur. Vi har fått ein prototypisk konnotasjon forstått som at ‘Svalbard er natur’. Ein enkel demonstrasjon kan gjerast ved hjelp av følgjande konstruerte utsegner. Det vil gi ei uklar

tyding å seie at 'eg skal reise til natur!'. Det vil kreve nokre runder med spørsmål før ein kan gi eit slikt utsagn ei gripbar mening. På den andre sida vil det vere enklare å forstå følgjande utsagn; 'eg skal reise til Svalbard!'. Informantane mine får ofte spørsmål om kva Svalbard er. At dei då svarar 'Svalbard er natur' gir mening, om enn i ei noko uklar form. Ideen og tanken er at Svalbard er natur – sett som eit idealtypisk konstrukt. Følgjer vi Lackoff og Johnson sine kommentarar til prototyp, så vil vi kunne fange ein prototypisk forståelse ved å sjå for oss eit sett av kategoriar som arbeider i hop for å danne eit omriss av noko prototypisk (Lackoff og Johnson, 1999). Eller sagt på ein enklare måte, gjennom å kategorisere fleire observasjonar som 'menn', vil vi kunne lage oss ei forestilling om ein 'idealmann'. 'Idealmannen' vert ein slags stereotypi gitt av tverrsummen av 'alle menn'. Vi dannar oss altså nokre kognitivt idealtypiske 'bileter' som vi i neste omgang anvender for å uttrykke og konstruere mening med.

Longyearbyen

I 'Geir` sin uttalelse ligg det at Longyearbyen representerer noko anna. Det er i Longyearbyen folka bur og det sosiale livet foregår. Eit moment som vert trekt fram er at Longyearbyen ikkje er ein kommune med sine respektive grenser opp mot andre kommunar, slik vi kjenner det frå fastlandet i Noreg. Longyearbyen har ingen nabokommunar. Byen er plassert på det som kan jamstilla med ei tomt, men regulert som eit 'utmål'. Og som 'Anna` skyt inn i intervjuet med ho; "Man kan jo ikke reise noen steder her - her er det ingen nabokommuner å reise til". Skiljet mellom bruken av Longyearbyen og Svalbard i samtalane er altså ofte vakt. For som 'Geir` også seier "her står jo villmarka helt opp på dørstokken". Særnamnet Svalbard står ofte som eit symbol for natur, og vert anvendt som ein samlebetegnelse for natur i samtalar med 'seniorungdommen'. Tilhørigheita til naturen vert altså ofte uttrykt gjennom å tale om Svalbard. Longyearbyen har på si side litt andre konnotasjonar – i omtale av Longyearbyen er det i større utstrekning den sosiale og relasjonelle tilhørigheita som kjem til uttrykk. Korleis kan ein forstå dette forholdet? Tenkjer vi oss dei to særnamna som å representere to uavhengige og singulære stadar, vert det vanskeleg å setje det saman som noko meiningsfullt for ein stad. Men ser vi på det relasjonelle ved dette forholdet og held i bakhovudet at stadar heller er eit produkt av dei relasjonane dei er ein del av, så vil særnamnet, enten det er Svalbard eller Longyearbyen, være kun det – særnamn. Poenget

mitt er at dersom særnamna til ulike stadar skulle være determinerande for kva ein stad er – så ville ein miste mesteparten av dei romlige forståingane som ligg i ein stad – gitt samspelet staden har med mennesket.

5.2.1. Svalbard sett frå ein lokal ståstad.

Relph omtalar den subjektive forståinga ein må legge til grunn i møte med staden. Stadar er subjektiv konstruerte gjennom den lokale tilknytninga den enkelte har til staden. Ein er såleis eit medlem av staden gjennom å ha si tilknytning der, medan andre fell utanfor eller hører ikkje til i samme grad. Om vi legg til grunn Rose sine tilnærmingar til ei slik tilhørigheit (jmf. kap. 4.3.5) kan vi forutan å sjå etter ein positiv tilhørigheit, også sjå etter kva som ikkje er fengjande for tilhørigheita. Altså kva som kan vise til noko som er mot staden. Eg skal gå inn på eit sett av måtar ‘senior-ungdommen’ ser på naturomgivelsane sine, og korleis og i kva form naturen er med på å skape rammer for tilhørigheit. Altså; - Kva betydning har natur for informantane mine?

‘Ingar` fortel at han ikkje er så mykje på tur, som han burde ha vore. Han fortel vidare at han ”er ikke en av de derre turfolkan”. Før eg rekk å stille neste spørsmål, oppklarar han seg sjølv med å seie at ”det virker jo som om veldig mange som bor i Longyearbyen har komt hit nettopp av den grunn – å dra på alle de derre langturane på ski” Når eg spør kven han siktar til, så er svaret det samme som eg opplevde å få også i mange andre samanhengar. ”Det e jo de som kommer opp hit for å bo her noen få år”.

Vi ser at ‘Ingar` siktar til det som ‘Einar` (Jmf. kap. 4.2) har vore inne på tidlegare – dei som har budd på Svalbard bort i mot heile sitt liv, passar ikkje alltid inn i dei mange forestillingane dei meiner er skapte om Svalbard gjennom medier, myter om det ekotiske, og Svalbard som ein destinasjon for eit liv i eventyr. Men når eg spør om ikkje ‘Ingar` bruker naturen i det heile teke, så får eg til svar at det gjer han. ‘Ingar` og alle dei andre eg omtalar som ‘senior-ungdommar` er enten eigarar av eigne snøscooterar eller dei har tilgang til scooter når dei vil. ‘Ingar` fortel vidare at ”vi e ofte oppe på breen sånn i kvardagen og bare leke oss og at vi bare e på grilltura”. Og at det fine med det er at ”du har jo det å bare sett deg på en scooter og bare kjøre ut, og det e helt hvitt, det e mjuk snø og du kan bare suse av gårde og du kan stoppe opp og bare ligge opp på breen og bare se opp i lufta og bare høre på naturen, ligge bare å slappe av ... leke seg med scooteren, drive og

hoppe på skavlan og kjøre opp i fjellsian og så videre, det e veldig artig". 'Ingar` er ivrig når han fortel om dette.

Naturen er altså eit område for rekreasjon. 'Ingar` vil imidlertid ikkje identifisere seg med alle dei som ser det ekstreme i naturen og som han meiner ser på naturen som noko som skal mestraast og overvinnast. Han ser sjølvsagt at naturen er ekstrem i den forstand at ein ikkje kan ta den for gitt med tanke på dei kreftene som kan bli sette i sving. Men dette er noko 'Ingar` er vokst opp med, og han greier derfor ikkje heilt å forholde seg til naturomgivelsane i eit slikt lys. Dette kom også tydeleg fram i dei påfølgjande intervjuia eg gjorde med dei andre informantane.

Det eksotiske

Eg opplevde ofte at informantane gav beretningar om Svalbard og Longyearbyen gjennom å vise til forståingar tilsynelatande gitt av andre. Eg hadde i mange samanhengar ei kjensle av at eg fekk høre det som informantane mine meinte eg ville høre. Dette løyste seg derimot meir opp etter kvart som eg vart ein skikkelse i kraft av eigen person i Longyearbyen. Etter ei tid meldte eg meg inn i det lokale idrettslaget. Eg vart også ein person som folk kjente igjen i sentrum av Longyearbyen, ved at eg dagleg var ein tur enten på biblioteket, på ein av butikkane eller innom ein kafe. Ein distanse til felten i Longyearbyen er ikkje enkelt å oppnå. Men dette skulle også vise seg som ein fordel. Spesielt i idrettshallen møtte eg ofte informantane mine i ettermiddag vist seg som særverdifulle. Både 'Einar` og 'Gunhild` gav uttrykk for at dei ville nyansere tidlegare uttalelsar som dei hadde kom med. Eg fekk blant anna vite at det som 'Einar` hadde sagt om naturen på Svalbard, var eit standardsvar som han ofte gav også til turistar og andre med kortvarige opphold på Svalbard. Han tok blant anna fatt i det eksotiske og fortalte at det er mange som kjem til Svalbard fordi "det e så fantastisk natur og sånn, og det kan æ for så vidt være enig med dem i altså, men for min del e det mer eksotisk å gå tur i en park og se trær. Æ prøve stort sett å ta en to-tre tura, om så bare til Tromsø, for å få litt andre omgivelsa".

Vi har altså fått tak i nokre forhold som kan tolkast i fleire retningar. 'Gunhild` som har budd på Svalbard sidan ho var 2 år, gir eit samsvarande syn. Ho har all familie i

Longyearbyen. På fastlandet i Noreg har ho ikkje lenger noko familie, og ho seier at ho derfor heller ikkje har noko tilhørighet til nokon plass på det norske fastlandet. Mange turar går derfor til sydligare breddegrader og noko av det mest eksotiske for ho er å ”sjå palmane på strendene og alt det grønne som er ellers der nede”. Også ‘Gunhild’ kjem med ei nyansering. Ho gir også uttrykk for å forstå dei som meiner at naturen på Svalbard er eksotisk, men som ho sjølv seier ” Æ vet jo at det e det. Og æ ser jo at det e kjempefint sånn, men for mæ så e det ikke så eksotisk – det e jo hjemlassen min! Æ tror det e sjeldent at man ser på hjemlassen sin som så veldig eksotisk – æ gjør i alle fall ikkje det”. Vi får altså eit misforhold mellom kategoriar. På den eine sida vert ‘eksotisk’ brukt som ein beskrivelse for å presentere Svalbard utad. Medan innad blant ‘senior-ungdommen’ har beskrivelsen ei lausare romlig tyding. Innad er ‘eksotisk’ ikkje anvendt som skildring av Svalbard for å tilskrive Svalbard som ein sjølvstendig lokalitet. For ‘senior-ungdommen’ får bruken av eksotisk ei dobbel tyding i kraft av at ordet blir gitt to roller. På den eine sida som noko dei tyr til for å presentere Svalbard utad, og på den andre sida som noko dei meiner Svalbard ikkje er.

Naturen får altså to betydningar for ‘Einar’ og ‘Gunhild’. På den eine sida er naturen eit viktig rekreasjonsrom. På den andre sida representerer naturen ikkje noko eksotisk for ‘Einar’ og ‘Gunhild’ personleg. Naturen vert tilskreve ei symbolisk rolle som eksotisk, fordi den på ein slik måte er med på å presentere Svalbard på ein måte som passar til den oppfatninga dei har av andre sitt syn på naturen. På den eine sida vert naturen presentert ut i frå ei forventning om korleis ein meiner andre vil forstå og skildre den, medan det på den andre sida ligg ei forventning om å betrakte naturen som noko ‘vanleg’.

Det ‘ytre presset’ av å ville gjere Svalbard til noko eksotisk kjem i konflikt med det ‘indre ønsket’ om å betrakte naturen som eit meir ordinært innslag i kvardagslivet til ‘senior-ungdommen’. Dei ser sjølvsagt at naturen kan forståast som eksotisk, men dei sjølve er meir opptekne av at Svalbard også er deira heimstad og at det ikkje er det eksotiske som står i fokus for deira sine måtar å ville tale om heimstaden sin på. Det oppstår såleis ei usikkerheit knytta til representasjonen av eigen heimstad fordi forventingane utanfrå, i deira auge, er at ‘Svalbard’ er sterkt forbunde med omgrep som eksotisk, eventyrleg, urørt og reint.

Dette skal leie oss over i korleis 'senior-ungdommen' ser på Longyearbyen. Her skal vi møte andre forklaringar som vil vise at tilhørighet handlar om meir enn natur.

5.3. Opplevelsen av å bu i Longyearbyen

5.3.1. Sjeldne begivenheiter.

Informantane mine er, med unntak av ein, fødde på fastlandet i Norge. Som eg har vore inne på tidlegare, så er det ikkje lagt opp til at ein skal føde i Longyearbyen. I følgje samtalar eg har hatt med Longyearbyen Sjukehus, så har dette samanheng med at ein i frå sentralt politisk hold ikkje ønskjer ei vidare tilrettelegging for at det kan bli eit etablert tilbod å føde i Longyearbyen. Det har likevel vore nokre fødslar i Longyearbyen. I samtalane med sjukehuset får eg vite at ein ikkje har ei fullgod oversikt over eksakt antal. Dette skuldast blant anna at protokollane som desse opplysningane ligg i, ikkje er tilstrekkeleg oversiktlig og at delar av protokollane er mangelfulle. For perioda 1975 til 1985 får eg opplyst at det ikkje finst noko oversikt på sjukehuset over kor mange som er fødde i Longyearbyen. Fødslar har forekomt, men materialet for denne perioda er ikkje lenger å finne ved sjukehuset i Longyearbyen. Av det materialet som ligg lokalt, får eg likevel ut at det har vore fødslar heilt tilbake til 40-talet. Ein del fødslar forekom på 60-talet. Deretter er det ei manglande oversikt for perioda 1975 til 1985, før eg får ut eit sikrare antal fødslar frå 1985 og fram til i dag. For denne perioda er det langt mellom fødslane i Longyearbyen. Det vart født eitt barn i 1985, to i 1987, to i 1988 og eitt i 1991¹³. Deretter må ein heilt fram til 2006, då eitt barn kom til verda i Longyearbyen. Det er med andre ord langt mellom fødslane i Longyearbyen, ser ein dei siste tiåra under eitt.

Heilt elementært, kan ein altså relativt enkelt gå med på at ei sjølvtilskrivning av eigen identitet gjennom å vise til at ein er født i Longyearbyen er få forunnt. I intervjuet mine kjem det fram fleire betraktnigar knytta til dette forholdet. Tre av informantane mine har vore stort sett heile si levetid på Svalbard. Ein er født i Longyearbyen og tre av dei har vore berre nokre veker gamle, før dei kom til Svalbard. I samtalane med desse kjem det fram nokre uttalelsar som tilkjenner eit misforhold, - på den eine sida vert det framsett som eit ønskje å kunne seie at ein er fødd i Longyearbyen, medan det på den andre side

¹³ Muntlig bekrefta ein fødsel til. Men uklar protokoll. Årstal 1994 eller 1995.

vert uttalt at dette ikkje er så lett å få aksept for. Den eine representanten for 'senior-ungdommen', som faktisk er født i Longyearbyen, kan bruke uttalesen "æ e jo født her", med rette. Dei som ikkje faktisk er fødde i Longyearbyen, men som har komt opp rett i etterkant, bruker også dette utsagnet.

Sjølvtilskrivinga, gjennom å vise til at ein er født i Longyearbyen, er viktig for 'senior-ungdommen'. Både for den enkelte, men også i eit samla perspektiv. Det er laga ei form for kollektiv enighet innad blant 'senior-ungdommen', om at ein kan tilskrive seg sjølv som å være født i Longyearbyen, enten ein er det i eit de facto lys eller at ein er komt til verda ved at mor har reist til fastlandet i forkant. Eg kunne spore ei mindre intern uenighet knytta til skiljet mellom den som faktisk er født i Longyearbyen opp mot dei som er født i tråd med 'reglane'. Det kjem likevel tydeleg fram at det viktigaste for 'senior-ungdommen' er at dei ser på ei slik sjølvtilskriving som ein måte å lage seg ein eigen personleg idenitet på. Både med hensyn på kven dei sjølve då er, men også med hensyn på at staden får ei sterkare betydning som ein heimstad og som ein stad ein presentere seg sjølv som å vere i frå. Med andre ord eit ønskje om å vere det dei omtalar som å vere 'svalbardianar'.

Ein lagar seg altså nokre pragmatiske sannheiter, gitt gjennom ein felles konsensus, som har til intensjon å virke som identitetsskapande. Eller sagt på ein annan måte. Å kunne seie at ein er født i Longyearbyen, vert brukt som eit virkemiddel for å kunne skape ein sjølpresentasjon. Denne sjølpresentasjonen kjem i konflikt med eit sett av 'ytre' forklaringar og forvetningar, tilkjennegjort som eit motsetningsforhold gitt til eins eigne 'indre' oppfatningar av kva og kven ein er, når ein har oppholdstad Svalbard og Longyearbyen. Det oppstår eit usikkerheitsforhold knytta til eigen identitet.

Eg skal om litt kome attende til dette i delkapittel 5.5.3, og der også vise meir av dei motsetningane som er med på å skape ein ambivalens hos 'senior-ungdommen'.

5.4. Ein felles forståelse av Longyearbyen.

Informantane mine er svært opptekne av at Longyearbyen er ein stad som skiljer seg frå andre stadar gjennom nokre perspektiv som er felles for alle dei eg har intervjuat. Ein kan tale om ei form for felles kjensle eller "common sense" (Cresswell, 1996), gitt gjennom

nokre felles karakteristika knytta til Longyearbyen. Eg fekk til stadigheit tilbakemeldingar om at ein enten passa inn eller ikkje, på Svalbard og i Longyearbyen.


Fristad

‘Johan` gir oss ei første innsikt i kva som ligg i det å passe inn eller ikkje; ”Vet ikke helt hvorfor det er slik, det har nok noe med hvordan man takler å være her å gjøre. Man kommer opp hit og tror at det bare er å sette i gang liksom, mange tror nok at mye er enkelt her oppe, det e jo de som tror at det er et fristed, der man liksom kan slappe av og bare ta det med ro liksom. Men så oppdager jo de at man også må yte noe når man skal være her, og når de finner ut av det, så får pipa en annen låt”.

Det ‘Johan` siktat til er at han viser til dei mange som han meiner kjem til Longyearbyen i den tru at ein kan leve livet ”uten det maset og tjaset som er nede”. Slik eg tolkar ‘Johan` i dette, så viser han igjen til den oppfatninga ein har av at Svalbard har i seg ei stereotyp oppfatning utad, som ein stad utan dei samfunnsmessige forpliktelser ein finn på fastlandet i Noreg. Det som ofte vert vist til i denne samanhengen, og som ein finn igjen i Kleven sine undersøkingar (Kleven, 2002 og Kleven, 2001), er at samfunnet i Longyearbyen vert oppfatta som å vere eit samfunn med eit mindre tungt og byråkratisk styresett, færre lover og større opning for å vere ‘sin eigen herre’. Det ‘Johan` uttrykkjer viser til at nettopp slike samfunnsforhold er med på å danne eit bilet av Longyearbyen som ein ‘fristad`, men han vektlegg sjølv at når ein har bodd i Longyearbyen meir eller mindre heile sitt liv, så er det ikkje slike forhold som er avgjerande. Det er som ‘Johan` også seier ”hjemstedet mitt!”.

Igjen ser vi at ‘senior-ungdommen`, her presentert ved hjelp av ‘Johan`, peikar på dei stereotype oppfatningane av Svalbard og Longyearbyen, og set fram dette om eit ‘feilaktig bilet` i forhold til det biletet ‘senior-ungdommen` sit med av si eiga livsverd. Kjensla av å ikkje sleppe til med sine eigne betraktingar, kjensler og tilhørighetsoppfatningar, opp mot dei stereotypisk sosiorolige skildringane av Svalbard og Longyearbyen, fører til eit mangefullt rom for utvikling av eigen identitet til staden. Dei kjenslene som ‘senior-

ungdommen` sit inne med, ender på eit vis i eit tomrom mellom dei tilsynelatande `ytre` forklaringane og det som er deira eigne `indre` forståingar. Retninga ein skal orientere seg i framstår som uklar og det oppstår ei usikkerheit knytta til både eigen identitet og kva identitet heimstaden vert tilskriven.



Bilde 2. Kunstig lys hjelper til i det blå arktiske vinterlyset

Foto: Synnøve Haga

Krav om å være aktiv

Eit av punkta som kom fram under eit intervju eg hadde var den forskjellen Longyearbyen representerer i forhold til oppfattelsen av stadar på fastlandet. I intervjuet med `Geir` kom det fram eit syn som er representativt for fleire av mine informantar. Far til `Geir` har budd på Svalbard heilt sidan `Geir` vart født. Han hadde fleire turar til Svalbard medan han var liten, men bodde hos mor i [midt-norge] til han var halvveis i barneskulen. Etter som far framleis var busett i Longyearbyen, valgte han å flytte opp og busetje seg der når han skulle til med siste året i barneskulen. `Geir` si historie og kjennskapen han har til Svalbard og Longyearbyen strekkjer seg altså gjennom heile levetida hans så langt.

I ein del av samtala, der eg ba 'Geir' om å skildre Longyearbyen, kom han stadig tilbake til at Longyearbyen er ein stad med eit aktivt miljø. 'Geir' dreg saman fleire linjer og fortel at: "Før, når jeg bodde og vokste opp i [midt-norge] var jeg ingenting. Kunne gå rundt i gatene helt anonym og uten å bli lagt merke til. Her oppe har dette forandret seg veldig. Vet ikke helt om jeg har forandret meg også, men uansett så har jeg på en måte fått et løft her oppe. Mye mer selvtillitt og tro på meg selv. Tror dette kommer av at man blir fortære lagt merke til her oppe. Folk er nysgjerrig på hvem du er og hvis du gjør det som blir forventet og samtidig viser interesse for det som foregår her oppe, så blir du på en måte automatisk løfta opp av de andre. Slik kan det sikkert være andre steder også, for eksempel [på Hamar], men her oppe er det på en måte samtidig forventa at du skal yte litt i omgivelsene dine, altså være aktiv i lokalmiljøet. Dette gjør at samholdet og aktivitetsnivået blir godt og sterkt og man blir derfor også båret fram av de andre, både jevngamle, men også av de eldre. Tror ikke det er slik så mange andre steder enn her".

'Geir' fortel vidare at han legg stor vekt på skilnaden mellom det å komme til Svalbard som eit kortvarig prosjekt, og på dei som har ei lengre historie til staden og som han identifiserer seg som å vere ein representant for. Enkelte uttrykk som vert brukt av dei med ei lengre historie til Longyearbyen, er med på å tilkjennegi eit skilje i forhold til varigheita ein har hatt til staden. Ein finn blant anna uttrykk som 'svalbard-veteran', og 'fersking'. Begge uttrykka er metaforiske og står som uttrykk for kor lenge ein har vore på Svalbard. Enten gjennom å være bufast eller ved at ein har hatt staden nærmast som ein nomadisk destinasjon gjennom fleire år.

Ein får ei gradert verdisetting av eigen identitet ved at den vert gitt eit kollektivt mål i kraft av peike tilbake på kor vidt ein enten er 'fersking' eller 'svalbard-veteran'. Den romlige tilhørigheita til 'senior-ungdommen' kjem i konflikt med det ytre kollektive presset gitt av kor vidt ein er 'fersking' eller 'veteran'. Dette presset kjem fram gjennom at mange eldre i Longyearbyen tyr til desse uttrykka, når dei forsøker å tidfeste kva omfang av tilhørighet ein har til staden. Dette er gjerne eldre som opererer med klare referansar til ei tid, der Longyearbyen ikkje var eit familiesamfunn, men primært eit gruvesamfunn. Den tida var ein ofte på arbeid for ei kortare periode om gongen og reiste heim til familie og bekjente, når kontraktstida var over. Mange inngikk etter ei tid nye kontrakter, og ein kunne dermed reise til Svalbard på ny for å arbeide. Etter som ein fekk fleire turar til Svalbard for å arbeide, så vart ein også etter kvart ein 'veteran'. I dag vert dette brukt i eit litt lausare

form, men mange eldre tyr framleis til slike karakteristikkar for å gjere ei slags måling på kven dei står ovanfor. 'Senior-ungdommen' bruker ikkje desse uttrykka i like utstrakt grad, men fleire viser til at dei er med på å leggje ei forventing om at ansvaret ein må ta for å ivareta lokalsamfunnet aukar ettersom tida ein har lagt bak seg i Longyearbyen også aukar. For 'senior-ungdommen' er dette med på å leggje føringar for at ein må tilpasse seg noko, som for dei framstår som diffust og udefinert. Det oppstår ei form for ekskludering utan at det som skal virke som inkluderande er tilstrekkeleg tydeleg.

På den eine sida kan det synest som om 'senior-ungdommen' vert ståande i ein situasjon der det ligg eit uuttalt krav om å ta vare på Longyearbyen. Eit krav som peikar tilbake til ei svunnen tid, forstått som eit kulturhistorisk krav om å ivareta simplisiteten samfunnet i si tid representerte, då det var eit gruvesamfunn. Den gongen var det, i større grad enn i dag, fritt for lokalpolitiske føringar og det som i mange samanhengar vert omtala som å vere eit "samfunn uten for mye byråkrati, lover og regler", som 'Per' seier.

På den andre sida kan det synest som om kravet også ligg til dagens situasjon, og slik staden framstår i notid. I ein samtale eg hadde med ein som eg møtte i sentrum kom følgjande fram; "Det som er så bra her oppe er det unike samholdet [mellan arbeidskameratar] og folk ellers. Her oppe er det ikke sosialkontor og heller ikke narkotikaproblemer. Blir du tatt med om så 2 gram narkotika her, så er det rett ned. Synes det er helt ok at det blir kjørt en slik politikk på den saken. Det at man ikke har sosialkontor her, gjør også at for å være her oppe, så må man være aktiv. Man kan ikke gå her oppe, og forsøke å snylte på sosialet – her er ingen [sosialkontor] å snylte på! Det gjør at en på en måte får et bedre samfunn, uten slike folk. Dette er et av de fortrinna en har med å være her oppe!"

Oppfatninga av at ein lever i eit samfunn, med mindre byråkratiske og lovmessige føringar er med andre ord tydeligvis gjeldande også i dag. Ønsket om å behalde ei slik strukturell samfunnssoppbygging er stort frå dei som ser på Svalbard som ein fristad. Lokalsamfunnet vert på ein slik måte oppfatta som 'spesielt', og samtidig oppstår det eit form for krav om at dette må opprettholdast. Dette fører til eit misforhold knytta til korleis ein presenterer staden utad. For 'senior-ungdommen' resulterer dette til eit usikkert forhold mellom måten dei sjølv ønsker å presentere staden sin på, opp mot kravet til presentasjonen gitt utanfrå. Denne usikkerheita kjem til syne som ein oppfatning av at ein må tilpasse seg noko. Ein

må vere ”aktiv” og vidare, ”visst du gjør som det blir forventet” som ‘Geir` seier. Forventninga som ‘Geir` viser til, er med på å identifisere eit krav som ligg i tilknytning til måten Longyearbyen vert identifisert på av både dei som ‘Geir` omtalar som ”jevngamle”, men også av dei eldre og av dei som ser på Longyearbyen som ein fristad. Ein står altså ovanfor eit krav om kan tolkast som å vere ein ‘lovnad` om å opprettholde ein samfunnsstrukturell oppbyggnad som den er. I motsatt fall ligg det at ein kan bli marginalisert og i verste fall ekskludert, ved at ”en på en måte får et bedre samfunn, uten slike folk”, slik eg ofte fekk høre det.

5.5. ”Aannerledeslandet”.

Eg har til no gitt nokre betraktingar knytta til korleis ‘senior-ungdommen` ser på omgivelsane sine i lys av natur, fødestad og krav om aktivitet. Eg skal i det følgjande bevege meg inn på forhold som berører livsverda til ‘senior-ungdommen`, sett i lys av nokre konkrete samfunnsstrukturelle oppbygnader. Eg skal sjå kva refleksjonar som kjem fram gjennom samtalar knytta til emne som omhandlar konsekvensar av ei særeiga lovgivning på Svalbard. Deretter skal eg gå over til å sjå på korleis dei forheld seg til eit samfunn utan innslag av eldre i den forstand at det ikkje er lagt til rette for eit omsorgssamfunn i Longyearbyen. Eg skal så kome litt inn på språket blant ‘senior-ungdommen` og få nokre betraktingar knytta til nokre særeigne omgrep som er i bruk i Longyearbyen.

5.5.1. **Slikt vil vi ikkje ha her!**

”Har man et strå i lomma så blir man jo sendt ned herifra!”. Foranledninga til dette utbrotet, var ei samtale eg hadde i lag med nokre personar som eg ofte var i kontakt med. Personar som hadde blitt gode støttespelarar og ‘døropnarar`, når eg trengte ny innsikt i forskjellige emner som eg visste rørte seg i Longyearbyen, men som ofte framstod som uklare.

Vi hadde i utgangspunktet ein samtale om våpenbruk. Eg ville ha meg ein tur på eiga hand opp på ein av fjelltoppane som ligg like utanfor sentrum. I forbindelse med dette, trengte eg eit våpen, og eg benyttta høvet til å spørre litt om korleis og kven som fekk slikt, når ein berre var ein besökande. Det var då det vart ytra litt om at nesten kven som helst kan få

låne seg eit våpen i Longyearbyen. Resultatet er ofte at ein har mange besökande gåande rundt i byen med våpen og ammunisjon på lomma, utan å vite kor vidt personen eigentleg er våpenkyndig eller ei. Rutinane for utlån av våpen er basert på ei eigenerklæring om tidlegare erfaring med våpen og ei subjektiv vurdering frå den som eventuelt låner ut våpen. Denne eigenerklæringa vert i sin tur levert inn til Sysselmannen og utlånar står i ein ansvarssituasjon for at kontroll og 'korrekt' vurdering er gjort. Skulle noko gå gale kan utlånar bli gjort ansvarleg og miste løyvet til å låne ut våpen. Det er vanskeleg å vise til ein målestokk i dette tilfellet, men det er langt mellom episodar av alvorleg art, knytta til denne måten å ha tilgang til våpen på. Men som 'Rolf' seier: "Det virker som de fleste forstår at våpenet er noe som er nødvendig som beskyttelse når man skal på tur. Det slår dem liksom ikke i hodet at man kan bruke våpenet til andre ting også. Men det er jo klart – mange gange venter man jo bare på at det skal skje noe, man vet jo aldri. Du ser jo selv mange av de typene som plutselig har et våpen mellom hendene – ikke vanskeleg å se at mange av de aldri har hatt et våpen mellom hendene før, men likevel – heller utstyre dem med et våpen enn å hente dem ned dagen etter, 'spjæra' av en isbjørn".

Det har vore ein del debattar omkring praksisen knytta til våpen i Longyearbyen. Problemstillingen går på nettopp det som 'Rolf' påpeikar. Etter nokre stygge episodar for nokre år sidan vart det stramma inn på viktigeita av å ha våpen i det ein skal bevege seg ut på tur. Trass rutinene frå uteigarar, så veit ein likevel ikkje alltid om personen som får våpenet er kyndig og stabil nok til å bære eit våpen. Det er i denne samanhengen eg får kjennskap til ei sak som i større grad har interessert informantane mine. For som 'Rolf' plutselig seier "Ja, så det er et stort paradoks at nesten alle og en hver som kommer opp hit kan få et våpen mellom hendene, men har man et strå i lomma, så bli man jo sendt ned herifra!"

Det 'Rolf' siktar til er at dersom du vert teken med narkotiske stoff ("strå") i Longyearbyen, så vert ein i utgangspunktet utvist frå Svalbard. 'Rolf' fortel at det for nokre år sidan vart utvist tre personar på grunn av besittelse og bruk av narkotika i Longyearbyen. I følgje Sysselmannen er denne utvisninga fatta med "heimel i forskrift om avvisning og utvisning fra Svalbard av 9.juli 1976 nr 5 § 2 c)". I denne konkrete forskriften heiter det at når ein person "tidligere er straffedømt for overtredelser av lov eller bestemmelser gitt i medhold av lov som gjelder for Svalbard, og det er grunn til å frykte

for at han vil komme til å begå nye straffbare handlinger på Svalbard”¹⁴. Utvisninga som skjedde seint på 90-talet skapte store overskrifter i norske medier. Sysselmannen fekk gjennomgå av i sær avisa Nordlys for å bedrive det som vart omtala som ”hundsing av nordmenn på Svalbard. Landsmenn blir deportert fra Longyearbyen … hold dere borte fra norsk jord på Svalbard i to år, er beskjeden tre ungdommer har fått” (Nordlys, 1999).

I samtale med fleire av ‘senior-ungdommane’ får eg bekrefta historia. Mange av dei uttrykker skepsis og undring over kva prinsipielle føringar dette er med på å gi. Dei aller fleste eg har hatt samtalar med kjenner til at det er narkotika i Longyearbyen. Men som ‘Einar’ uttrykker det ”æ har en litt sånn delt forhold til det da. På en måte så skjønne eg vel..., æ skjønne vel tankegangen til dem bort på Skjæringa [Sysselmannen] når, holdt på å si, når dem utvise og sett ned foten, og på en måte skal ha det klart at dem skal ha nulltoleranse og dem ikke vil ha sånt her. På den anna sia så synes æ det e, altså reint personlig så synest æ det en drøy avgjørelse”. ‘Einar’ fortsetter med å reflektere rundt kva dette har å bety reint prinsipielt. Dei som var utviste var lokale ungdomar utan foreldre i Longyearbyen. Det ‘Einar’ stiller spørsmålteikn med er kva som vil skje dersom ungdom som er bufaste i Longyearbyen i lag med foreldre og familie for øvrig, skulle bli teken for eit liknande forhold. Kvar skulle denne ungdommen bli sendt, undrar ‘Einar’ seg over. Vidare spekulerer han over korleis det hadde vore om ein hadde eit liknande regelverk på fastlandet. Som ‘Einar’ seier ” og der er jo problemet – kor i all verden skulle en sende dem hen? Det e jo mest bare fordi du e her på en såpass spesiell plass at du kan sende dem et anna sted, du kan ikke bare... ja, tar du en i Oslo så sender vi ham til Trømsø, ikke sant!?” ‘Einar’ himlar med augene og er ironisk når han nemner det siste scenariet med Oslo og Tromsø.

‘Einar’ er klar og tydeleg på at han ikkje forsvarar bruk og besittelse av narkotika. Han er meir oppteken av å vektlegge at, fordi ein ikkje har eit tilstrekkelig tilrettelagt apparat som tek seg av det han omtalar som ”sosiale probleman og de folkan som kanskje egentlig treng hjelp i hverdagen, ja, så blir man sendt ned”. ‘Geir’ seier langt på veg det samme. Han legg vidare til at det skal bli interessant å sjå korleis ”Skjæringa [Sysselmannen] vil ta seg av en sak der det er en lokal en, med hele familien sin her. Det vil jo før eller senere skje!”. Det ‘Geir’ siktar til, er at før eller seinare vil Sysselmannen måtte ta stilling til korleis ein skal

¹⁴ FOR 1995-02-03 nr. 96.

behandle ei eventuell sak der eit utvisningsvedtak kan bli retta mot for eksempel ein tenåring som har all si nære familie busett i Longyearbyen. Han gir også eit scenarie som potensielt vil kunne gjelde han sjølv. Han spekulerer på kva som vil skje dersom han ender opp med å etablere eiga familie i Longyearbyen, med eigne barn. Det vil i eit slikt scenarie ikkje berre vere han, med eventuell kone og barn som er busett i Longyearbyen, men etter all sannsynlegheit også dei som då vert besteforeldre vil vere busette der. Dersom han då skulle kome i ein situasjon av ein eller annan karakter, som kunne danne grunnlag for utvisning – ville det då føre til at han ville bli utvist? Spørsmålet vert for 'Geir` hengande ubesvart i lufta.

Blant 'senior-ungdommen` er ein fullt klar over og innforstått med at det eksisterer eit regelverk som går på at ein vert sendt vekk frå Svalbard dersom ein ikkje held seg til at "her oppe må man oppføre seg ordentlig!", som 'Geir` seier. 'Regelen`, som dei ofte fleipar med i mange samanhengar, vert oppfatta som såpass uklar at den i seg sjølv er kime til usikkerheit og ambivalens blandt 'senior-ungdommen. I lova heiter det eksplisitt at "§ 1. Den som kommer til Svalbard, kan av sysselmannen eller den han gir myndighet, bortvises ved innreise eller senere: c). når det må antas at han ikke er i stand til å ta vare på seg selv"¹⁵.

Poenget som 'Einar` og 'Geir` vil fram til, er at det i mange tilfeller og mange situasjoner, ikkje finst presedens for forhold som ein vanlegvis finn som tilrettelagte i det dei omtalar som eit 'normalt` samfunn. Dette gir ei kjensle av å ikkje vite kva som alltid er 'god oppførsel`, som er måten dei tolkar denne regelen på. Usikkerheit og ambivalens er resultatet, noko som ofte kjem til uttrykk gjennom humor hos 'senior-ungdommen`, og som i mange samanhengar har klare referansar til ei tid som viser til verda slik ho var på 1940-talet. Ambivalansen kjem fram som eit resultat av referansane og kjennskapen 'senior-ungdommen` har til etablerte samfunnsstrukturane andre stadar. Referansane dei tyr til er då i sær det norske fastlandet. På eigen lokalitet, altså Longyearbyen og Svalbard, finn dei ikkje igjen dei samme samfunnsstrukturane. Ønskjet om lignande måtar å organisere samfunnet på ligg latent i tilknytning til fleire saksforhold, som for eksempel den det er vist til her. Parallelt med dette, så er tilfredsheita med å være situert i ein lokalitet, som nettopp ikkje ber karakter av å representera 'det normale`, noko som skaper

¹⁵ FOR 1995-02-03 nr. 96

nye refleksjonar knytta til kva ein velgjer ved å busetje seg i Longyearbyen. Valg som 'senior-ungdommen' i stor grad er medvitne om, men som like fullt gir utfordringar knytta til ei kjensle av tilhørigkeit.

5.5.2. Livsløpssamfunn -forventning og tru på annleisheit

I St.meld.nr. 9 (1999-2000) vert det sagt om Svalbard at "... samfunnet må ha både en størrelse og en sosial struktur som gjør det attraktivt og godt å bo i Longyearbyen, for alle grupper. Regjeringen vil likevel ikke legge til rette for å utvikle Longyearbyen til et livsløpssamfunn"¹⁶. Det er altså, så langt, ikkje politisk vilje for å leggje til rette ein samfunnsstruktur som opnar for at Longyearbyen kan, eller skal organiserast som eit samfunn der ein kan leve sitt liv frå fødsel - via alderdom, og fram til sin død. Dette innebærer blant anna at ein ikkje legg opp til å ha dei tjenestetilboda som krevst for å ta seg av gamle og uføre med behov for hjelp i kvardagen.

For 'senior-ungdommen' skaper dette ei rekke refleksjonar knytta til kva dei står ovanfor i møte med eiga framtid, eigen identitet, korleis dei meiner staden dei bur på må forståast, og kva implikasjonar det gir å måtte forholde seg til Longyearbyen i lys av at det ikkje vert lagt til rette for eit livsløpssamfunn.

Informantane mine gjer seg fleire refleksjonar til om ein i Longyearbyen skal kunne utvikle og leggje til rette for at ein skal få eit livsløpssamfunn. Det kjem fram nokre tydelege ambivalensar i samtalane eg hadde med 'senior-ungdommen' om dette. Eg skal her la tre av dei få sleppe til, for å vise korleis ambivalensen og usikkerheita kjem fram. 'Geir', 'Einar' og 'Gunhild' uttrykkjer kvar for seg dei samme synspunktta. Eg skal her la kvar enkelt av dei få stå for eit synspunkt kvar. Dette gjer eg kun for å vise til at dei vektlegg litt ulike betydningars av kva mangel på eit livsløpssamfunn fører til. Dei er ikkje innbyrdes uenige om at det er vanskeleg å vite kva ein skal forholde seg til opp mot eigne framtidsplanar, tankar om å forlenge eiga butid på Svalbard og kva samfunn dei meiner ein har med å gjere, som eit resultat av at Longyearbyen ikkje er tilrettelagt som eit livsløpssamfunn. Eg gjer dette for å vise at 'senior-ungdommen', trass slik eg har behandla den – som ein autonom generasjon, ikkje er eit 'vesen' med ein eigen identitet. Men at

¹⁶ St.meld. nr. 9 (1999-2000) Svalbard.

senior-ungdommen består av ei gruppe personar med pragmatiske meiningsforskjellar (jmf. kap. 2.4.4) knyttta til samme sak.

‘Geir` opnar med å seie at samfunnet heilt klart vil miste sitt sær preg. ‘Gunhild` på si side er klar på at det må bli mogleg også for eldre å kunne basere seg på ei livslang framtid i Longyearbyen, medan ‘Einar` viser til begge deler.

Det viktige med ‘Gunhild` sin versjon, er at ho begrunnar betydninga det vil ha å få eit livsløpssamfunn, med at ho ikkje lenger har familie på fastlandet som ho gir ei nemneverdig betydning for eiga framtid. Ho uttrykkjer at ho ikkje føler tilhørigkeit til nokon stad på fastlandet i Noreg. Derfor stiller ho seg undrande til om Longyearbyen kan bli ein stad som kan opne opp for å tilby ein stabilitet, som i sin tur vil kunne virke som ein premiss, for å kunne falle til ro, på det ho omtalar som heimstaden sin – Longyearbyen. Som ho sjølv seier; ”både æ og [søsken] har jo vært her bestandig. Og så e det jo hjemmet våres, vi har ikke noen annen hjemplass, så da e det jo trasig viss vi plutselig må dra, fordi at vi ikke får lov å være her. Det synes æ egentlig e ganske tåpelig, hmh”. Når ‘Gunhild` her snakkar om ”vi”, så meiner ho ikkje først og fremst sine eigne foreldre. Ho ordlegg seg også slik i det ho ser seg sjølv inn i ei framtid, der det kan bli ei konkret problemstilling som ho eventuelt må ta høgde for. Med bakgrunn i dette uttrykkjer ho reint prinsipielt at ein må kunne tilretteleggje for eit livsløpssamfunn i Longyearbyen. Ho festar dette også til notid ved å seie at utan ei slik tilrettelegging, så vil ein heller ikkje kunne gjere Longyearbyen til ein heimstad, for som ho seier ”en hjemplass er jo noe man har, fordi det er noe som man kan komme tilbake til”. Slik eg tolkar dette, så vert Longyearbyen ein stad som ikkje representerer ein heimstad, fordi den gjennom å mangle eit livsløpssamfunn ikkje har i seg det som ‘Gunhild` meiner må til for å kunne kalle det ein heimstad i kraft av at ein då har noko å vende tilbake til. Ein får ei form for ‘punkteting` av staden i det ein forsøker å feste den til ein sosioromlig dimensjon som å representer ein heimstad. ‘Gunhild` både ønskjer og forsøker å tilskrive Longyearbyen ein identitet som sin eigen heimstad, men møter ibuande motsetningar som fører til eit slags logisk brot med sjølvforståinga av kva ein heimstad er. ‘Gunhild` seier sjølv at ho synes ”det e en veldig rar regel – det syns æ. Koffor i [...] skal de få bo her, når ikke pensjonistan får lov til å bo her!”. Det ho siktar til, er ein oppfatning av at det er samme regel som vert teken i bruk for å sende ned dei eldre, som ein anvender for å sende ned dei som eventuelt vert tekne med narkotiske stoff (Jmf. kap. 5.5.1). Til slutt er det viktig å påpeike at også ‘Gunhild` gir

uttrykk for sider ved denne saka, der ho påpeikar at Longyearbyen vil miste sitt sær preg dersom ein skulle få eit livsløpssamfunn. Men her skal 'Geir' skal få sleppe til med den sida av saka.

'Geir` meiner at Longyearbyen vil miste sitt sær preg om det skulle verte ein stad med plass for dei eldre. Han meiner det då vil vere behov for eit utvida omsorgsapparat. Han er i første omgang oppteken av Longyearbyen si historiske og tradisjonelle tyding, når han uttrykkjer ein slik skepsis. Men han grip også til forhold som viser til ein verdi staden vert gitt i lys av staden si samfunnsstrukturelle oppbygning. Han meiner staden ville bli ein "soveby" dersom ein skulle få eit livsløpssamfunn. Med "soveby" meiner han at "en da måtte lagt til rette for å ta vare på de gamle ... og alle de ressursene dette ville ha krevd. Fokuset og ressursbruken dette ville ha krevd kunne raskt ha ført til at folk hadde mistet viljen til å ta vare på miljøet [det sosiale] og hverandre på den måten som det er i dag. Jeg tror mange ville tenkt at 'ja, ja – det er ikke så farlig, det blir nok ordnet likevel''. Han begrunnar dette med å seie at folk i Longyearbyen nok "ville ha gitt litt meir blaffen, fordi ansvaret da ville ha blitt flytta over på styresmaktene for å ta vare på samfunnet". Han vil derfor ikkje ha eit livsløpssamfunn, for som han avsluttar med; "Det er det som er noe av greia med Longyearbyen – nemlig at det er i alle sin interesse å ta vare på særpreget den har – nettopp fordi vi selv er ansvarlige for hvordan det er her ... på fastlandet tror jeg en finner mindre engasjement nettopp fordi det hele tiden finnes lover, regler, byråkrati og etater som tar ansvaret og regulerer samfunnet slik at det fungerer. Slik er det ikke helt her. Her er det litt mer 'kardemommeby` enn andre steder". Kardemommeby? "Ja, at alle er like ansvarlige for hvordan det skal være her oppe, samtidig som det er en form for sterke selvjustis, gjør at det blir litt sånn 'kardemommebyaktig'".

'Einar` kan få oppsumere det heile med å vise til ei haldning som er meir eller mindre sams for alle tre. Han viser til at debatten om livsløpssamfunn eller ikkje, har pågått lenge i Longyearbyen "Æ trur det blir å begrense seg sjøl egentlig, for i det øyeblikk at folk begynne å bli sjuk og ja, helsa begynne å skrante inn og sånt, så trur æ kanskje ikke nødvendigvis alle VIL være her lenger. [Men] æ trur ikke nødvendigvis samfunnet hadde hatt vondt av å få noe, ehh, altså det e jo et kunstig samfunn sånn som det e no da, her skal alle [liksom] være sunne og friske og jobbe. Og kan du ikke det, så skal du ikke være her, sånn omrent da ".

6

Svalbardposten nr. 21 - 30. mai 2003

Svalbardposten nr. 21 - 30. mai 2003

7

«Elitesamfunn» uten pleietrengende

Justisdepartementet
fastholder at Svalbard ikke skal vere et
livsløpsamtun. Når du blir gammel og
pleietrengende må du flytte vekk. Slik Anna
Johansen mætte.

Av Christine K. Hansen

En venn rygde gjorde at jeg
måtte skrive om Anna Johansen, forteller

Jeg hadde ventet i det
lenge på at Freia til Tordilund
med et forslag mætte leg til
størst grøpeformutset, pakke
samme med. Men det var ikke resse
med til Brønnbyggen, der var
redt at høys til jeg ventet ville
gi seg opp. Det var ikke ettablere
mens på nyt, sier hun.

Men nå angjører dypt på
at jeg ikke kan få en prat med Anna.
Så ser jeg at jeg ikke kunne
være der fremdeles.

Tordilund Torkildsen,
formann i den Norske Svalbard-skap og Svalbard
Stiftelse, er ikke til stede til tiden
ettersom for en forordning

det er ikke mulig å få
deltake i et samfunnsmøte
i Norge før man blir over 60 år.
Men justisdepartementet
står bak en politikk om
Stortingets bestemmelser om
at avskaffes etterspørrelsen om
livsløpsamtunet, vil i følge
departementet ikke bli revurdert
med hensyn til.

Har ikke hjelpe
Anna Johansen er av dem som
har måttet flytte fra Svalbard
i frykt for at hun ikke
lengre kan få hjelpe til med
hjem til andre.

— Jeg ville ikke ha høyde
for et livsløpsamtun. Men
jeg må understrekke at jeg bare
har møtt velkomne og
måltidskostnader. Det er ikke
ikkje minst på sykehuse.

Første gang jeg kom til
Svalbard var i 1982. Da gobbet
som ferierevik fra Longyearbyen
og gikk vidare til StoreNorske. Et
par år senere ble han fast ansatt
ved sykehuset. Han arbeidet

PA HUSET: Anna Johansen mens hun ennå bedde i Longyearbyen. (Foto: Birger Amundsen)

blant annet som anestesi- og
operasjonsassistent, fram
til hun var 60-åringen i 1988.

— Etter at jeg var 60-åring
var jeg ikke lenger i stand
til å jobbe i sykehuset, men
fikk til war at det ikke
kan bli en del arbeid som jeg
kjempet for, og hadde nok
mulig for norske statsborgere

— Nå er min største drøm å
fare vare 2-3 måneder på Sval-
bard. Det er ikke noe som
markedsfører gjer sitt intet. For

det er Svalbard som står mitt
hjemme, sier Anna Johansen.

Etter ordning
Høye Røgjetingen er døringen
i landet om støttesituasjonen i
Åmås-situasjonen. I 2000-års
statistikk fra 2002 var det
iklartest at det ikke vilkørlig
blet ytterligere helsehelsetil-

— Fortsatt vil det være slik at
folk blir av forskjellige grunner
ikke lenger klarer seg selv,
men ikke lengre til feststaldet,

— Kjellberg har ikke ikke
skilt seg fra Svalbard, men han
er ikke lenger i stand til å jobbe
etterspørrelsen etter
at han ikke har fått et
arbeid som i denne årene
har blitt intensivert. Han mener
at kostnadene for å bygge ut

uforholdsmessig har økt.

— Det fortsetter med å øke seg
og det er ingenting som tilser at
det skal bli laget noy med
støttesituasjonen, sier Anna Johansen.

— Det er ikke en god
tid for å starte et nytt
liv, sier Inger Arvane Stokke ved
Justisdepartementet, polar-avdelingen.

Videre i meldingen heter
det at «Regjeringen forutber-
ter for at det ikke vilkørlig
(med sosialtiltak) fortsatt skal
ikavrides av den kommunale
delen av helsehelsetil-

— Fortsatt vil det være slik at
folk blir av forskjellige grunner
ikke lenger klarer seg selv,
men ikke lengre til feststaldet,
sier Anna Johansen.

Overkommelig behov
Tordilund Torkildsen har ar-
beidet lenger for at Svalbard
kan få etterspørrelsen etter
eldre og kritisk sykdom
mens kostnadene til å bygge ut

GODE BUSER: Freia Hützenreuter og Anna Mæland møtes ofte for å slå av en prat på Kafé Buren. (Foto: Christine K. Hansen)

blant annet i Brønnbyggen og
lenger tilbake til Svalbard. For

det er ikke en god tid for
tilbake sin alderdom her, så
er det umulig å si hvor mange
års arbeidstid som kan tilsvare
livet ut.

— Jeg er overbevist om at
Svalbard vil gå til at
livsløpsamtunet. Men den
sannsynlighetens storhet
sættes ikke kontrollert inn i
skje kan jeg ikke svare på, sier

Torkildsen.

PA KAFÉ-BUREN trifter Svalbard-
posten Anne Mæland og Freia
Hützenreuter. De er et
stort samarbeid i Svalbard.
Gardagårdens skjørt og geolo-
giske forskning blir diskutert, og
de to er også gode venner.

— Det er ikke en god
tid for å starte et nytt
liv, sier Anna Johansen.

— Det kan også være
dårlig for en person som
er godt tilpasset sin
miljø, forteller Anna Johansen.

— Nå er det så komt her uten
hjemme.

Trives på Svalbard
Mæland har ikke vært i landet
et helt år, men hun er pen-
sjonist en enkelt som pensio-
nister ikke har hatt tilgang til
naturen her. Men jeg tror det
er veldig fint at hun er

her. Men jeg tror det
er veldig fint at hun er

her. Men jeg tror det
er veldig fint at hun er

her. Men jeg tror det
er veldig fint at hun er

her. Men jeg tror det
er veldig fint at hun er

— Jeg tror at det ikke er mer
entusiast per person som kunne
komme til landet. Det er
mer veldig fint å være her som
pensionist så lenge man kan

tilbringe sin alderdom her, men
sånn som ikke har hatt tilgang til
naturen her. Men jeg tror det

er veldig fint at hun er

her. Men jeg tror det

er veldig fint at hun er

her. Men jeg tror det

Figur 5 Elitesamfunn i Longyearbyen

Kilde: Svalbardposten nr. 21, 2003

Stadstilhørigheita, knytta til det som kjem fram gjennom samtalane om livsløpssamfunn, kan knyttast til ein forståelse av tilhørighet som ein funksjon av tid. Staden vert gitt ein erindringsdimensjon, gitt til kjenne som meiningsfull tid ein har blitt til del, gjennom ei tidsforankring til staden (Thuen, 2003).

5.5.3. Det mangler et språk her!

Noko som eg tidlegare har vore inne på, er at det blant dei norske innbyggjarane i Longyearbyen ikkje er påvist ei eiga dialekt (jmf. kap 4.3.1). Eg har ikkje gjort nokre undersøkingar for å finne ut av det motsatte. Men i dei fleste intervjua eg hadde var dette noko 'senior-ungdommen' sjølve trakk fram som eit moment, som dei meinte var med på å gi eit bilet av vanskane dei har med å finne ein eigen identitet, med tilhørigkeit og 'rotfeste' i staden sin. Som kjent frå tidlegare (jmf. kap. 4.3.1), så nemner Thuen at ei eiga dialekt, er ein av dei grunnleggjande måtane ein ofte gjer både ei tilskrivning til, og ei

sjølvtilskriving av, identitet. På ein slik måte kan ein orientere både kvarandre og seg sjølv i rommet, og gjennom tilskrivingane også feste identiteten til ein stad.

‘Gunhild` er kjent med at Mæhlum gjorde eit arbeid på Svalbard for ei tid tilbake. Men det som opptek ‘Gunhild`, er eit moment som trekk opp nokre linjer som kan knyttast til både identitet og tilhørighet. Ho er oppteken av at det i mange samanhengar er vanskeleg å bli teken på alvor når ho seier at ho er frå Svalbard. Ho vert veldig engasjert når vi reflekterer rundt dette emnet. Noko av det som for ho skaper størst frustrasjon, er at ho føler seg konfrontert når ho prøver å seie at ho kjem frå Svalbard. Ein av kommentarane ho kjem med er knytta til dei mange tilreisande som kjem innom der ho arbeider. Av dei tilreisande vert ho ofte spurta om kvar ho kjem ifrå og at ho også snakkar nordlending. ‘Gunhild` må ofte replisere med at fordi om foreldra hennar kjem frå [fastlandet], så gjer ikkje ho det. Når ho i tillegg vert konfrontert med at ho snakkar ‘nordlending`, så må ho replisere med at ”selvfølgelig, æ e jo norsk”. Poenget som ‘Gunhild` vil fram til er at kjennskapen til Svalbard og Longyearbyen, i følgje ho, er så mangefull, at ho til stadigheit må forsvare si eiga kjensle av å betrakte seg sjølv som å høre til i Longyearbyen. I dette forsvaret kan det virke som om ‘Gunhild` har laga seg nokre forestillingar som er med på å styrke ein kjensle av eigen identitet og tilhørighet. Den eine måten forestillinga kjem til uttrykk på, er gjennom å vise til fødestad (jmf. kap. 5.3.1), og den andre er at ho grip til ei forklaring der ho viser til eit lokalt språk som er med på å styrke denne kjensla. Ho viser til ei overbevisning om at, når ein har budd i Longyearbyen heile sitt liv, så meiner ho at dei dette gjeld ”har ei dialekt som ligne nokka. Æ love dæ, du komme ikkje til å klare å plassere [oss] noen plass i hele Norge, visst du prate med [oss]”. Og vidare seier ho at ”vi tenker i alle fall sånn her, at vi ikkje prate på samme måte som andre steda [...] Æ vil i alle fall tenke slik, at man har et eget språk her! Ka ho sier ho språkdama hjelper ikke, he,he. Det e helt klart noen forskjella her i forhold til nede. Slik må i alle fall æ tenke. Kordan skal æ ellers vite kem æ e, æ e jo her i fra!”

Det kan virke som om det ‘Gunhild` her gjer, er å tilskrive seg sjølv ei forestilling om at identiteten og dermed tilhørigheita til Svalbard og Longyearbyen vil styrke seg, ved at ho kan vise til eit eige lokalt språk. Vi ser altså ei form for forestilt sjølvtilskriving av eigen identitet, ved å ty til eit forestilt lokalt språk. På ein slik måte kan ein gjere ei identifisering av eigen identitet, som deretter kan knyttast til staden og dermed gjerast gjeldande som eit moment for tilhørighet, knytta til ‘sjølvet`. Mæhlum viser til at ein mangel på ”sosial

stabilisering” (Mæhlum, 1999, s. 14) kan vere ein av årsakane til at det ikkje eksisterer ei eiga dialekt i Longyearbyen. Ein kan altså tolke det som at mangelen på ein sosial stabilitet, både i romlig og tidsmessig forstand, fører til at ein identitet som har eit ønskje om å vere ‘rotfesta` til staden, heller endar opp i ei flyktighet. Utfallet resulterer i eit ambivalent forhold til både stad og eigen identitet. Ein tyr derfor til forestilte og forventningsprega forestillingar, som metodar for å konstruere eiga tilhørigheit. Før ein i neste omgang knyttar dette til både det ein meiner staden er, og dermed også kva den er med på å gi av tilhørigheitsskapande relasjonar.

5.5.4. Reise ”opp” og ”ned”

I alle intervjua eg gjorde, kom det fram nokre særuttrykk som er særskilt karakteristiske og som er vanlege i dagligheten blant ‘senior-ungdommen’. Særuttrykka vert brukt både metaforisk og som symbolsk meiningsfulle. Eg skal her gripe til to særuttrykk som vert brukt, og som eg opplevde å måtte forholde meg til i den daglege kontakta med folk i Longyearbyen. Eg skal gi ein kort kommentar til korleis desse særuttrykka vert forstått og deretter gi nokre kommentarar som kan vere med på å gi uttrykka ein relevans for måten ‘senior-ungdommen` ser på staden sin.

Det første særuttrykket er i utgangspunktet to. Men det eine synes ikkje å ha ein verknad utan det andre. Dei framstår som eit dikotomisk omgrepspark, forstått som å ha to ulike, men gjensidig avhengige meininger. Uttrykka det handlar om er ‘opp` og ‘ned’. Uttrykka vert brukt i fleire samanhengar. Det er for eksempel når informantane snakkar om nokon dei kjenner som bur ‘nede’, - i forbindelse med bestilling av varer ‘nede` eller at dei skal ha seg ein tur ‘ned`. I desse tre samanhengane er det fastlandet i Noreg dei snakkar om Det andre er at dei bruker ‘opp` eller `her oppe` som ein motsats til ‘ned` og ‘nede`. Omgrepa vert altså brukt som å plassere noko i rommet. Eg skal her gjengi bruken av desse særuttrykka knytta til ein samtale.

‘Solveig` fortel at ”av og til må æ bare ned en tur for å få luft”. Når ho vidare fortel kva ho meiner med dette, seier ho at ”av og til blir det bare for trangt her, så æ må en tur ned for å puste ut litt liksom”. Her ligg det ei rekke metaforar. Etter kvart som samtala skreid fram fekk eg vite at det ‘Solveig` seier, er at ho av og til kjenner at ”det e presset fra omgivelsan, det tette sosiale miljøet, krava om hele tia å være engasjert og aktiv”, som gir

eit behov for å skifte litt omgivelsar. 'Nede` meiner ho å finne dei omgivelsane som gjer at ho får ny energi. Ho forklarar dette med å vise til at "nede e det som om de kontrastan man møte, virke slik at man får ny giv, liksom [før] man reiser opp igjen". Vi har også tidlegare blitt kjent med at 'Einar` har gitt eit liknande bilet, der han snakka om det eksotiske (jmf. kap. 5.2.1) og at han brukte å ta seg ein tur 'ned` for å få litt andre omgivelsar.

Det andre særuttrykket er 'reise på slutt` – dette uttrykket har ofte kome fram gjennom samtalane. Især ved slutten av intervjuet, var dette framtredande. Og især når vi snakka om livsløpssamfunn, var informantane ofte innom refleksjonar som dvelte ved eiga framtid.

I samtale med 'Einar` spurte eg heilt på slutten av intervjuet om kva framtidsplanar han hadde, og eg lurte på om han såg for seg å fortsetje å bu på Svalbard i framtida. Svaret var at "nja, æ planlegg ikke å reise på slutt ennå!". Dette var første gongen eg hørte dette utsagnet. Eg spurte kva han meinte med dette, og han utdjupa; "Å reise på slutt betyr bare at man endelig bestemmer seg for å reise ned". "Ja, men det er å flytte frå Svalbard du eigentleg meiner, er det ikkje? – Kvifor 'reise på slutt`?". "Vel, 'reise på slutt` er noe som henger igjen fra gruvetiden: Man brukte å si at man reiste på slutt når kontraktstiden var over og man ikke lenger skulle opp hit. Man skulle ned for godt!". "Ja, men det var då! – Kvifor seier dykk det no?". "Det e jo bare slik, det henger igjen som et uttrykk vi har her. Det er også sånn at Svalbard ikke er en plass man kommer tilbake til hvis man først har bestemt seg for å flytte her i fra. Svalbard er en plass man på en måte bare har på lån!".

Ein kjem likevel ikkje utanom at 'senior-ungdommen` også uttrykkjer eit ønskje om fast etablering til det dei omtalar som heimstaden sin.

Korleis kan vi setje desse uttrykka i samanheng med korleis 'senior-ungdommen` føler tilhørighet til staden sin?

Ingolf (2000) kan gi oss ein forståelse som kan vere nyttig for å setje bruken av desse særuttrykka i perspektiv. Han tek for seg eit verdsbilete som han illustrerer med utgangspunkt i korleis vi forheld oss til globusen. Han set spørsmålsteikn ved, "how can humans, or for that matter beings of any other kind, possibly be surrounded by a globe? Would it not be fairer to say that it is we who have surrounded *it*?" (Ingolf, 2000, s. 31). Ingolf skiljer altså mellom to måtar å 'les` verda på. Den eine som at vi 'les` verda i kraft

av å sjå den som eit subjekt avsondra frå oss sjølve, ved at vi ser verda utanfrå. Verda vert i ein slik samanheng, erfart som noko vi er på eller med. Den andre måten vi 'les' verda på er ved at vi erfarar verda som noko vi er i. Vi får altså to forhold – på den eine sida det vi kan forstå som å 'vere-på/med-verda` og på den andre sida, det vi kan forstå som å 'vere-i-verda`.

Korleis kan vi forstå dette forholdet knytta opp mot omgrepa 'opp` og 'ned`?

Held vi skildringane til 'senior-ungdommen` i bakhovudet, så skulle vi no ha fått eit innblikk i at dei vektlegg måtane Svalbard og Longyearbyen er oppbygde på, som "spesielle" og at ein slik forståing skaper kimar til usikkerheit, ambivalens og som ein stad med uklare føringar for konstruksjon av både eigen identitet og eiga kjensle av tilhørighet. Det siste vi har fått vite er det som 'Solveig` har fortalt oss. Når presset vert for stort føler ho for å reise ein tur 'ned`, for å ta det vi kan tolke som ein pause frå Longyearbyen og Svalbard, som er 'oppe`. Ein pause frå det som vi har fått vite av 'Einar`, og som han skildrar som, "et kunstig samfunn". Dreg vi ei slutning ut av dette, kan vi tolke det som at 'ned`, kan forståast som eit behov for å 'vere-i verda`, medan 'opp` kan betraktast som ein måte å 'vere-med/på-verda`. Det eg legg opp til her, er altså å vise at 'senior-ungdommen` gjer nokre valg når 'presset` av å vere i Longyearbyen vert for stort. Dei velgjer då å ta eit midlertidig opphold 'nede` før ein returnerer til det som er 'oppe`. Og som Ingolf også presiserer, "to intervene in the world, ..., implies the possibility of our choosing not to do so. It implies that human beings can launch their interventions from a platform above the world, as though they could live on or off the environment, but are not destined to live within it." (Ingolf, 2000, s. 39). Det kan virke som om 'senior-ungdommen` sin bruk av omgrepa 'opp` og 'ned` fortonar seg som metaforar, for eit romlig vekselspel mellom det å 'vere-i-verda` versus det å 'vere-med/på-verda`. Utkomet for 'senior-ungdommen` er ei kjensle av usikkerheit og ambivalens knytta til det dei ønskjer skal vere ein heimstad der dei kan etablere ei kjensle av å høre til. Ser vi på dette som eit ønskje eller ein ambisjon, så kan vi kanskje slutte oss til Mæhlum sine konklusjonar knytta til dialektstudiet ho har gjort i Longyearbyen. Mangel av ein "sosial stabilitet" (Mæhlum, 1992) kan vere ei årsak. Avsluttar vi med å leggje til det siste særuttrykket, så kan vi tolke det som at dersom ikkje samfunnet i Longyearbyen lenger svarar til forventingane, så velgjer ein å 'reise på slutt`.

I neste kapittel skal eg gi nokre utfyllande refleksjonar til korleis vi kan tenkje oss at ambisjon og ambivalens kan henge saman med identitet og tilhørighet til stad.

6. Ambivalens og tilhørighet

I det foregåande har eg gitt eit overblikk som har vore med på å belyse dei to første problemstillingane. Vi har også fått ei innsikt i den siste problemstillinga; 'Ligg det motstridande kjensler knytta til 'senior-ungdommen' si tilhørighet til Svalbard og Longyearbyen?'

Eg skal her forfølgje utkomet av siste problemstilling, slik det er kome til syne gjennom 'senior-ungdommen' sine skildringar i det forrige kapitlet. Eg skal forsøke å setje noko av det dei uttrykkjer i relasjon til staden sin, i kontakt med ein modell som kan virke klargjerande for korleis 'senior-ungdommen' uttrykkjer usikkerheit og ambivalente kjensler til staden sin.

I kapittel 3 introduserte eg nokre teoretiske perspektiv som eg har gjort anvendbare opp mot 'senior-ungdommen' sine måtar å uttrykkje tilhørighet og meinings tilknytning til staden sin. Eg introduserte i korte trekk nokre teoretiske perspektiv som skulle vere anvendelege for å fange delar av dette. I forlengelsen av ein debatt omkring det romlige omgrepet, introduserer Aase eit konsept som set debatten om kva romlig omgrep, og dermed kva stadsomgrep, ein kan benytte i eit vidare lys (jmf. kap. 4.3.5). Aase meiner debattane om absolutt, relativt og relasjonelt rom er irrelevante, fordi rom snarare må sjåast som eit empirisk anliggande, framfor å vere eit teoretisk spørsmål. I forlengelsen av dette, kan ein leggje til at ein gjennom å sjå etter symbolske tydingar, kan finne korleis desse er kulturelt bærande for den aktuelle staden (jmf. kap. 4.3.5), og deretter anvende dei respektive symbolske tydingane for både å tilskrive, og slik også gi stad eit meiningsinnhald.

6.1. Stad, ambisjon og ambivalens – ein modell !

Dersom ein tek tak i ei av grunntydingane til ordet ambisjon, så finn ein at det kan forståast som å bety mål og ærgjerrigkeit. Legg vi til den latinske¹⁷ tydinga av ambisjon (av lat. 'ambitio'), så kan vi også finne at det kan bety 'å trakte etter'.

¹⁷ Kilde: Cappelens ordbøker. Latinsk Norsk. Ordbok. Krægerud, E og Tosterud B. (red). 1998.

Tenkjer ein seg at ein stad vert tilskreve ein identitet, så kan ein også slutte at denne kjem til uttrykk som eit eige konsept, skapt både av staden sin tilskrevne identitet og i ein vekselverknad med individua sin eigen identitet og meinings. Held vi i bakhovudet 'seniorungdommen' sine uttalelsar om korleis dei ønskjer staden deira skal vere, så kan vi huske at dei gav uttrykk for fleire forhold som gjer at dei ikkje heilt veit kva dei skal meine. På den eine sida ligg det eit krav om å vere aktiv. Det ligg også nokre lovregulerte manglar dei meiner vanskeleggjer ei identitetsbygging slik dei vanlegvis kjenner det. Det ligg manglar i reguleringa av samfunnet som gjer at ein ikkje kan basere seg på ei livslang framtid der. På den andre sida er dette noko dei dreg fram som særegenheiter med Svalbard og Longyearbyen, og som dei på eit vis ønskjer skal bestå. Vi har altså eit sett av motsetnadar, som resulterer i eit ambivalent forhold til eigen stad.

Tenkjer vi oss nokre av dei nemnte forholda (lovreguleringa, krav om å vere aktiv, mangel på livsløppssamfunn) som å vere eit 'mål', eller som noko staden vert tilskreve - og som noko ein vil staden skal 'trakte etter', så kan vi kalle dette uttrykket for stadens ambisjon. Brukarane av ein stad vil relatere seg til ambisjonen både som eit mål, men og som ei ærgjerrigkeit som er med på å forsterke og å vere med på å reproduusere staden. Ambisjon vert eit omgrep som uttrykkjer både eit mål, som noko ein kan trakte etter, og som ei ærgjerrigkeit - produsert, både av staden sjølv og av brukarane av den.

Eit kan no tenkje seg to forhold som er med på å skape ein ambivalens hos tolkaren av ambisjonen. Det eine er at ambisjonen ikkje lenger svarar til den forståelsen ein har av staden. Den strukturelle 'belegginga' av staden vanskeleggjer ei sosial og kulturell utvikling sett i lys av det brukarne veit er mogleg andre stadar. Den materielle og lovmessige strukturen skil seg ut i forhold til andre stadar, og brukaren blir kjent med at enkelte forhold knytta til denne skilnaden, må 'godtakast' utan moglegheit til ei umiddelbar likegjering med andre stadar. Denne kunnskapen hos brukaren vert i sin tur omsett til å handle om valg. Brukaren blir sett inn i ein valgsituasjon der han må ta stilling til den sosiale og kulturelle 'kostnaden' det vil ha å bruke og skape livet sitt på Svalbard, versus kva 'kostnad' det vil ha å etablere seg på ein stad der dei strukturelle forutsetnadane svarar til det ein relaterer seg til som 'vanlege' samfunnsoppbygnadar. Vi kan relatere dette vidare til det problemet som Mæhlum også synest å ha møtt på i sitt arbeide. Ein manglande 'sosial stabilitet' er noko av det ho konkluderer med, som årsak til at ein ikkje finn ei eiga dialekt blant dei norske i Longyearbyen (Mæhlum, 1992).

6.1.1. Ontologisk sikkerheit?

Heggen (et.al) viser til at; ”Det seinmoderne individ er tvunget til å betrakte seg selv som arkitekten av sin egen framtid og refleksivt konstruere sin egen sosiale biografi” (Heggen, Jørgensen og Paulgård, 2003, s. 72). Det vert vidare sagt at ”identiteten utvikles ikke lenger i forhold til lokalt forankrede ‘gemeinshafter’ hvor identitet i stor grad tilskrives”, men det vert vist til at identitet i større grad vert utvikla gjennom ei investering i eigne refleksive potensial eller evner til omstilling. Det vert vist til at ontologisk tryggheit ikkje lenger er noko som vert gitt av eit fellesskap, men ”snarere noe som må erobres, som nå og da går tapt, og som må gjenerobres” (Ibid, s. 73). Altså, at eins eigen verdsanskuelse ikkje lenger er å betrakte som gitt gjennom eit felleskap, men at ein som enkeltindivid står fristilt frå verden utan referansar til andre enn seg sjølv. Giddens omtalar dette som ”pure relationship” (Giddens, 1991, s. 88) og viser til at individet i ein slik samanheng står fristilt frå blant anna tradisjonar, slektskap og andre fenomen, som er med på setje individet i ein forpliktande relasjon utover enkeltindividet si subjektive nyttemaksimering. ”Pure relationship” (Ibid, 1991), har altså ikkje i seg eit ytre press for samhold, men er meir å forstå som eit gjensidig utbytteforhold, der den aktuelle relasjonen vert broten i det den ikkje lenger er tilfredsstillande.

Giddens innfører vidare eit omgrep som han kallar for ”ontological security” (Giddens, 1991). Omgrepet kan forståast som ei skildring av ei ‘livsverd’, der rammebetingelsane knytta til dagleglivet for den enkelte, er oversiktleg, forutsigbart, samanhengande og konsistent. Kort sagt, eit omgrep som då impliserer, at dersom det oppstår eit brot eller ei oppløysing av ‘rammebetingelsane’, så vil dette resultere i noko vi kan forstå som eit samanbrot av den ontologiske tryggheita.

Korleis kan vi forstå ambivalansen med utgangspunkt i dette?

Giddens viser til det han omtalar som ”anxiety” (Giddens, 1991), som eit av utkoma ved eit samanbrot av rammebetingelsane for ”self-identity” (Ibid, 1991). Dette skal også vere litt av det vidare utgangspunktet her.

Giddens er ofte kritisert for å ikkje ta opp korleis rom har ein relevans for produksjon, reproduksjon og endring knytta til sosiale handlingar. Fosso grip i sitt arbeid eit spørsmål


som går på kva Giddens meiner med strukturar (Fosso, 1997). Her vert det peika på at Giddens definerer strukturar som "Rules and resources, or set of transformation relations, organized as properties of social systems" (Giddens 1984, s. 25). Ut av dette seier Fosso at omgrepet reglar, slik Giddens viser til, ikkje er meint som eksplisitte reglar og lover, men heller som reglar for social interaksjon. Sosiale reglar mogleggjer og set begresningar for samhandling mellom menneske. Giddens kan altså tolkast som å fokusere for sterkt på at det ikkje finst noko forut for sosial praksis (Fosso, 1997).

Men når ein i geografifaget skal forsøke å analysere "den geografiske mosaikk" (Holt-Jensen, 1990, s. 156), er det vanleg å betrakte kvar stad som unik. Dette er også noko av Aase sitt utgangspunkt (jmf. kap. 4.3.5). Generelle samfunnsstrukturar finst, men vert tilpassa kvar enkelt stad i ein unik kombinasjon av individuelle tolkningar, utførte av aktørane på den aktuelle staden (Holt-Jensen, 1990). Dei strukturelle rammene i samfunnet, forstått som måtane samfunnet er organisert på i lys av lover, reglar og t.d si kapitalistisk produksjonsform, er gitt. Men rammene virkar ikkje deterministisk. Dei er meir å betrakte som imperativ for tolkningar, som inngår som ein del av kulturen og dermed gir opphav til nye tolkingar. Reglar for sosial interaksjon kan altså vere påvirkta av eksplisitte reglar og lover.

Mine respondentar har ikkje ein mangel på materielle ressursar. Dei aller fleste viser til at dei har god økonomi, dei manglar heller ikkje noko av materielle goder i si private sfære. Dei uttrykkjer heller ikkje sterke sakn etter større utdanningsmoglegheiter og kulturelle tilbod. Dei er meir opptekne av at det for dei sjølve i ei viss grad handlar om valg. Motivasjonen for å være på Svalbard, er mykje fundert i at Svalbard, etter mine informantar sitt syn, er annleis enn nettopp det dei kjenner til som reelle strukturar andre stadar. For informantane mine, vert dette eit argument i seg sjølv, som talar for ein følelse av trivsel og friheit gjennom å bu på Svalbard. Eg kan ikkje finne at det er ein mangel på bevisstheit hos mine informantar som gjer at dei utviklar ein ambivalens. Eg finn heller ikkje at mine informantar er prega av angst, uro og usikkerheit i ei slik grad som Heggen vil hevde er ein konsekvens av "tap av ontologisk trygghet" (Heggen, et. al. 2003, s. 69). Det er heller tale om ein medviten kunnskap som tek høgde for dei valga kvar enkelt informant står overfor i møte med skilnaden på å bu på Svalbard versus ein annan stad. I samtale med informantane mine er ei av dei sentrale tilbakemeldingane nettopp at den

skilnaden Svalbard representerer i forhold til andre stadar, i seg sjølv er ein motivasjon for, og noko som representerer og styrkar ein trivsel knytta til det å bli verande der. Slik mine informantar uttrykkjer seg, så meiner dei sjølve at det handlar om bevisste og medvitne valg, og at desse valga har sine konskekvensar, men dei går ikkje på bekostning av ein tryggleik og trivsel i forhold til kva valga inneberer.

Slik eg ser det, er det altså frå no av mogleg å tenke seg ei ontologisk tryggheit” eller ”utryggheit” som har verknad på eit anna plan enn det Giddens (1991) og dels Heggen talar om (Heggen et.al, 2003). Vissheita mine informantar har rundt dei lovmessige, regulerte og samfunnsstrukturelle skilnadane mellom Svalbard (forstått som unik) og det dei sjølv uttrykker som ”et hvilken som helst annet sted” er så stor, at dei sjølve meiner det ikkje er den lokale samfunnsbyggnaden i seg sjølv, som er styrande for usikkerheita dei uttrykkjer, knytta til tankane dei rundt eiga notid og framtid. Ambivalensen er meir uttrykt gjennom eit samanliknande forhold, knytta til ei bevisstheit om at dei veit at det finst ein alternativ samfunnsbygnad, men at denne ikkje er å finne på deira unike stad. Ambivalensen står fram som eit resultat av kor vidt ein vil ha, ønskjer, og kan få, ein samfunnsbygnad slik dei kjenner den ‘der nede’, eller kor vidt dei meiner samfunnsbyggnaden slik den er på deira unike stad, skal bevarast som den er – der ‘oppe’. I dette ligg det ein ambivalens som kjem fram som og som kan skildrast ved å tale om ein ambisjon.



Figur 6 Stad, ambisjon og ambivalens.

Tidlegare har eg vist korleis ein kan tenke seg samspelet mellom objekt, teikn og interpretant (jmf. kap. 4.3.4.). Dersom ein støttar seg til denne tankegangen, meiner eg ein kan tenke seg ein modell, som også kan vise eit samspel med paralellar til samspelet mellom stad, ambisjon og ambivalens. I figur 1 viser eg korleis gangen i eit slikt samspel kan forståast. Dersom ein i modellen tenker seg stad som objektet, så kan ein vidare seie at; staden skaper ein ambisjon gjennom si forventing framstilt av stadens eigen identitet. Denne ambisjonen vert eit 'mål' (ambisjonen framstår her som symbol) for individet (subjektet). Sagt i klartekst, staden skaper ein ambisjon gjennom eit dialektisk samspel med individet (jmf. kap. 4.3.2), som i sin tur vert individet si tolkningsramme for kva staden er, skal vere og kan vere. 'Ambisjon' kan i modellen tilskrivast som eit symbol. Ambisjonen vert (gjennom si tyding som 'mål', 'ærgjerrig' og 'noko å trakte etter'), i sin tur gjenstand for enten å bli fullbyrda eller ikkje. Ambivalansen framstår som eit utfall, knytta til kor vidt ein ønskjer eller kan få til, ei fullbyrding av ambisjonen. Svalbard er i dag ikkje eit livsløpssamfunn, men debatten om kor vidt ein skal ha eit livsløpssamfunn eller ikkje, er likevel eit tema blant lokalbefolkinga i Longyearbyen. Det er spesielt for dei som nermar seg pensjonsalderen dette er eit aktuelt tema. Men problemstillinga kjem også til syne gjennom mine informantar.

Det er i sær to forhold som berører deira interesse. Konsekvensen av at Longyearbyen i realiteten, gjennom dei siste 20 til 30 åra, har utvikla seg til eit familiesamfunn, er at ein først i dag møter problemstillingar som handlar om at ein ved å ikkje tilby eit livsløppssamfunn, står i fare for å splitte familiarar frå kvarandre. Informantane mine er opptekne av at, trass i at nokon har sjølveigd bolig på fastlandet, så er dette ikkje alle forunt. Det er også vanskeleg å tenke seg at eins eigne foreldre må flytte frå ein stad dei har budd mest heile sitt liv, for så å bli plassert på ein eldreheim ein stad på fastlandet, der dei ikkje kjenner nokon. Mange av foreldra til mine informantar har lagt seg opp kapital gjennom eit langt liv på Svalbard og er fast bestemt på å bruke av sine sparepengar for å kunne oppholde seg der så lenge som mogleg inn i pensjonisttilverelsen. Likevel er dei fullt klar over at dersom helsa sviktar, så uteblir tilbodet ein treng i ein slik situasjon. Einaste alternativet er då at ein vert sendt 'ned'. 'Ned' til noko mange ikkje lenger kjenner. For mine informantar er dette i seg sjølv noko som gir ambivalente kjensler. Dei ser at dei ikkje er ein del av det systemet ein kjenner frå fastlandet og meiner at følgja er at dei sjølve ikkje heilt kan planleggje som dei meiner ein kan 'nede'.

På den andre sida er dei også opptekne av at Svalbard og Longyearbyen ikkje bør bli eit livsløppssamfunn. Dette meiner dei vil øydeleggje både særpreget og den historia som både Svalbard og Longyearbyen har å vise til. Tanken på å ha eldresenter og "gamlingar gåande rundt i Longyearbyen vinterstid", ser dei på som både uansvarleg og for så vidt som eine informant min uttrykker det - "latterlig". "Svalbard er et sted for de som har noe å gi, man må bare innse at det er ikke et sted som andre steder, man har det bare på lån", som både 'Ingar' og fleire gav uttrykk for, under tida eg var i Longyearbyen.

Det eg har forsøkt å få fram ved hjelp av denne modellen er at ambivalens kan oppstå i eit samspel med stad, og at ambivalens ikkje berre er eit personlig anliggande. Går vi attende til Sack sit dialektiske samspel (jmf. 4.3.2) og samtidig implementerer Soja sin tankegang om eit relasjonelt 'heile' (jmf. kap 5.2) i dette. Så kan vi sjå, at dersom vi godtek som premiss dei tre 'virkelighetene' Sack snakkar om, og måten desse virkar på kvarandre, opnar for at ein kan sjå at ambivalensen også kan oppstå i staden, som eit konstrukt av dei 'strukturelle rammene' (jmf. Holt-Jensen) den er underlagt.

7. Oppsummering.

I dette kapitlet skal eg gi nokre avsluttande kommentarar til det som har kome fram gjennom arbeidet med å belyse korleis ‘senior-ungdommen’ i Longyearbyen reflekterer rundt eit tema som har teke opp tilhørigheit ein har til eigen stad. Innleiingsvis i dette arbeidet vart vi kjent med at ‘senior-ungdommen’ i Longyearbyen skildra staden sin som annleis enn det dei gjerne viste til som referansar. Kjenslene av å ikkje høre til nokon stad, har vore begrunna med oppfatningar av å leve på ein stad, der det ikkje let seg gjere å høre til i den forstand som framstår som ‘normalt’. Under oppholdet mitt i Longyearbyen, fekk eg ei styrka oppfatning av, at ei intervjuform der lange samtalar med moglegheiter for oppfølging innanfor eit forholdsvis kort tidsrom, var ein god måte å hente ut beretningar knytta til korleis ‘senior-ungdommen’ sjølv gave uttrykk for emner som omhandla det å høre til ein stad. Samtalane førte ofte fram til at mange informantar ville kome med nyansar og tilføyelsar.

Eg oppdaga blant anna at tilhørigheita ikkje primært handla om ei usikkerheit knytta til det dei sjølv hadde rundt seg av tilbod, tjenester, eller manglar på materielle ressursar. Longyearbyen står heller ikkje overfor noka form for omfattande omlegging eller omorganisering knytta til arbeids- og næringsliv. Longyearbyen er tvert i mot ein stabil stad i eit slik perspektiv. Det er faste og relativt gode økonomiske forhold i det lokale forvaltningsapparatet, Longyearbyen Lokalstyre. Svalbard er underlagt ei særeiga lovregulering på områder som også innbefattar lokalbefolkinga, men heller ikkje den er av stor betydning isolert sett.

Det som etter kvart kom tydeligare fram, var at ‘senior-ungdommen’ etter kvart skildra ei livsverd som dei hadde vanskelig for å finne referansar til, ved å kunne vise til andre stadar. Forklaringane som dei etterkvart gav, gjekk etterkvart i retning av å vere at kjensla av å leve på ein ‘spesiell’ stad i seg sjølv, var ein kime til å ikkje heilt vite kvar eller korleis ha tilhørigheit. Altså ei kjensle av å vere avsondra frå ei ellers kjent verd, i kraft av å ikkje kunne vise til det samme som dei andre stadane dei ofte tydde til som referansar.
Kva gjer dette tilhørigheit til?

7.1. Tilhørighet til kva?

Eg skal ikkje driste meg til å gi noko entydig svar på spørsmålet eg avslutta med i forrige avsnitt. Dei metodiske og teoretiske perspektiva eg har nytta meg av i arbeidet med denne oppgåva, har heller ikkje hatt som intensjon å finne ei sanning knytta til kva tilhørighet er. Mæhlum har dels konkludert med ein manglande sosial stabilitet (Mæhlum, 1992) som ei av årsakane til at det manglar ei dialekt i Longyearbyen. Ho viser til at ”det kan se ut til at en etablering av slike [språklige] sosiale normer også forutsetter en viss sosial stabilisering” (Ibid, s. 14). Det kan vere at ei slik sosial stabilisering er sentral for utvikling av ei eiga dialekt. Men er ei sosial stabilisering viktig for å ha ei kjensle av tilhørighet? Kva er då i tilfelle sosial stabilitet i eit slikt perspektiv? Er det å kunne vise til at ein er medlem av den samme mengde som alle andre?

Spørsmåla kan kanskje rettast inn mot måtane vi betraktar stad på. Eg har, gjennom å ty til eit teoretisk perspektiv som opnar for ei fortolkning av rom og stad, forsøkt å vise at stad og menneske har eit gjensidig samspel. Det dialektiske forholdet som kjem fram i eit slik samspel, fordrar då at staden også er med på å legge ein premiss for korleis mennesket kan relatere seg til stad. I eit slikt spenningsfelt vil det vere eit mangfoldig sett av premissar som vil virke ‘styrande’, for korleis vi vert sett i stand til å utvikle vår eigen identitet og dermed også få ei kjensle av å ha tilhørighet til ein stad. Staden si betydning vil altså vere sentral. Følgjer vi Giddens sin tankegang (jmf. kap. 6.1.1.) kan ein sitte igjen med ei oppfatning av at vi som enkeltindivid står ‘i verda’ prisgitt kun våre relasjoner til kvarandre. Held ein seg til eit slikt utgangspunkt vil ein kunne slutte at våre fysiske omgivelsar ikkje har ein innverknad på vår eigen identitet. Men ein stadlaus person skal noko til å finne. Som menneske er vi alle tilstades ‘i verda’. Kvar vi enn er og beveger oss vert vi umiddelbart påvirka av rommet som vi omgir oss med. Vår livsverd innbefattar det vi til ei kvar tid omgir oss med av lys, fargar, lukter og lydar (jmf. kap. 2.4.2). Ei ‘avsondring’ frå rom og stad vert derfor ikkje mogleg. Som ”kroppsvesener er vi allerede til stede i verden” (Wiestad, 2002, s. 2). Vi er med andre ord punktfesta til rommet gjennom ein stad. Korleis ein plasserer seg sjølv i rommet vil altså ikkje berre vere avhengig av ei eiga subjektiv kjensle. Tilhørigkeit vert sentralt. For at tilhørigheita skal virke, må forutsetnadane for å skape den, også vere til stades. Ein av dei viktigaste forutsetnadane for tilhørigkeit er at ein får vere med. Om ein vert ståande avsondra frå verda på ein stad med rammebetegnelse som gir eit ukjent referansepunkt for dei som

staden skal synast fram til, er det lett å skjøne at ein kan få eit ambivalent forhold til sine omgivnadar. Tilhørigkeit vert eit mål, som ein ærgjerrig traktar etter for å ha ei kjensle av sin eigen stad.

8. Litteratur

- Alveson M. og Sköldberg K. (1994). *Tolkning och reflektion. Vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod.* Lund. Studentlitteratur ab. Sweden.
- Arlov, T. B. (2003). *Svalbards historie.* Tapir Akademisk Forlag. Trondheim. 2. utgåve.
- Arlov, T. B. og Holm, A. O. red. (2001). *Fra company town til folkestyre. Samfunnsbygging i Longyearbyen på 78° Nord.* Longyearbyen. Svalbard Samfunnsdrift AS.
- Aase, T. H. (1997). Tolkning av kategorier. Observasjon, begrep og kategori. I: *Metodisk Feltarbeid. Produksjon og tolkning av kvalitative data.* Red. Fossåskaret, E., Fuglestad, O. L., og Aase, T. H. Oslo. Universitetsforlaget.
- Aase, T. H. (1994). *Symbolic space: Representations of space in geography and anthropology.* Geografiska Annaler 76 B (1): 51-58. Stockholm.
- Barr, S. (2003). *Norway – A consistent polar nation? Analysis of an image seen through the history of the Norwegian Polar Institute.* Oslo. Kolofon AS.
- Bertaux, D. og Bertaux-Wiame, I. (1981). Life stories in the bakers` trade. I: *Biography and Society. The Life History Approach in the Social Sciences.* Bertaux, D. London SAGE.
- Birkeland, I. J. og Hansen, B. L. red. (2000). *Menneskers rom.* Oslo. Unipub Forlag.
- Bjerck, H. B. og Johannessen, L. J. (1999). *Virgohamna: i lufta mot Nordpolen.* Longyearbyen. Sysselmannen på Svalbard, Miljøvernnavdelingen i samarbeid med Svalbard Reiselivsråd. Norbye & Konsepta as.
- Brekke, D. (2001). Den saktmodige tjeneren. Infrastrukturen i Longyearbyen. I: *Fra company town til folkestyre. Samfunnsbygging i Longyearbyen på 78° Nord.* Red. Arlov, T.B. og Holm, A. O. Longyearbyen. Svalbard Samfunnsdrift AS.
- Cresswell, T. (1996). *In place. Out of place. Geography, Ideology and Transgression.* Minneapolis. University of Minnesota Press.
- Denzin, K. N. og Lincoln, Y. S. ed. (1994). *Handbook of Qualitative Research.* London. Sage Publications Ltd.
- Dinesen, A. M. (1994). *Grundbog i semiotik.* Akademisk Forlags Semiotikserie under redaktion av Anne Marie Dinesen. København. Akademisk Forlag A/S.
- Fosso, E. (1997). *Industristeders arbeidsstilbud og generasjoners forhold til utdanning, arbeid og sted – eksemplet Årdal.* Avhandling for dr. polit.-graden. Institutt for geografi. Norges Handelshøyskole og Universitetet i Bergen.

Fossåskaret, E. (1997). Har kunnskap sin eigen rett? Etiske utfordringar ved å distansere seg frå det nære. I: *Metodisk feltarbeid. Produsjon og tolkning av kvalitative data*. Red. Fossåskaret, E., Fuglestad, O. L., og Aase, T. H.. Oslo. Universitetsforlaget.

Fuglestad, O. L. og Mørkeseth, E. I. (1997). Et semiotisk perspektiv på forskningsprosessen og på forskerens rolle i felten. I: *Metodisk feltarbeid. Produsjon og tolkning av kvalitative data*. Red. Fossåskaret, E., Fuglestad, O. L., og Aase, T. H. Oslo. Universitetsforlaget.

Geertz, C. (1983). *Local knowledge. Further essays in interpretive anthropology*. New York. Basic Books.

Geertz, C. (1973). Thick Description: Toward an Interpretative Theory of Culture. I: *The Interpretation of Cultures. Selected essays*. Geertz, C. New York. Basic Books, Inc., Publishers.

Giddens, A. (1991). *Modernity and Self-Identity. Self and Society in the late modern age*. Cambrigde. Polity Press. Blackwell Publisher.

Goffmann, E. (1992). *Vårt rollespill til daglig. En studie i hverdagslivets dramatikk*. Oslo. Pax Forlag A/S.

Grønmo, S. (1996). Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærmingar i samfunnsforskningen. I: *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Red. Holter, H. og Kalleberg, R. Oslo. Universitetsforlaget. 2. utgave.

Harvey, D. (1989). *The condition of postmodernity; an enquiry into the origins of cultural change*. Oxford. Blackwell.

Heggen, K., Jørgensen, G. og Paulgård, G. (2003). *De Andre. Ungdom, risikosoner og marginalisering*. Bergen. Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.

Hellevik, O. (1999). *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo. Universitetsforlaget AS.

Herradstveit, D. og Bjørgo, T. (1987). *Politisk kommunikasjon. Introduksjon til semiotikk og retorikk*. Oslo. Tano A.S.

Holm, K. (1999). *Longyearbyen – Svalbard. Historisk Veiviser*. Nor-Trykk Narvik AS. 2. utgåve.

Holt-Jensen, A. (1990). *Geografiens Innhold og Metoder*. Oslo. Universitetsforlaget AS.

Holt-Jensen, A. (2001). *Territoriality, place and space*. Fennia 179:1, pp. 1-8. Helsinki. ISSN 0015-0010.

Hylland Eriksen, T. (1993). *Små steder – Store spørsmål*. Oslo. Universitetsforlaget.

- Ingolf, T. (1993). Globes and spheres. The topology of environmentalism. I: *Environmentalism: The view from anthropology*. Milton, K. (ed). ASA Monographs 32. London. Routledge.
- Johansen, B. F. red. (2007). *Isbjørnhamna – Polska Stacja Polarna (77° 00' N 15° 33' Ø)*. <http://cruisehandboka.npolar.no/hornsund/isbjornhamna>. (Besøkt 18.03.2007).
- Karlstad, S. og Nygård, V. (1999). *Samfunn, miljø og marked på Svalbard. Nye forvaltnings- og kunnskapsutfordringer*. NIBR. Prosjektrapport 1999:10. Norsk institutt for by- og regionforskning. Oslo.
- Kleven, Ø. (2001). *Otium og negotium på 78 grader nord*. Samfunnsspeilet nr. 3. 2001.
- Kleven, Ø. (2002). *Levekår i Longyearbyen. En sammenligning mellom Svalbard og fastlandet*. Rapporter 2002/17. Statistisk Sentralbyrå. Oslo
- Kvale, S. (1997). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo. Gyldendal Norsk Forlag AS
- Lackoff , G og Johnson, M. (1999). *Philosophy in the Flesh. The embodied mind and its challenge to western thought*. New York. Basic Books. Perseus Books Group.
- Lovdata. FOR 1995-02-03 nr 96: *Forskrift om bortvisning og utvisning av personer fra Svalbard*. Justis- og Politidepartementet.
- Lovdata. FOR 1966-02-11 nr 3449: *Forskrift for bruk av skytevåpen i Longyearbyen og omegn*. Justis- og Politidepartementet. Polaravdelingen.
- Lovdata. LOV 2001-06-15 nr 79: *Lov om miljøvern på Svalbard (svalbardmiljøloven)*. Miljøverndepartementet.
- Marstrander, L. (2000). “Cultural Heritage Management in Svalbard: Problems and Challenges.” I: *Aspects of Arctic and Sub-Arctic History. Proceedings of the international Congress on the History of the Arctic and Sub-Arctic Region. Reykjavik. 18-21 June 1998*. Sigurðsson, I. and Skaptason, J. (ed.). University of Iceland Press. Reykjavik.
- Massey, D. (1994). *Space, place and gender*. Cambridge. Polity Press.
- Massey, D. (1995). The conceptualization of place. I: *A Place in the World*. Massey, D. og Jess, P. ed. Oxford. The Open University. University Press.
- Mogård, ?. (1999) *Utværingene på Svalbard*. I: Nordlys Morgenutgave 26.4.1999. Avis. Atekst.
- Mæhlum, B. (1992). *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklig strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Tromsø-studier i språkvitenskap 12. Oslo. Novus Forlag.
- Paulgård, G. (1997). Ungdom i et kystsamfunn – endring, men ikke brudd. I: *Livsløp. Oppvekst, generasjon og sosial endring*. Frønes, I., Heggen, K., og Myklebust, J. O. (red). Universitetsforlaget. Oslo.

- Peet, R. (1998). *Modern Geographical Thought*. Oxford. Blackwell Publishers Ltd.
- Relph, E. (1976). *Place and placelessness*. London. Pion Limited.
- Rose, G. (1995). Place and identity - a sense of place. I: *A place in the World*. Massey, D. og Jess, P. (red.). Oxford. The Open University.
- Sack, R. D. (1997). *Homo Geographicus*. The Johns Hopkins University Press. Baltimore and London.
- Sjøa, E. W. (1996). Reassertions: Towards a spatialized ontology. I: *Human Geography. An essential anthology*. Agnew, J., Livingstone, D. N. og Rogers, A. ed. Oxford. Blackwell Publishers.
- Smith, D. W. (2003). *Phenomenology*. [Http://plato.stanford.edu/entries/phenomenology](http://plato.stanford.edu/entries/phenomenology). (Besøkt 20.12.2006)
- Statistisk sentralbyrå. (2001) *Svalbardstatistikk 2001*. Oslo. Statistisk sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå. (2007) *Svalbardstatistikk 2007*. Oslo. Statistisk sentralbyrå
- Statistisk sentralbyrå.(1990) *Statistisk Årbok*. Oslo. Statistisk sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå.(1991) *Statistisk Årbok*. Oslo. Statistisk sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå.(1994) *Statistisk Årbok*. Oslo. Statistisk sentralbyrå.
- Statistisk sentralbyrå.(2000) *Statistisk Årbok*. Oslo. Statistisk sentralbyrå.
- St. meld. Nr. 9 (1999-2000) Svalbard.
- Thuen, T. red. (2003). *Sted og tilhørighet*. Kulturstudier nr 27. Program for kulturstudier. Norges Forskningsråd. Kristiansand. Høyskoleforlaget AS – Norwegian Academic Press.
- Ulfstein, G. (1995). *The Svalbard Treaty. From Terra Nullius to Norwegian Sovereignty*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Wadel, C. (1990). *Feltarbeid i egen kultur – en innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning*. Flekkefjord. Seek AS.
- Wiestad, E. (2002). *Stedets betydning*. Norsk Filosofisk Tidsskrift. Oslo. Universitetsforlaget.
- Willumsen, B. E. (2000). *Lokaldemokrati på 78 grader nord: en studie av debatten om innføring av lokalt folkestyre i Longyearbyen*. Hovedoppgave. Institutt for Statsvitenskap. Universitetet i Tromsø.

Rapportar og andre kjelder:

Longyearbyen Lokalstyre Årsrapport 2004

Sysselmannen på Svalbard Årsberetning 2002

Sysselmannen på Svalbard Årsberetning 2004

Sysselmannen på Svalbard Årsberetning 2006

Svalbard Samfunnsdrift. SSD. Årsrapport 2002.

Svalbardposten nr 23. 2003 (foto).

Nasa. Visible Earth. (foto). www.visibleearth.nasa.gov/ (Besøkt 10.08.2003)

9. Vedlegg

Spørreguide: Informantar (personlige intervju)

Introduksjon

Generell opplysning om studiet. Vise til eventuell kontaktskapar som har oppgitt personen sitt namn. Anonymitet.

Del 1: Personalia

1. Alder
2. Bakgrunn, foreldre, søskjen, slekt.
3. Buform
4. Sivilstand
5. Yrke/utdanning

Del 2: Om å bu på Svalbard

1. Kor lenge har du budd på Svalbard?
2. Reknar du deg som fastbuande på Svalbard/Longyearbyen?
3. Har dette vore samanhengande perioder eller avbrutt av opphold andre stadar?
4. Dersom andre stadar – kva stadar har dette vore?
5. Kva tankar har du om Svalbard?
Eventuelt kva tankar hadde du om Svalbard før du kom hit?
Kvar hadde du desse førestillingane i frå?
Var dette frå kjente, eigne erfaringar, tidlegare besøk, slekt, arbeid eller andre kilder.
6. Kan du ramse opp nokre forhold du meiner er kjenneteiknande for Svalbard/Longyearbyen?
Korleis vil du skildre Svalbard/Longyearbyen for folk som ikkje kjenner staden?
Kva er det som er typisk for Svalbard/Longyearbyen?
7. Korleis trur du folk som ikkje kjenner Svalbard, ser på Svalbard?
Trur du det er spesielle ting folk forbinder med Svalbard?
Naturen, turisme, isbjørn, beliggenheita.
8. Kan du nemne positive/negative sider ved å bu på Svalbard?
Her må ein være merksam på at dette truleg utløyser ei mengde av ulike meininger – desse må følgast opp!

9. Trur du at du ville ha trivdest andre stadar enn på Svalbard/Longyearbyen?
Kvifor/kvifor ikkje?
10. Ser du deg sjølv som bunden til ein viss stad. Eller er det ein annan stad som er viktig for deg?
Korleis er det å være forankra til den aktuelle staden?
Kvifor er du forankra akkurat der? (stadbunden).
Kjem dette i konflikt med staden du oppheld deg på no (dersom det er ein annan stad enn Longyearbyen)?
Kva består eventuelt desse konfliktene i?
11. Kva er det som er viktig i omgivelsane for at du skal trivst?
12. Er det noko som manglar for at du skal trivest?
Her bør svaret kanskje rettast inn mot reelle moglegheiter.– også viktig å få ut reelle alternativ.
13. Er det spesielle problem eller konflikter i omgivelsane dine?
Kva er årsakane til desse problema og korleis trur du dei eventuelt kan løysast?
14. Har det skjedd nokre endringar på Svalbard dei siste åra?
Kva endringar er det snakk om, og korleis har desse virka inn på synet ditt av Svalbard?
Kven er det som er ansvarlig for desse endringane?
15. Er det forhold på Svalbard som får deg til å føle deg utilpass/utrygg? Kvifor/kvifor ikkje?

Del 3: Kvardagsliv

1. Korleis vurderer du ulike tilbod/tjenester i Longyearbyen (fritidstilbod, skule, butikkar, omgivelsar)?
2. Er du aktiv i frivillige lag og organisasjonar?
3. Har du vene i Longyearbyen?
4. Vennegjengen din; kven består desse av – har de samanfallande interesser?
Kva er felles og kva er eventuelt vanskeligare å dele med dei?
Kvifor er du sosial med nettopp desse menneska?
Kva er det som eventuelt skiljer dykk frå kvarandre?
Vert du/dåkke tekne alvorlig i lokalmiljøet?
Korleis oppfattar du lokalstyret sitt engasjement retta mot dei unge?
5. Kva er det eventuelt som hindrar dykk frå å verte tekne alvorlig?
6. Korleis meiner du eventuelt ein kunne ha styrka forholda/tilboda til ungdomen?

Del 4. Avslutningsvis

1. Kvar ser du for deg at du vil bu i framtida? Kvifor?
2. Korleis trur du Svalbard vil utvikle seg framover?
3. Er det spesielle forhold Svalbard står overfor trur du ?